



Etnisitet som kyrkjeleg utfordring i ICEL.

MGD 300, Masteroppgåve
30 studiepoeng

Hausten 2009

Mastergrad i diakoni

Kandidat: Emil Knardal
Vegleiar: Hans Morten Haugen

DIAKONHJEMMET HØGSKOLE

II

Forord

Det er ein lang prosess som ligg bak resultatet av denne oppgåva. Eg starta som deltidstudent ved Diakonhjemmets høgskule hausten 2006. Det har vore slitsamt. Likevel er eg glad for at eg gjekk i gang med studiet. Ikkje minst har det vore spennande å arbeide med denne oppgåva. Gjennom store delar av studiet har det vore klart for meg at eg måtte velje eit tema for oppgåva mi som var knyta til erfaringsbakgrunnen min og som eg vidare kunne dra nytte av inn i eigen arbeidssituasjon. Temaet eg tek opp har engasjert meg i heile mitt yrkesaktive liv, som misjonær, som lærar og som diakon.

Det var utvilsamt eit høgdepunkt å få kome tilbake til Bolivia – denne gongen som student med ei konkret oppgåve. Opphaldet vart likevel ei stadfesting at eg har fått vore med på noko viktig som misjonær i Bolivia. Det vart ei fornya stadfesting av at misjonsarbeid er viktig, og at den lutherske kyrkja som eg vitja er levedyktig. Samtidig kjempar kyrkja med mange og krevjande utfordringar.

Eg vil i særleg grad takke Hans Morten Haugen som har vore hovudvegleiar for denne oppgåva. Det har vore ei god erfaring for meg. Eg vil også takke Møre Bispedømmeråd som ga meg reisestøtte til å gjennomføre nødvendig intervju i Bolivia. Takk også til Ålesund fellelsråd som har gitt meg høve til å setje av tid til å arbeide med denne oppgåva utan å trekke meg i løn. Utan denne hjelpa hadde eg nok vegra meg for i det heile å ta fatt på studiet. Eit spesielt takk også til Javier Villarroel som la til rette på ein fin måte samtale og fekk gjennomføre i Bolivia. Så til sist ein takk også til kona mi som har vore ei god støtte i dei ulike prosessane med oppgåva.

Det har vore ei målsetjing med oppgåva at den skal bidra til noko positivt for meg sjølv i mitt vidare arbeid som diakon der den fleirkulturelle utfordringa er synleg og nærverande på mange måtar. Det er også eit ønske at denne oppgåva kan bety noko for andre. Sjølv om det på ingen måte er eit bestilt arbeid ønskjer eg at NLM får kjennskap til innhaldet i oppgåva i og med at det i så sterk grad er knyta til organisasjonen sitt arbeid. Kanskje kan oppgåva mi også vere eit lite bidrag som påverkar til ein konstruktiv samtale innanfor den lutherske kyrkja i Bolivia.

Innhald

1 Innleiing	1
1.1 Tema og problemstilling	2
1.2 Avgrensingar	4
1.3 Oppbygging av oppgåva	5
1.4 Avklaringar	5
2 Metode	6
2.1 Kvalitativ metode	7
2.2 Kvalitative intervju	8
2.3 Intervjuguiden	9
3 Teori	10
3.1 Sentrale omgrep	10
3.1.1 Etnisitet	10
3.1.2 Etnisk diskriminering	12
3.1.3 Inkludering	13
3.1.4 Konfliktstyrke og kommunikasjon	14
3.2 Kvalitetar ved det kristne fellesskapet – ei ekklesiologisk tilnærming	15
3.3 Oppsummering	20
4 Kort historisk perspektiv	21
4.1 Frå forsøk på homogenisering til etnisk bevisstgjeri i Bolivia	22
4.2 Dei etniske utfordringane i ICEL	24
4.2.1 Historisk bakteppe	24
4.2.2 Strategi	25
4.2.3 Inkludering som målsetjing fram mot konstituering av ICEL	27
4.2.4 Diakonale institusjonar	27
4.2.5 Etniske utfordringar ved Centro Luterano de Educación Teológica (CLET)	29
4.2.6 Generalforsamlingar, distriktssamlingar etc.	30
4.2.7 Etnisitet og posisjonar i ICEL	30
4.2.8 Medlemsoversikt	31
4.3 Oppsummering	32

5 Tematisert presentasjon av samtalane	33
5.1 Kort presentasjon av informantane	34
5.2 Kva lærer ICEL om respekt for ulikskap?	34
5.3 Ulikskap og konflikt	36
5.3.1 Eit forsamlingslokale vert stengd	36
5.3.2 Mangel på inkludering ved CLET	36
5.3.3 Maktasymmetrien i ICEL	38
5.3.4 Medlemar blir borte frå ICEL	39
5.3.5 Diakonale institusjonar i ICEL	40
5.3.6 Oppsummering	41
5.4 ICEL sine tiltak for inkludering og nedkjemping av etnisk diskriminering.	42
5.4.1 Tiltak mot ekskludering	42
5.4.2 Bevisstheit om etnisk diskriminering	43
5.4.5 Beredskap for å motverke etnisk diskriminering	44
6 Tolking i lys av teori	46
6.1 Eit kort tilbakeblikk på teori.	46
6.2 Kva lærer ICEL om respekt for ulikskap?	47
6.3 Ulikskap og konflikt	48
6.3.1 Ulikskap og kommunikasjon	49
6.3.2 Mangel på inkludering ved CLET	51
6.3.3 Maktfordeling og konflikhtar	52
6.3.4 Diakonale institusjonar i ICEL	55
6.4 ICEL sine tiltak for inkludering og nedkjemping av etnisk diskriminering.	56
6.4.1 Tiltak mot ekskludering	57
6.4.2 Bevisstheit i forhold til etnisk diskriminering	58
6.4.3 Beredskap i forhold til etnisk diskriminering	59
6.5 Oppsummering	61
7 Konklusjon	63
Litteraturliste	67
Appendiks 1	71
Appendiks 2	72
Appendiks 3	75
Appendiks 4	76

1 Innleiing

Det kan ofte vere stor avstand mellom ideelle mål og erfart røyndom. I alle relasjonar mellom menneske ligg der innebygd ein risiko for spenning, usemje og konflikt. Vi elsker ikkje nesten vår som oss sjølv. I staden sårar vi og skadar nesten vår både i familie, i det kristne fellesskapet, på jobben og i andre samanhengar. Og vi vert sjølv såra og skada av andre menneske.¹

Aristoteles påstod at like barn leikar best. Dess mindre skilnad det er på folk, dess enklare måtte det vere å leve saman. Vi har ein tendens til å tolke ulikskap som fiendskap. Denne tendensen viser at vi treng eit korrektiv. Gud skapte oss ikkje som originalar for at vi skulle dø som kopiar! Gud skapte ikkje monotonien som verda si grunnstemning, men symfonien. Gud elsker mangfald. Gud ser ikkje på ulikskap som fiendskap, men som nødvendig og kompletterande mangfald.² Likevel er eg overtydd om at dess større ulikskapen er dess større er krava til tydeleg og god kommunikasjon. Mange øydeleggande konfliktrar har nettopp sin grunn i mangel på kommunikasjon og felles forståing. Å inkludere menneske dreiar seg i stor grad om korleis vi kommuniserer med kvarandre, så vel verbalt som nonverbalt. Og graden av vilje til kommunikasjon fortel noko om verdisyn og tradisjon. I eit kyrkjeleg fellesskap er dette like viktig som elles i samfunnet. Det er ikkje slik at evangeliet set ein strek over alt som er komplisert som om det ikkje lenger eksisterer. Heller er det slik at evangeliet gir retning om korleis vi som menneske kan lære å omgås kvarandre og tole kvarandre med alle våre ulikskapar.

Å vere ei inkluderande kyrkje der alle medlemene blir sett og høyrte på tross av etniske ulikskapar er ikkje lett. Det gir seg ikkje sjølv å få til den gode kommunikasjonen og viljen til å ta vare på det multietniske fellesskapet. Asymmetri av makt på grunn av etniske forhold kan verte ei hindring for ei sunn og god utvikling i eit slikt kyrkjeleg fellesskap. Eit av resultatane er mangel på tillit og gjensidig respekt. Eg trur at det er svært viktig at slike kyrkjelege fellesskap har stor grad av medvit og beredskap for å møte etnisk diskriminering.

I 1985 hadde Bolivia besøk av Lynor. Det skulle lagast ein misjonsfilm. Ei familie frå provinsen Bilbao i Potosi fylke hadde fått hjelp frå NLM sin klinikk *El buen samaritano* i Acacio, som det skulle lagast ei filmatisering av. Sju svangerskap hadde mislukkast. Borna hadde levd berre nokre få dagar. Lungene var ikkje skikkeleg utvikla. Ein spesiell type streptokokkar i blodet var årsaka. Men no hadde dei fått eit velskapt barn takka vere

¹ Elstad 1990:11.

² Dahl 2008:87.

fagkyndig hjelp. Ei av scenene skulle lagast utanfor sentralkyrkja i byen Cochabamba. Faren til barnet skulle etter ein kort avskjed forlate kyrkja, klatre opp i ein lastebil full av folk, og å reise attende til landsbyen sin. Til denne scena måtte vi ha mange statistar. Eg hadde gjort rekning med å få nokre av medlemmane i sentralkyrkja til å stille opp. Men ingen kunne tenkje seg å vere med på noko slikt. Dei var byfolk. Resultatet vart at vi måtte ned på ein av marknadsplassane for å leige arbeidarar som kom frå landsbygda. Dette var med på å opne augo mine for dei utfordringane vi hadde og ville måtte leve med i ei framtidig nasjonal kyrkje. Denne erfaringa, som etter kvart vart utvida med stadig nye erfaringar gjennom åra eg budde i Bolivia dannar eit bakteppe for meg i arbeidet med denne oppgåva.

1.1 Tema og problemstilling

Iglesia Cristiana Evangélica Luterana (ICEL) er ei ung kyrkje i Bolivia som vart konstituert i mars 1997. Denne kyrkja er eit resultat av *Norsk Luthersk Misjonssamband* (NLM) sitt arbeid i landet. Då NLM starta misjonsarbeid i Bolivia i 1977 var det quechuafolket som vart peika ut som primærmålgruppe.³ Det viste seg likevel tidleg at arbeidet etter kvart også vart retta mot mestisane i nokre av byane i landet. Seinare vart det i tillegg starta eit arbeid mellom aymarafolket. At dette ville by på store utfordringar med tanke på danning av ei felles nasjonal kyrkje var leiinga av NLM og vi som misjonærar klar over. Andre hadde freista tidlegare utan å lukkast. Dette var for eksempel tilfelle med misjonsorganisasjonane *World Mission Prayer League* i La Paz fylke, Bolivia og *Normisjon* sitt arbeid i Ecuador.

Eit tolvårs perspektiv i kyrkjehistorisk samanheng er kort tid. Likevel ønskjer eg i denne oppgåva å setje søkelyset på korleis ICEL har takla dei fleirkulturelle utfordringane som kyrkja overtok under konstitueringa. Interesse eg har for utviklinga i denne kyrkja har sin grunn i at det var arbeidsplassen min i perioden 1983-1996. Altså i tida før kyrkja vart konstituert. Eg har med andre ord lagt ned mykje av meg sjølv, arbeidskreftene mine og tida mi i og for denne kyrkja. I den grad eg har makta det har eg vore oppteken av kyrkja si utvikling i åra som har gått sidan vi kom attende til Noreg.

Erfaringane eg etter kvart fekk dei åra eg budde i Bolivia saman med inntrykka eg har fått av ICEL frå konstitueringa og fram til i dag, dannar bakgrunn for følgjande hypotesar i oppgåva mi:

³ Hånes 1988:103.

1. ICEL speglar det bolivianske samfunnet, og har vanskar med å inkludere quechua og aymarafolket på ein likeverdig måte.
2. ICEL er seg medvite at faren er stor for at etnisk diskriminering førekjem, men har ein uklar beredskap for å møte den.

På bakgrunn av denne hypotesen har eg formulert følgjande tema og problemstilling for oppgåva:

Etnisitet som kyrkjeleg utfordring i ICEL.

1. *Kva erfaringar har ICEL med å inkludere quechua – og aymarafolket?*
2. *Kva bevisstheit og beredskap har ICEL i forhold til etnisk diskriminering?*

Tyngdepunktet i denne oppgåva er eit empirisk casestudie knyta til eit avgrensa utval medlemmar innanfor kyrkja ICEL. Studiet er basert på bruk av kvalitativ metode og djupneintervju retta mot representantar frå leiarskapet i ICEL og kyrkjelydsmedlemar frå både mestis-, quechua- og aymarakulturen. Eg har dessutan søkt å få tilnærma lik representasjon mellom begge kjønn. Dersom eg finn at noko av det empiriske materialet i denne oppgåva har overføringsverdi til kristne forsamlingar i Norge, så vil eg ta fram dette i avslutninga av oppgåva mi.

I Plan for diakoni for Den norske kyrkja som vart vedteken på Kyrkjemøtet i 2007 vert m.o.a. følgjande spørsmål stilt: - *Kven manglar fellesskap, kven fell utanfor i lokalmiljøet vårt? Er dei eksisterande fellesskapa opne og inkluderande?(...) Skaper etnisk bakgrunn,(...) avstand?*⁴ Det etniske mangfaldet i samfunnet vert vidare omtala på denne måten:

*”Majoritetsbefolkninga og menneske med ikkje-vestleg bakgrunn har ofte lite kontakt med kvarandre. I tillegg har Noreg ein lengre historie med fleire folk og kulturar i landet. Dette er ein røyndom som i lange periodar ikkje har vore anerkjent. Alle må kunne ha sin plass i fellesskapet utan å misse sin etniske eller kulturelle identitet”.*⁵

Ønsket mitt er at oppgåva kan vere eit bidrag som er med på å løfte fram viktige aspekt og utfordringar retta mot arbeid for å inkludere og gi verd til menneske uavhengig av etnisk bakgrunn. Forsamlingsarbeid er som sagt ei utfordring uavhengig av etniske spørsmål. Der menneske kjem saman over tid vil ulikskapar kome til syne. Små bagatellar kan av og til få store konsekvensar. Eg minnest ein mann som ei tid heldt seg i borte frå sentrumsforsamlinga

⁴ Den norske kyrkja 2008:19.

⁵ ibid: 20.

i Cochabamba. Då han dukka opp att fortalde han at grunnen til handlinga hans var enkelt og greitt at ei litt dominerande kvinne i forsamlinga hadde sett på han – ”*me miró*” (ho såg på meg). Eg kunne vel ane at det må ha vore eit blikk som ikkje hadde vore godt å møte. Og slik er det nok diverre ofte i altfor mange samanhengar – at orda og blikka kan skape avstand. Det er allment. Når eit fellesskap av fleire forsamlingar i tillegg består av menneske med ulik kulturell bakgrunn vert likevel utfordringane særleg store. Det er desse utfordringane som er bakgrunnen for problemstillingane eg har valt.

Utifrå det kjennskap eg har til ICEL veit eg at kyrkja har gjennomlevd spenningsfylte og utfordrande år etter konstitueringa. Mange kyrkjemedlamar har trekt seg unna. Konflikatar er normalt i alle relasjonar mellom menneske. Dersom det er slik at maktfaktorar med undertonar av etnisk diskriminering er medverkande årsak til nokre av konfliktane er dette til skade for kyrkja. Eg har ikkje tankar om at arbeidet med denne oppgåva i seg sjølv vil skape endringar, men kanskje kan det å stille utfordrande spørsmål både overfor representantar for leiinga i ICEL og nokre få av medlemmane i seg sjølv bidra til at endringsprosessar kan kome i gang dersom det er naudsynt.

1.2 Avgrensingar

I denne oppgåva har eg valt å ikkje belyse aymara- og quechuafolket sitt opphav. Teoriane er mange og sprikande.⁶ Det som er klart er at begge gruppene vert definerte som urfolk, med sitt eige språk intakt. Eg tek heller ikkje med nokon omtale av mestiskulturen. Oppgåva mi femnar vidt. Eg har derfor valt ut tre sektorar innanfor ICEL sitt arbeid som hovudfokus i forhold til problemstillingane mine. Desse tre er: Diakonale prioriteringar i ICEL, arbeidet ved bibelskulen *Centro Luterano de Educación Teológica* (CLET) i Sucre, og større fellessamlingar som generalforsamlingar, distriktssamlingar etc.

Det teologiske seminaret *Seminario Teológico Luterano Andino* (SETELA), som dei siste åra har nytta bibelskulen sine lokalitetar i Sucre, er ein institusjonen som framleis er underlagt NLM. Frå nyttår 2010 vert institusjonen flytta til Arequipa i Peru. SETELA har hatt stor innflytelse på ICEL ved å gi utdanning til pastorane som er tilsette i fleire av forsamlingane. Av omsyn til eigarskap og behov for avgrensing vert denne institusjonen halden utanfor i oppgåva mi.

⁶ Ohma 2008: 12-13.

ICEL gjennomlevde i gjennom nokre år ei stor konflikt med ei mestisforsamling i byen Sucre. På ICEL si generalforsamling i 2007 valde denne forsamlinga å trekkje seg ut og danne si eige, sjølvstendige kyrkje. På grunn av kompleksiteten og omfanget i denne konflikten vel eg å halde den utanfor.

1.3 Oppbygging av oppgåva

Kapittel 2 omtalar dei metodiske vala eg har gjort i forhold til arbeidet med denne oppgåva. Eg gir også ein kort presentasjon av dei førebuande prosessane før eg reiste til Bolivia sommaren 2009. Og eg presenterer intervjuguiden som dannar grunnlaget for intervjuet eg har gjennomført.

Kapittel 3 presenterer det teoretiske grunnlaget for oppgåva mi. For det første søkjer eg her å klargjere viktige omgrep som er nytta i tema og problemstillingane og korleis eg vel å bruke dei. For det andre presenterer eg kvalitetar ved det kristne fellesskapet i eit ekklesiologisk perspektiv. Dette dannar eit viktig fundament for oppgåva mi.

Kapittel 4 set casestudiet inn i ei historisk ramme. Denne framstillinga er ikkje meint å vere fullstendig. Hensikta er meir å få fram dei etniske utfordringane som samfunnet generelt har. Når det gjeld ICEL grunngir eg kvifor kyrkja fekk den samansetjing som den har fått. I tillegg til dette gir eg her ein kortfatta presentasjon av ICEL sine prioriteringar med særleg vekt på dei tre områda som eg vil fokusere problemstillingane mot.

Kapittel 5 er ein presentasjon av informantane og ein tematiske presentasjon av samtalane eg hadde med desse.

I kapittel 6 drøftar eg funna i samtalane i lys av teoriar som eg har trekt inn i oppgåva mi. Kapitlet inneheld til sist ei prøving av hypotesen for oppgåva mi – om der er grunnlag for å verifisere den, eller om der er moment som gjer at eg må moderere eller bekrefte/avkrefte den.

1.4 Avklaringar

I Bibelen dekkjer ordet kyrkje (gresk: *ekklæsia*) to tydingar: For det første gjeld det alle dei sanne kristne i alle kyrkjelydar frå alle kyrkjesamfunn i heile verda. Denne bruken kjem for eksempel til uttrykk i Den apostoliske truvedkjenninga. Omgrepet kyrkje vert også nytta om ei lokal kristen forsamling. I Det norske bibelselskapet sin bibel vert ordet *kyrkje* nytta når det

gjeld Guds folk i heile verda, og *forsamling* (utgåva på nynorsk) om den lokale forsamlinga. Kyrkjeorganisasjonar i tydinga nettverk eller samanslutningar av mange forsamlingar er ukjende både i Bibelen og vedkjenningskriftene.⁷ I denne oppgåva vil eg nytte ordet forsamling om den lokale kyrkja. Ordet kyrkje vert i oppgåva nytta både for å omtale kristne i heile verda, men også når det er tale om ei samanslutning av forsamlingar slik tilfellet er for ICEL.

Mestisane er ikkje nemnde i sjølve problemstillinga. Med tanke på medlemskap i ICEL utgjer dei mindretalet. Likevel er det slik at det er denne medlemsgruppa innanfor ICEL som har rekruttert til dei viktigaste posisjonane i ICEL og som dermed i sterkast grad formar retninga for denne kyrkja. I leiarsjiktet utgjer dei altså majoriteten og har, slik eg ser det, eit viktig ansvar for at aymara- og quechuafolket vert inkludert på ein god måte i ICEL, og at etnisk diskriminering ikkje får fritt spelerom.

2 Metode

Problemstillinga som eg har valt i oppgåva mi vel eg å knyte til fagfeltet missiologi, det vil seie til læra om kyrkja sin misjon.⁸ Missiologien er tverrfagleg ved at den i tillegg til ulike teologiske fag, også reflekterer over misjonsarbeidet i lys av for eksempel antropologi, historie, kommunikasjonsvitenskap og mellomkyrkjelege relasjonar. Det er med andre ord ein teologisk disiplin som har sin styrke i at den opnar for eit samspel mellom fleire fagområde. Missiologien har altså ein avgjort teologisk ståstad, men hentar materiale og perspektiv til arbeidet sitt også frå andre fagområde.⁹

Grunnen til at eg gjennomfører dette arbeidet dreiar seg ikkje berre om interessa eg har for ICEL. Det handlar også om at eg er oppteken av den kristne bodskapen om likeverd, og at dette er ein viktig del av kyrkja sitt fundament og veremåte. Dette vil eg belyse i teoridelen, og eg vil i særleg grad ha eit fokus retta mot den delen av ekklesiologien som omtalar det kristne fellesskapet (*koinônia*). Dette dannar eit viktig fundament for oppgåva.

Eg har sagt at tyngdepunktet i oppgåva mi er eit casestudie. For at dette studiet ikkje skal opplevast lausrive frå ein samanheng vil eg i oppgåva presentere bakgrunnsstoff som er

⁷ Redse 2009: 20-21. Artikkel i tidsskriftet *Innsyn* 2009/01

⁸ Berntsen, Engelsviken og Jørgensen 2004: 16.

⁹ *ibid*:17.

relevant i forhold til problemstillingane.¹⁰ Her nyttar både førstehands og andrehands kjelder.¹¹ For det første ønskjer eg å kunne seie noko om den etniske utfordringa i det bolivianske samfunnet generelt. Her tek eg i bruk sosialantropologisk litteratur.

Litteraturtilfanget er stort og omfattande. Eg har gjort eit avgrensa utval, og etter beste evne søkt å finne litteratur som er truverdig. Her ønskjer eg å få fram korleis aymara – og quechuafolket har hatt det i perioden frå republikken vart danna og fram til i dag.

Deretter ønskjer eg å seie noko om dei etniske utfordringane i ICEL utifrå eiga historie. Her nyttar eg tilgjengeleg historisk dokumentasjon. Tilfanget her er naturleg nok langt meir avgrensa. I og med at eg sjølv eig del i delar av denne historia vil eg her trekkje inn ein del eigne refleksjonar. Eg vil her også trekke inn eit tidlegare forskingsarbeid som er retta mot ICEL.

2.1 Kvalitativ metode

Problemstillingane i oppgåva mi er av deskriptiv karakter. Pål Repstad seier at dersom du skal få innsikt i grunntrekk og særpreg i eit bestemt miljø, og ikkje minst utviklingshistorie over tid – utan å vere oppteken av kor hyppig noko førekjem eller kor vanleg noko er – så bør ein nytte observasjon og kvalitative intervju. Ein kvalitativ tilnæringsmåte omtalar nyansert det som fins og er mindre oppteken av kor ofte det fins.¹² Den kvalitativ metode handlar altså om å karakterisere og å fange opp levande menneske sine nyanserte erfaringar i ei autentisk kontekst.

Forskaren Harald Hegstad seier om den kvalitative metoden at ein søker å utforske den indre samanheng og logikk mellom fenomena.¹³ Den kvalitative metode vil kunne gi eit empirisk resultat. Men det er eit vilkår at den som forskar er seg medvite si eiga rolle. Det kan lett skje at ein påverkar informantane. Frå denne synsvinkel har det vore sterke innvendingar mot denne metoden. Resultata kan mangle objektivitet og vere vanskelege å etterprøve, slik ein lettare kan med ei kvantitativ undersøking. Hegstad seier at dette er ei utfordring i all forskning ved at alle funn i noko grad vert tolka. Han seier at det er ein styrke ved den kvalitative metode at denne tolkinga er gjort samvitsfullt og medvite.¹⁴

¹⁰ Repstad 2004:103

¹¹ ibid:106

¹² ibid:23.

¹³ Hegstad 1997: 78.

¹⁴ ibid:79-80.

I prosessen som er gjennomført i forhold til det empiriske materialet i oppgåva har eg søkt å etterleve dette. Arbeidet frå opptak på lydband, via omsetjing til norsk, for deretter å velje ut det eg meinte var mest relevant informasjon i forhold til problemstillingane var ein krevjande prosess. Tolking og utveljing skjer, og alt vert ikkje skrive. Noko vart omsett ord for ord, andre ting fekk ei meir idiomatisk omsetjing. Undervegs i intervjuet stilte eg ofte kontrollspørsmål for å sikre meg at eg hadde forstått det som var sagt på rette måten.

Det er ikkje respondentane, men svara eg mottok som har fokus i denne oppgåva. Derfor har eg valt ei temabasert analyse. Det gjer det også lettare for meg å halde anonymitetsløftet som eg ga til respondentane.¹⁵ I presentasjonen av samtalan med informantane var det også eit prinsipp for meg å unngå påstandar eller omtale av enkeltmenneske. Det var elles ei god hjelp å lage til matriser som samla svara på dei ulike spørsmåla i kolonnar. Dette gjorde det lettare å få oversikt og trekke ut det eg ville ha med.

2.2 Kvalitative intervju

Kvalitative intervju har vore kritisert for å verte for lausriven frå konteksten.¹⁶ Ei av svakheitene med eit intervju er at intervjuobjekta ofte er redde for å seie ting i fare for å støyte nokon. Ei anna utfordring er at ein ofte får det svaret ein spør om.¹⁷ Samtalan vil altså ikkje kunne gi grunnlag for ei generalisering om korleis situasjonen er i ICEL, men vil kunne seie noko om kva utfordringar og tankar som fins. Det hadde sjølvsagt vore enklare for meg å gjennomføre dette casestudiet pr. mail eller brev. Eg ville truleg kunne få kontakt med nødvendige respondentar både frå mestis-, aymara- og quechuakulturen. Likevel er eg overtydd om at verdifull informasjon ville bli borte. Den nonverbale dimensjonen, og høve til utfyllande spørsmål for å få vite kva informanten eigentleg sa, er lettare ansikt til ansikt.

I januar 2009 tok eg kontakt med Javier Villarroel som er generalsekretær i ICEL. Eg orienterte han om planane mine, og vart ønska hjerteleg velkomen attende til Bolivia for å gjennomføre planlagt arbeid. Før eg reiste til Bolivia hadde eg valt ut dei personane eg hadde ønskje om å samtale med. Javier Villarroel tok personleg kontakt med dei slik at eg ved avreise til Bolivia hadde delvis fastlagte avtalar.

¹⁵ Repstad 2004: 13

¹⁶ ibid: 77

¹⁷ Sander 2009: 25.03.09 in

Av praktiske grunnar valde eg Cochabamba by som utgangspunkt for samtalan. Dei fleste samtalan vart gjennomført ved ICEL sitt kontor i byen, to av samtalan ved skulen Jesus Maestro, og to samtalar der vi budde. Med eitt unntak var alle respondentane personar som hadde eit tillitsforhold til meg, og omvendt. Dette var eit bevisst val, fordi eg trur at det ga større grad av tryggleik i samtalen enn om eg hadde valt heilt ukjende menneske.¹⁸ Ein av respondentane eg hadde ønske om å intervjuje kunne ikkje stille på grunn av reise. Han vart erstatta av ein frå aymarakulturen som eg på førehand ikkje kjende. I etterkant tenkjer eg at eg også burde hatt med ein informant som representerte Tinguipaya distrikt. Geografisk avstand påverka dette valet. Eg gjennomførte intervju med til saman tolv personar. I og med at eg ikkje kan verken quechua eller aymara var eg sjølvstøtt avhengig av å velje representantar frå dei ulike etniske gruppene som beherska spansk rimeleg godt.

NLM sitt misjonsarbeid var altså arbeidsplassen min i perioden 1983-1996. Erfaringane og observasjonane gjennom desse åra tek eg med meg inn i dette casestudiet. Det same gjeld observasjonar frå ein tur tilbake til Bolivia i desember 2006 og frå opphaldet i Bolivia i perioden 27.juni – 20.juli 2009. Saman dannar dei ei plattform for casestudiet og medverkar til å kunne foreta ei skjønsmessig vurdering av kor representative funna er.¹⁹

2.3 Intervjuguiden²⁰

Repstad seier at eit av karaktertrekka ved bruk av kvalitativ metode er fleksibilitet, og ein fleksibel intervjuguide motverkar passivitet og gjer samtalen meir naturleg. Tanken med ein slik guide er at den skal vere ei rettesnor for å sikre seg at dei nødvendige spørsmåla vert stilt –altså som ei huskeliste.²¹ Spørsmåla eg tek med som underspørsmål til problemstillingane er derfor ikkje meint å vere plassert i båsar i den forstand at det er svara på dei, og berre dei, som omtalar kvar enkelt problemstilling. I og med at eg vel ei tematisk analyse har eg leita mellom alle svara for å finne det som best belyser problemstillingane.

¹⁸ Repstad,2004:82.

¹⁹ ibid:2004:25.

²⁰ Intervjuguide: Appendiks 1

²¹ Repstad 2004: 78-80.

3 Teori

I dette kapitlet vil eg først definere sentrale omgrep i temaet og i problemstillingane i oppgåva mi. Dei sentrale omgrepa er orda *etnisitet*, *etnisk diskriminering* og *ordet inkludering*. I tillegg vil eg ta med to omgrep som ikkje direkte er nemnde i problemstillinga, men som eg gjer meg nytta av i analysen og tolkinga av intervjua med respondentane. Det gjeld omgrepa *konflikt* og *kommunikasjon*. Desse to omgrepa tek eg derfor med i eit eige punkt.

Ei viktig sak i denne oppgåva er å setje tema og problemstillingane inn i ei teologisk kontekst. Dette vil eg gjere ved å nytte ei ekklesiologisk tilnærming til Bibelen sin tale om det kristne fellesskapet, og gjennom dette vise at relasjonane i dette fellesskapet har likeverd og inkludering som målsetjing. Eg vil vise at det kristne fellesskapet sin diakoni bekreftar det kristne menneskesynet og at misjonsarbeidet som dette fellesskapet driv ber i seg ein tverrkulturell identitet. Dette er viktig fordi ICEL er ei samanslutning av kristne forsamlingar.

3.1 Sentrale omgrep

3.1.1 Etnisitet

Etnisitet er eit relativt nytt ord som stammar frå det gamalgreske ordet *ethnos* som etter kvart fekk tydinga folk eller folkeslag.²² I ei saksorientering frå Kirkerådet til Kyrkjemøtet i 2006 vert omgrepet definert på følgjande måte: ”*Etnisitet betegner grupper av mennesker som identifiserer seg med hverandre utfra rasemessige, kulturelle, språklige, økonomiske, historiske, religiøse eller politiske kriterier*”.²³ Denne definisjonen viser at det avgjerande er korleis gruppene sjølve identifiserer seg med kvarandre – ei subjektiv oppleving om du vil.

Thomas Hylland Eriksen går lenger og seier at etnisitet er opplevd kulturskilnad som vert gjort relevant i samhandling. Ei etnisk gruppe vert med andre ord halden vedlike ved at desse kulturskilnadane kontinuerleg vert gjort relevante. Mellom to(eller fleire) grupper flyt det informasjon, varer og av og til menneske, men det finst også ei usynleg grense mellom dei; ei grense som ikkje kan kryssast. Denne grensa er ”ryggrada” i den etniske relasjonen og den er med på å halde gruppene frå kvarandre.²⁴ Etnisitet er derfor noko meir enn berre ei subjektiv oppleving. Etnisitet er noko som vert skapt i relasjonen mellom gruppene. Eriksen seier at i og med at det er grensene som skaper etnisitet, så er konsekvensen den at etnisitet er noko som

²² Eriksen & Sørheim 2006: 52.

²³ Den norske kyrkja 2006: 4. KM 11.1/06.

²⁴ Eriksen & Sørheim 2006: 52.

eksisterer mellom gruppene og ikkje inne i dei.²⁵ Etnisitet er ”i hovudsak eit produkt av den dominerende gruppens ønske om å skape grenser”.²⁶ Sett utifrå denne definisjonen er etnisitet eit konfliktretta ord der dei som er i ein marginal situasjon aktivt må stadfeste sitt menneskeverd fordi dei opplever å ikkje ha det same krav på respekt som andre.²⁷

Rodrigo Valezuela Fernández gjennomførte i 2004 eit studie for CEPAL (*Comisión Económica para América Latina y el Caribe*) som søker å belyse dei etniske vilkåra for urfolket i Bolivia. Han seier at etnisitet er ei samansetjing av sosiale relasjonar der ein innanfor desse *konstituerer* og *konstruerer* dei etniske vilkåra for ei spesiell gruppe. Desse vilkåra fører til at etniske grupper får ein underordna posisjon i forhold til den dominante. Denne situasjonen med underordning kan verte tolka av den etniske gruppa som ein maktrelasjon som er basert på ulikskap og kulturell dominans.²⁸

Eg vil i denne oppgåva vise at denne maktrelasjonen har vore svært tydeleg i Bolivia og at den framleis er det. Ein maktrelasjon med kulturell dominans og med sterke undertonar av diskriminering og fare for avgrensa menneskeverd utgjer derfor forståingshorisonten min i forhold til omgrepet etnisitet. Ulike etniske vilkår som er konstituerte i eit samfunn krev tid å endre. Det er nærliggande å tru at denne type relasjonar også er til stades innanfor ICEL. Eit kyrkjeleg fellesskap – lite eller stort – vil avspegle det som rører seg i samfunnet elles. Spørsmålet er likevel om ICEL som fellesskap har noko som til ei viss grad bind saman quechua - og aymarafolket med mestisane. Kva held dei eigentleg saman? Kva gjer leiinga for ICEL for å motverke dei destruktive kreftene som samfunnet elles er prega av i forhold til etniske skilje? Opplever medlemmane i ICEL at dei vert rekna med, lytta til og respekterte uavhengig av etnisk bakgrunn?

Will Kymlicka, professor i filosofi, er kjent for arbeidet han har gjort knyta til diskusjonen om multikulturalisme og minoritetane si stilling i moderne statar. Han argumenterer sterkt for at det er nødvendig og rett å utvikle ordningar med gruppespesifikke rettar. Han er mellom anna oppteken av at minoritetane må få særlege grupperepresenterende rettar. Han seier at *rettferd i ein vedtaksprosess* impliserer mellom anna at ein lyttar til og tek omsyn til minoritetane sine

²⁵ Eriksen & Sørheim 2006 :55.

²⁶ *ibid*:57.

²⁷ *ibid*:59.

²⁸ Fernandez 2004: 30.

stemmer og deira perspektiv.²⁹ Han hevdar at sjølv om det er slik at minoritetane har individuelle medborgarlege rettar i eit demokratisk samfunn, så viser det seg likevel ofte at minoritetsgrupper forblir alvorleg underrepresenterte.³⁰ Kymlicka gir ikkje nokon spesifikk modell for det han kallar grupperepresentasjon, men argumenterer for at ei slik tenking korkje er antiliberal eller udemokratisk. Det er derimot ei mogleg forlenging av våre eksisterande demokratiske tradisjonar.³¹ Eg ser på dette som viktige perspektiv også i forhold til ICEL. Bør for eksempel ICEL vurdere tillegg til noverande statuttar for å sikre quechua og aymarafolket betra representasjon?

3.1.2 Etnisk diskriminering

Norge har si eiga diskrimineringslov. Paragraf 4 (Lov om forbod mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion m.m.) seier i første ledd at diskriminering på grunn av mellom anna etnisitet er forbode, og definerer direkte og indirekte diskriminering på følgjande måte: ”Med direkte diskriminering menes at en handling eller unnløtelse har som formål eller virkning at personer eller foretak på grunnlag som nevnt i første ledd blir behandlet dårligere enn andre blir, er blitt eller ville blitt behandlet i en tilsvarende situasjon. Med indirekte diskriminering menes enhver tilsynelatende nøytral bestemmelse, betingelse, praksis, handling eller unnløtelse som fører til at personer på grunn av forhold som nevnt i første ledd blir stilt særlig ufordelaktig sammenliknet med andre. Med indirekte diskriminering i arbeidslivet menes enhver tilsynelatende nøytral bestemmelse, betingelse, praksis, handling eller unnløtelse som faktisk virker slik at en arbeidssøker eller arbeidstaker stilles dårligere enn andre arbeidssøkere eller arbeidstakere på grunn av forhold som nevnt i første ledd”.³²

Eg vil i denne oppgåva bruke denne definisjonen som referanse i forhold til å kunne seie noko om etnisk diskriminering førekjem innanfor ICEL. Nemnde paragraf avsluttar med å seie at forskjellsbehandling som er nødvendig for å oppnå eit sakleg formål ikkje vert sett på som diskriminering etter lova. Å plassere medlemmane i ICEL i etniske båsar er ei umuleg oppgåve. Det er heller inga målsetjing med oppgåva. Mange av medlemmane i ICEL er unge og busette i byane Cochabamba, Sucre, Potosi og Santa Cruz. Slik eg kjenner arbeidet veit eg at mange av dei har foreldre som ein gong flytta frå landsbygda og inn til ein av byane.

²⁹ Kymlicka1998: 143.

³⁰ ibid:144-146.

³¹ ibid: 162-163.

³² Lovdata: Diskrimineringsloven paragraf 4. Fastsett ved lov 20 mai 2005.

Foreldra deira beherskar quechua eller aymara i tillegg til spansk. Den yngre generasjonen held seg berre til spansk. Andre er komne frå landsbygdene til ein av byane for å studere, eller fordi dei har fått seg arbeid der. Mange opplever nok derfor at dei er ei blanding av litt av kvart. Dei fleste av medlemmane bur likevel på landsbygda og ville klart definere seg som quechua eller aymara om dei vart utfordra til å gjere det.

Eit viktig moment for meg i analysen av samtalane vert å freiste å tolke det som vert sagt utifrå deira eige perspektiv. Det er stor skilnad på Norge og Bolivia. Det som klart ville bli sett på som eit maktovergrep i Norge vil ikkje nødvendigvis fortone seg slik i deira auge.

Gerd Hoffstede, professor i organisasjonsantropologi og internasjonal leiing, nyttar omgrepet maktdistanse for å beskrive *”den utstrekning i hvilken de svake medlemmene og organisasjonene i et land forventer og godtar at makten er ulikt fordelt.”* Omgrepet vert forklart utifrå verdisystemet som dei svake medlemmane på ein arbeidsplass har. I land med stor maktdistanse er dei underordna svært avhengige av sjefen. Dei underordna vil reagere ved anten å akseptere dette eller å forkaste det fullstendig og forlate organisasjonen. Dei som er overordna vil sjå på seg sjølve som eksistensielt ulike frå dei som er underordna. Ein organisasjon i slike land vil gjerne sentralisere makta så mykje som muleg på nokre få hender. Og forholdet mellom overordna og underordna er ofte følelsesladda.³³

Undersøkinga vart gjennomført mellom IBM-tilsette i 50 land. Bolivia var ikkje eit av desse landa, men samanliknbare land som Peru, Chile og Ecuador var med. Maktdistanseverdien som kjem fram i denne undersøkinga er dobbel så høg eller meir i desse tre landa samanlikna med Norge.³⁴ Bolivia ligg i ein region prega av stor avstand, og utifrå det som elles er kjent om Bolivia er det all grunn til å tru at haldningane i Bolivia ikkje avvik mykje frå grannelanda. Underordning som til dels er prega av frykt er eit kjent fenomen i samfunnet.

3.1.3 Inkludering

I norsk folkekyrkjetradisjon er dette omgrepet gjerne knyta saman men ordet open. Folkekyrkja skal vere ”open og inkluderande”. Det som på 80-talet starta som eit politisk slagord som sa noko om kva folkekyrkja skulle vere, har i dag blitt allemannseige. Det har blitt kyrkja sitt eksportord.³⁵ Slik sett skulle eg kanskje ha nytta eit anna omgrep enn inkludering i problemstillinga. Grunnen til at eg likevel har valt å nytte dette omgrepet er at

³³ Hoffstede1993:41-49.

³⁴ *ibid*:40.

³⁵ Vårt Land 07.01.09:12.

det i første rekke seier noko om makt og ansvarsforhold. Inkludering har også ein sentral plass i definisjonen av kva diakoni er i Plan for diakoni i Den norske kyrkja. Der står det at:

*”Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.”*³⁶

I stortingsmelding 49, 2004 kap.3.1.5, blir følgjande uttalt:

”Inkludering er et begrep som delvis blir brukt som erstatning for ”integrering”, delvis som motsats til ekskludering. Den som oppfordrer til inkludering, sier indirekte at noen har et ansvar for å få det til. Noen må åpne opp og invitere inn. Regjeringen mener at ansvaret normalt hviler på majoriteten, eller dem som har makt til å lukke folk ute, eller ta dem inn. Regjeringens mål er et inkluderende samfunn uten sosial utstøting, marginalisering og ulikhet i muligheter. Inkludering forutsetter samtidig villighet til å delta.”

Det er den inkluderande handlinga eg i første rekkje er ute etter i oppgåva. Å bli inkludert er å bli lukka inn i eit fellesskap. Det er å bli sett og verdsett. Det er å møte aksept for å få vere den ein er uavhengig av etnisk bakgrunn. I det inkluderande fellesskapet vert det gitt gjensidig trøyst og hjelp, der det vert frigjort nye krefter og nytt håp.³⁷

3.1.4 Konfliktstyrke og kommunikasjon

Gunhild Hagesæter deltok på eit seminar for misjonærar i Bolivia i 1994. Der var handtering av konfliktar eit av fleire tema. Ho presenterte omgrepet konfliktstyrke gjennom følgjande matematiske formel:

$$\text{Konfliktstyrke} = \frac{\text{avhengigheit} \times \text{ulikskap}}{\text{kommunikasjon}}$$

Avhengigheit var uttrykket ho nytta for å omtale kor tette relasjonane var. Menneske som har mange felles møteplassar av ulik kategori med tanke på fellesskap, planlegging og deltaking har dermed stor grad av avhengigheit. Dette gjeld sjølvst i dei tette relasjonane som der er i eit misjonærfellesskap, det gjeld på lokalplan i dei ulike forsamlingane i ICEL, men også på nasjonalt plan gjennom styret for den nasjonale kyrkja og gjennom andre felles arrangement der alle forsamlingane er invitert.

Ulikskap forklarar seg sjølv. Det er innlysande at i ei kyrkje som består av ulike etniske grupper som har ulike språk og levesett som grunnkunnskap, så er ulikskapane til dels svært store. Derfor vert utfordringa ekstra stor til korleis ein kommuniserer. Det er viktig å vere

³⁶ Den norske kyrkja 2008:7. Plan for diakoni

³⁷ ibid:10.

tydeleg, og ein må vere viss på at alle har felles forståing for kva kommunikasjonen dreiar seg om. Det er viktig at ingen føler seg underlegne eller manipulerte fordi uttrykksformene, klesdrakt, utsjånad og veremåte er ulike. Om ikkje så er tilfelle, vil konfliktstyrken vekse. All kommunikasjon er per definisjon til fordi partane har felles interesser. Det er grunnen til at dei har noko med kvarandre å gjere. Første steg vil derfor vere å identifisere desse fellesinteressene. Deretter er det nødvendig å lære noko om den andre si kontekst. Det tredje er å finne fellesnemnarar som gjer det mogleg å ha eit meningsfylt samkvem.³⁸

Ståle Einarsen og Harald Pedersen seier at konfliktar som varer over tid vil kunne handle om fleire forhold enn det som var utgangspunktet for konflikten. Det saklege innhaldet i konflikten kan nokre gongar berre vere eit symbol for underliggjande forhold. Det kan dreie seg om kjensler som partane har overfor kvarandre eller forhold som har med samhandling og *relasjonen mellom partane*. Det vil seie korleis dei handsamar kvarandre, korleis dei tolkar kvarandre og omtalar kvarandre, og korleis dei opptrer overfor kvarandre i det daglege.³⁹ Dersom tiltaka kjem for seint, er det mogleg at tilstanden ikkje let seg lækje og dermed at den over tid kan skade og utslette oss.⁴⁰ Ei av dei mest utbreidde formene for konfliktåtferd er det vi kallar ikkje-åtferd. D. v. s. det å la være å handle, å oversjå, avvise, ekskludere og isolere.⁴¹

3.2 Kvalitetar ved det kristne fellesskapet – ei ekklesiologisk tilnærming

Craig VanGelder seier at missiologi og ekklesiologi ikkje er separate teologiske disiplinar, men har eit innbyrdes forhold til kvarandre. Dei har det same utgangspunkt, med den treeinige Gud i misjonsoppdrag for alle menneske. Dei snakkar om den same realitet – at kyrkja er kalla til å delta fullt og heilt i Guds misjon.⁴²

I og med at ICEL er ei samanslutning av kristne forsamlingar vil eg derfor seie noko om den kristne kyrkja i lys av det greske uttrykket *koinônia* (fellesskap). Det seier ikkje alt om kyrkja, men ser kyrkja frå ein bestemt synsvinkel ved at det har hovudfokus på det *relasjonelle*.⁴³ Det dreiar seg også om eit fellesskap som er basert på *delaktighet* og *solidaritet*.⁴⁴ Dette fellesskapet har både ein vertikal og ein horisontal dimensjon ved seg som kjem synleg til uttrykk i 1. Joh.1.3:

³⁸ Eriksen & Sørheim 2006: 134.

³⁹ Einarsen og Pedersen 2007: 82

⁴⁰ *ibid*:51.

⁴¹ *ibid*:85.

⁴² Van Gelder 1999: 31.

⁴³ Hegstad 1999: 19.

⁴⁴ Tjørhom 1999: 42.

”Det vi har sett og høyr, forkynner vi òg for dykk, så de skal ha fellesskap(koinània) med oss, vi som har fellesskap(koinània) med Far og med hans Son, Jesus Kristus.”

Den vertikale dimensjonen fortel oss at vi som kristne har fellesskapet med den treeinige Gud. Ola Tjørhom seier at det er denne vertikale delaktigheita som djupast sett konstituerer kyrkja – også i funksjonen som menneskeleg og sosialt fellesskap.⁴⁵ Dette er eit viktig aspekt ved ei kvar samanslutning av kristne forsamlingar, slik også for ICEL.

Kva så med den horisontale forståinga av dette fellesskapet? Menneskeleg sett er det her det *relasjonelle* kjem til syne for det blotte auge – i måten vi som kristent fellesskap møter kvarandre og samhandlar. Eit av ideala for alle kristne fellesskap er at alle typar menneske skal føle seg velkomne og verdsette.⁴⁶

Sven- Erik Brodd hevdar at *koinània*- fellesskapet er den forsamlingsmodellen som i første rekke særprega urkyrkja. I dette fellesskapet kom diakonien tydeleg til syne som eit særpreg ved forsamlinga ved at den tok sosialt ansvar. Forsamlinga vart bygd opp kring eit fellesskap motivert utifrå tanken om utjamning av sosial ulikskap.⁴⁷ Diakonien var dei mekanismane som utjamna dei sosiale skilja i forsamlinga og viste veg inn til nattverdfellesskapet. Ikkje minst kom dette til syne i den epoken då nattverden vart feira saman med eit kjærleiksmåltid. Diakonien sine oppgåver i dette fellesskapet var å vise omsorg for dei svake og vanskelegstilte i forsamlinga slik at dei kunne blir integrerte på ein god måte.⁴⁸ Diakoni er derfor eit viktig kjenneteikn ved den horisontale dimensjonen i *koinània*-omgrepet.

Bibelen fortel at alle menneske er skapte i Guds bilete og har same verdi i Gud sine auge. Som menneske har vi av same grunn eit særleg ansvar i å vise empati og solidaritet i møte med kvarandre.⁴⁹ Vi er skapte til relasjonar med kvarandre og til mangfald. Det er derfor ingen grunn til å sortere menneska, korkje etter rase, kjønn, eller sosialt tilhøyre.⁵⁰ Det er eit allment ansvar vi har, kort og godt i kraft av det å vere menneske. Kulturelt mangfald er derfor ein positiv verdi som det er viktig å ta vare på.⁵¹ Har den kristne forsamlinga eit særleg ansvar som er større og viktigare enn det allmenne? Svaret er ja. Evangeliet er i seg sjølv inkluderande. Det handlar om at Gud elsker alle menneske like mykje og lukkar oss inn i sitt fellesskap og i fellesskapet med andre kristne, ved trua på Kristus, uavhengig av status,

⁴⁵ Tjørhom 1999:123.

⁴⁶ Redse 1999:267.

⁴⁷ Bibelen: Apg 2.42 ff, 4.32 ff, 5.1 ff.

⁴⁸ Brodd 1997: 16.

⁴⁹ Bibelen: Jesaia 58.6 ff.

⁵⁰ Nordstokke 2002:24.

⁵¹ Berntsen, Engelsviken og Jørgensen 2004: 234.

posisjon og etnisk bakgrunn.⁵² Jesus sjølv viser veg i måten han møtte menneske på. Han identifiserte seg med menneske som var i naud, og løftar dette så høgt at han set det fram som eit kjenneteikn for det kristne fellesskapet som skil det radikalt frå samfunnet elles.⁵³ Det må derfor vere rett å seie at der er ein spesifikk skilnad mellom det allmenne ansvaret i kraft av det å vere menneske og det kristne, diakonale ansvaret med utgangspunkt i det kristne fellesskapet. Dette vert bekrefta av Paulus som omtalar dette fellesskapet, virka av Den Heilage Ande, som ein lekam – ja, som Kristi lekam: ”*Men Gud har sett kroppen saman slik at det som manglar ære, heller får større ære, så det ikkje skal vera strid i kroppen, men at lemene skal ha same omsorg for kvarandre*”.⁵⁴ Slik sett både fordrar og bekreftar diakonien det kristne menneskesynet.⁵⁵ Det kristne, multietniske fellesskapet ber også i seg eit eskatologisk motiv ved at Bibelen fortel at himmelen vert fylt av menneske frå alle folkeslag og tungemål.⁵⁶

Karl Olav Sannes hevdar at livet i urkyrkja var lik ei familie. Han hevdar at dette langt på veg var den sosiale røyndomen. Dermed kunne dei også kompensere for dei behov for tilhøyre som dei fekk når dei braut ut av sin sosiale og religiøse bakgrunn for å slutte seg til eit kristent fellesskap.⁵⁷ Og dette perspektivet er særleg interessant i ICEL si kontekst – ikkje minst utifrå eit reint språkleg perspektiv. Den mest vanlege tiltaleforma mellom kyrkjelydsmedlemane uavhengig av etnisk bakgrunn og sosial status er bruken av ordet bror/søster (*hermano/hermana*). Dette gjeld sjølvstakt ikkje berre innanfor ICEL – det er ein allmenn kyrkjeleg praksis innanfor mange språkgrupper. Men kva legg dei eigentleg i denne uttrykksforma?

Evangeliets er ein bodskap om forsoning som byggjer på at éin er død for alle.⁵⁸ Jesus sin soningsdød var for alle menneske: Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg sjølv.⁵⁹ Det kristne fellesskapet sitt misjonsoppdrag er å ta del i denne forsoningstenesta. Plan for diakoni nyttar også omgrepet *forsoningsdiakoni*. Av og til er det slik at eit fellesskap vert så øydelagt at forsoning er nødvendig. Forsoningsarbeid mellom enkeltmenneske, mellom grupper i eit lokalmiljø eller mellom etniske grupper er ei viktig utfordring for det kyrkjelege fellesskapet.⁶⁰

⁵² Bibelen: Joh.3.16.

⁵³ Bibelen: Mat.25.31-36.

⁵⁴ Bibelen: 1.Kor.12.24-25.

⁵⁵ Nordstokke 2002: 24.

⁵⁶ Bibelen: Joh.openb.7.9.

⁵⁷ Skjevesland 1993:164.

⁵⁸ Bibelen:2.Kor.5.14.

⁵⁹ Bibelen: 2 Kor.5.19.

⁶⁰ Den norske kyrkja 2008: 20.

Hans Morten Haugen seier at for at reell forsoning skal finne stad så må maktasymmetrien utfordrast for at den svake parten i ein relasjon kan få høve til deltaking og myndiggjering, samt ei eller anna form for bearbeiding. Dersom to partar bestemmer seg for å starte ein forsoningsprosess, må makta til å legge premissane ligge hos den avmechtige parten i forholdet. Haugen nemner fire viktige stadium i ein slik forsoningsprosess. For det første *erkjening* frå den mechtige part – at eit overgrep faktisk har skjedd. For det andre er det nødvendig med *uttrykk for anger* frå den mechtige part for dei lidningane som er påført den andre. Det tredje stadiet er *gjennoppretting* av dei øydelagde relasjonane ved å opprette eit minimum av strukturar for å sikre relasjonar og sameksistens. Det siste stadiet er *faktisk forsoning*. Ein slik forsoningsprosess kan derfor vere ein lang og ikkje alltid like rettlinja prosess. Tempoet må bestemmast av den avmechtige part.⁶¹

LWF sitt misjonsdokument, *Mission in Context: Transformation, Reconciliation, Empowerment*, har ei trinitarisk tilnærming til omgrepet misjon. Dokumentet nyttar tre omgrep for å klargjere denne tilnærminga. Det er orda *omskaping, forsoning og myndiggjering* (transformation, reconciliation, and empowerment).⁶² Desse dimensjonane i Guds misjon speglar Guds som skapar, som forløyser og som den som helgar. LWF meiner at desse dimensjonane betrar den missiologiske forståinga av Kristus sitt trefaldige nærver i historia representert ved inkarnasjonen, vegen til korset og oppstoda.

Omskapinga er ein kontinuerleg prosess som alltid inneber ei nyorientering av levemåte i søken etter å oppnå fred og rettferd i fellesskap mellom menneske. Dette vert skapt i møte med Guds nådefulle vilje, som kallar, rettferdiggjjer, og styrkjer menneska ved sin Heilage Ande til å verte forma etter biletet av Kristus slik at vi bruker kroppen vår til våpen for det som er rett (Rom.12.2; 6.13; 8.29.). Denne omskapinga gjeld på det personlege plan, i møte med strukturar og relasjonar i mindre fellesskap og i samfunnet.⁶³ Ved å følgje Kristus på inkarnasjonens veg vil kyrkja, i den kontekst den lever, gå inn i kampen for den svake sin rett. Dette er ein kamp mot urett og ekskludering. Og ved å fordømme urett og voldeleg praksis, både i det offentlege og private rom, som synd og destruktive krefter i eit samfunn, vandrar kyrkja med Kristus mot korset. LWF seier i dette dokumentet at misjon er proklamasjon og diakoni, og under korsets teikn vil kyrkja gå til kamp mot sosial undertrykking i søken etter å finne ein utveg der ingen vegar finst. Å følgje Kristus i hans oppstode skjer når kyrkja tek opp

⁶¹ Haugen 2008: 358-368.

⁶² LWF 2004:34 *Mission in Context: Transformation, Reconciliation, Empowerment*.

⁶³ LWF 2004:35

denne kampen ved å forkynne evangeliet i ord og handling, og på den måten hindre politisk og sosial undertrykking å få siste ordet. Omskapinga inneber å ”symje mote straumen” – ein kamp som kan innebere både forsaking, forfølgning og martyrium.

Kyrkja er Guds ambassadør og har i oppdrag å delta i Guds forsoningsteneste ved å kalle menneske til å verte forsona med Gud. Fundamentet i denne *forsoninga* er gjenoppretting av fellesskapet mellom Gud og menneske. Takksemda for det gjenoppretta forholdet til Gud gjer det mogleg å vidareføre forsoning til alle andre menneskelege relasjonar – i familien, med andre grupper, i samfunnet og mellom nasjonar. Og inspirasjonen til å kunne ta på seg eit slikt ansvar hentar kyrkja nettopp i møte med den inkarnerte, krossfeste og oppståtte Kristus. På denne måten er kyrkja med og førebur den endelege forsoninga av alle ting i det framtidige Guds rike.⁶⁴

Myndiggjeringa dreier seg i første rekke om Guds meddelande kraft gjennom sin Heilage Ande til dette misjonsoppdraget (Apgj.1.8). Kvar enkelt kristen, og kyrkja som fellesskap, vert leia ved den Heilage Ande. Den åndelege utrustninga som vert gitt gjer det nødvendig for kyrkja å utføre ein heilskapleg misjon. Og ikkje minst gir den Heilage Ande styrke til å motstå misbruk av makt, og gir hjelp til å gå saman med Kristus som deler si makt til alle.⁶⁵ Kyrkja er ikkje delt mellom dei kraftlause og dei som kan dele si kraft med andre. Heller er det slik at kyrkja, i vandringa på Kristus sin veg, vert velsigna av ei gjensidig styrking av kvarandre som medlemar. Og kraftkjelda er den treeinige Gud som er kyrkja sitt sentrum. Kyrkja si teneste og diakonale gjerning vil derfor søkje å finne vegar for å gi støtte til dei som treng hjelp uavhengig av rase eller religion, for å reise menneskeverdet slik at dei kan få kontroll over eige liv.⁶⁶

ICEL er ikkje ei av medlemskyrkjene i LWF. Eg har likevel trekt inn dette misjonsdokument. Det har eg gjort det fordi kampen for den svake sin rett i LWF - dokumentet har ei fått ei tydeleg trinitarisk tilnærming. Dokumentet tek sjølv til orde for at det missiologiske perspektivet vedrørande omgrepet *Guds rike* ikkje er godt nok avklart. Det vert sagt at ein treng ei avklaring om forholdet mellom Guds rike som ein nærverande storleik i verda frå skapinga av og Guds rike som bryt fram ved Kristus. På same måte er det nødvendig med ei avklaring mellom omgrepet *himmelrike*, med moglegheita til å verte ståande utanfor dette

⁶⁴ LWF 2004:36

⁶⁵ *ibid*:37

⁶⁶ *ibid*:38

riket p.g.a. personlege val, og Guds rike som bryt fram ved Kristus sitt nærver.⁶⁷ Desse refleksjonane er på sin plass, og slik eg forstår dokumentet fører det til at hovudfokuset i misjonsoppdraget vert for einsidig knyta til kampen mot urett. Spørsmålet om frelse vert uklart. Det same gjeld det eskatologiske perspektivet.

I det horisontale *koinônia* - perspektivet høyrer misjon med. Evangeliet er grensesprengande og ber i seg ein ny tverrkulturell identitet.⁶⁸ Heilt frå pinsedag i Jerusalem har dette vore eit av kjenneteikna ved det kristne fellesskapet. Perspektivet er ikkje berre vendt innover mot det eksisterande fellesskapet, men er ekspansivt i den forstand at det gjennom forkynning av evangeliet søker å lukke stadig nye menneske inn i det same fellesskapet. Denne dynamikken har sitt utgangspunkt i misjonsbefalinga.⁶⁹ Dette er ein umisteleg komponent i det heilskaplege mandatet som kyrkja har fått av sin Herre.⁷⁰ Samtidig er det slik at den kristne forsamlinga er kalla til å vere eit kjærleiksteikn i verda. Dette vert realisert ikkje minst gjennom diakonien og synleggjort gjennom eit klart sosialetisk engasjement.⁷¹ Og nettopp her høyrer kampen for likeverd og rettferd heime. I dette perspektivet meiner eg at LWF si holistiske tilnærming til misjonsomgrepet har relevans. Den treeinige Gud er til stades i verda og i forsamlinga, og kyrkja gjenspeglar Gud sitt nærvær i sin struktur og gjennom si teneste i verda. Diakonien plasserer seg midt i ei slik trinitarisk gudstru. Kyrkja si diakonale handling er ikkje berre gode gjerningar ”på skaparplanet”, men må sjåast i samanheng med Kristi solidariske medlidning og diakonale gjerning, Kristi død og oppstode, og med Guds Heilage Ande, som gir liv og frigjer dei kristne til å vere til stades i verda som salt og lys.⁷²

3.3 Oppsummering

Etnisitet handlar om grenser mellom menneske som er skapte m.o.a. på grunn av kulturskilnad. Desse grensene held dei frå kvarandre. Det er nødvendig at der er ei dominant gruppe for at etniske vilkår skal verte konstruerte. Ei etnisk gruppe vil oppleve seg underlegen i forhold til den dominante gruppa med tanke på maktrelasjonen mellom dei, og faren er stor for at deira menneskeverd på eit eller anna vis vert redusert. Dette kjem til syne ved at dei som tilhøyrer ei etnisk gruppe vert behandla dårlegare enn dei som tilhøyrer den dominante gruppa. På indirekte vis kan dette kome til syne i arbeidslivet for eksempel ved å ha ein

⁶⁷ LWF 2004:23

⁶⁸ Bibelen: Ef. 2.12-14.

⁶⁹ Bibelen: Mat.28.18-20, Ap.gj.1.8.

⁷⁰ Tjørhom 1999: 228.

⁷¹ ibid:229.

⁷² Den norske kyrkja 2004:16. KR 40/04.

praksis som verkar slik at menneske frå ei etnisk gruppe stiller dårlegare enn andre. Forsking viser også at etniske grupper lett vert underrepresenterte i fora der viktige vedtak vert fatta.

Den inkluderande handlinga som verdset menneske uavhengig av bakgrunn er ein av berebjelkane i det kristne fellesskapet. Å lukke menneske inn i eit fellesskap, eller å stengje menneske ute frå fellesskapet har også med makt å gjere. Vanlegvis er dette eit ansvar som majoriteten i fellesskapet har. I eit fellesskap der ulikskapen mellom medlemmane er stor, for eksempel på grunn av kulturskilnadar, er god kommunikasjon avgjerande for at fellesskapet ikkje skal splittast. ICEL er eit slikt fellesskap. Ideelt sett er det kristne fellesskapet slik at alle menneske som kjem dit skal kjenne seg verdsette, slik den treeinige Gud verdset den kristne i sitt fellesskap. Å vise omsorg for kvarandre, og især for dei svakaste, er eit diakonalt kjenneteikn i den kristne forsamlinga. Det ideelle er likevel ikkje alltid i samsvar med opplevd røyndom. Forsoning høyrer derfor også til i dette fellesskapet.

Den kristne sitt møte med den treeinige Gud skaper ei nyorientering. Omskaping, forsoning og styrking på det personlege plan i møtet med Gud medfører ei nyorientering i levemåte overfor det kristne fellesskapet, og i forhold til samfunnet. Misjonsoppdraget vil bere i seg ein diakonal identitet som går inn i kampen mot sosial undertrykking og som vil kjempe for den svake sin rett. Og det kristne fellesskapet er ekspansivt i den forstand at det alltid vil ønske å få med seg fleire. Det ber i seg ein tverrkulturell identitet nettopp fordi evangeliet er tiltenkt alle menneske.

4 Kort historisk perspektiv

Eg vil i dette kapitlet kort belyse nokre viktige trekk ved den etniske bevisstgjeringsprosessen som har føregått i nyare boliviansk historie. Kyrkja ICEL er som nemnt eit resultat av NLM sitt misjonsarbeid i landet. Eg vil derfor også presentere nokre av årsakene til at kyrkja fekk den utforminga og etniske samansetjing som den har fått. Mykje kunne truleg vore annleis, og kanskje betre ved å gjere andre grunnleggande og strategiske val. Det er eit viktig utgangspunkt for meg at det som er gjort i NLM regi har vore gjort med dei beste ønska om at ICEL skulle verte ei velfungerande kyrkje. Eg vil også trekke fram nokre moment frå det tidspunkt at kyrkja ICEL vart konstituert og fram til i dag.

4.1 Frå forsøk på homogenisering til etnisk bevisstgjerung i Bolivia

Frå 1953 til 1978 kunne 70% av befolkninga (dei som hadde quechua, aymara og andre morsmål enn spansk) berre oppnå borgarrettane sine ved hjelp av eit framandspråk. All opplæring frå 1.klasse til universitet, den offentlege administrasjon, handel og servicetilbod generelt var knyta til spansk. Denne lingvistiske homogeniseringa som urfolket vart påtvinga vart kvalifikasjonskrav som førte til at quechua- og aymarafolket var å finne lengst nede på rangsstigen i forhold til høve til å påverke politiske, sosiale og økonomiske forhold.⁷³

Den spanske antropologen Xavier Albó er anerkjent for sitt omfattande arbeid mellom urfolket i Bolivia. Ein heil mannsalder har han kjempa for urfolket sine rettar i dette landet og har stor fagleg tyngde både i Bolivia og internasjonalt. Han seier at revolusjonen i 1952 gjorde eit forsøk på å gjennomføre ei dobbel nasjonal integrering. For det første den sosialpolitiske ved at alle dei ulike etniske gruppene skulle få langt sterkare deltaking. På den andre sida kan vi snakke om ei territorial integrering der mellom anna dei grøderike områda i lavlandet vart inkorporert i ein statleg strategi og omfordelt. Sett i eit etnisk perspektiv hadde begge desse integreringsstrategiane ei nasjonalisme med einsretting som mål. Ideologane såg for seg ei ”mestisifisering” som idealbiletet av Bolivia si framtid. I starten gjekk det også slik. Stadig fleire såg på seg sjølve som mestisar, særleg i byane. Den kulturelle identiteten til urfolket som sosiale klasser vart gjort om til ei felles sosial klasse – *campesinos* (bønder) som vart organiserte i syndikat, sterkt bundne til regjeringa. I byrjinga vart dette av mange oppfatta som frigjering frå tidlegare undertrykking. Stolte kunne dei seie at dei ikkje lenger var *indios* (indianarar), men bønder. Men andre så på denne namneendringa berre som ei ideologisk refrasering – det var framleis den same mannen, berre med ny hatt.⁷⁴

Den etniske bevisstgjerung fekk nytt liv mot slutten av 60-talet. Det tok til mellom ungdomar frå landsbygda som hadde flytta inn til byane La Paz og Oruro. Dei var inspirerte av den antikolonialske helten Tupac Katari sin kamp for frigjeringa og kalla seg *kataristar*. ”Vi trudde det dei sa til oss at ved å ikkje lenger vere indianarar ville vi oppnå fridom. Men det vart ikkje slik. Det har redusert oss til ein simpel sosial kategori, til bønder. Men i realiteten er vi aymara og som aymara skal vi frigjere oss”.⁷⁵ Med demokratiet si gjeninnføring i 1982 akselererte den etniske bevisstgjerung på ulike nivå mellom dei fleste urfolka i Bolivia. Ulike parti med urfolk i spissen kom til syne. I 1989 vart for første gang i

⁷³ Fernandez 2004: 29.

⁷⁴ Albó 2005:14.

⁷⁵ *ibid*:15.

historia ei dame med bakgrunn i aymarakulturen valt inn i parlamentet, og ved valet i 1993 vart ein aymara valt til visepresident. Ved valet i 2002 greidde urfolket å få inn 19 parlamentsmedlemmar og tre i senatet. Dette var meir enn i noko anna land i Latin-Amerika. Denne oppvakninga er i første rekke å forstå som ein sosial og politisk protest, der forsvar av landet sine naturressursar står i fremste rekke. Men det er også ei etnisk protestrørsle. Urfolket søkjer ikkje berre praktiske løysingar på sine lokale krav. Etter generasjonar med diskriminering og behandling som annanrangs borgarar har dei no teke eit nytt steg. Dei ønskjer ei ny statsforvaltning.⁷⁶

Ein HDR- rapport, *La economía más alla del gas*, frå 2005 viser at dei 10% rikaste i befolkninga legg beslag på 45% av Bolivia sine inntekter, medan 1% av inntektene er fordelt mellom dei 10% fattigaste. Og det er urfolket, med quechua- og aymarafolket i spissen, som i sterkaste grad er knyta til fattigdomen ved måten inntektene vert fordelt.⁷⁷ Rapporten konkluderer med å seie at dei politiske prosessane i boliviansk historie har skapt ein “harmoni av ulikskap”. Bolivia treng no å kanalisere det sosiale og politiske trykket inn i ein prosess som gir ”disharmoni som skaper likskap” for å møte dei multikulturelle utfordringane. Dette kan berre skje ved å integrere alle landet sine regionar, sosiale klasser og etniske grupper.⁷⁸ Bolivia står i dag i fremste rekke med å løfte fram urfolket sine rettar og har fleire lover som skal verne om slike rettar. Konstitusjonelt har landet også erklært seg som ein multikulturell stat. I praksis er det likevel slik at både quechua- og aymarafolket framleis opplever intens diskriminering.⁷⁹ Det ulmar under overflata. Den etniske bevisstgjeringa har ført til at mange er redde for at urfolket skal reise seg i protest etter fleire hundre år og utallige generasjonar med dårleg behandling.

Magdalena Cajias er historikar ved *the Upper University of San Andres* i Bolivia. I eit intervju seier ho at det tidlegare var utenkjeleg at ein frå urfolket kunne få ein viktig posisjon i samfunnet. Med Evo Morales som president er denne situasjonen sterkt endra. Cajias trur likevel ikkje at dette vert oppfatta berre positivt av alle i samfunnet. ”*There´s a lot of fear, now that there´s an indigenous president.*” Bakgrunnen for svaret ho gir er at middelklassen no mistar posisjonar og sosial status som dei tidlegare hadde.”*The Indians feel they have more clout, because they´re in the government now*”, seier Cajias. Også på tv og radio blir stadig fleire program laga på quechua og aymara. Slik vert rivaliseringa mellom dei ulike gruppene

⁷⁶ Alvó 2005:16.

⁷⁷ UNDP 2005: 34. HDR-rapport, Bolivia

⁷⁸ibid: 283.

⁷⁹ Fernandez 2004: 9.

tydelegare i dagens Bolivia enn tidligare, fortel ho.⁸⁰ Kva som kjem til å skje i det bolivianske samfunn er ikkje eit tema i denne oppgåva. Det som er eit faktum er at undertrykkinga og diskriminering av urfolket framleis er svært synleg i samfunnet, og at det er mestisbefolkninga som er premissleverandør for denne.

4.2 Dei etniske utfordringane i ICEL

ICEL si fleirkulturelle samansetjing har si historiske grunngeving. Sjølv om strategien i utgangspunktet var å nå quechuafolket viste det seg likevel etter kvart at både mestisar og aymarafolket kom til å bli med i kyrkja. NLM gjorde mange forsøk på å få dei ulike etniske gruppene til å kjenne seg inkluderte i fellesskapet med kvarandre. Tanken her er ikkje å gi eit fullstendig historisk bilete av dei etniske utfordringane som ICEL har, men heller å presentere nokre glimt.

4.2.1 Historisk bakteppe

I slutten av februar 1977 kom dei første misjonærar frå NLM til Bolivia for å lære spansk.⁸¹ Tanken var at desse misjonærane skulle reise vidare til Peru når språkstudiet var avslutta for å starte opp eit arbeid der. Men det oppstod vanskar med å få visum til Peru. Dette medvirka til at NLM tok til å vurdere å starte arbeid i Bolivia. Vedtaket på NLM si generalforsamling i Kristiansand i juli 1976 heldt open eit høve til det.⁸²

Den 16.september 1977 vedtok Hovudstyret i NLM å starte opp arbeid i Bolivia. Den politiske situasjonen i Peru vart brukt som grunngeving. Dåverande generalsekretær Birger Breivik kommenterte dette mellom anna i Ungdom og Tiden nr.6/77: ” *I den situasjonen vi no er i, medan vi ventar på visum for Peru, ser vi det rett også å starte i Bolivia. Her reknar vi med at det blir lett å få opphalds- og arbeidsløyve.* ”

Det var tanken å få til eit samarbeid med *World Mission Prayer League* (WMPL), ein luthersk misjonsorganisasjon frå USA, slik at NLM sine framtidige forsamlingar kunne danne ei eiga sjølvstendig eining knyta til den lutherske kyrkja som var etablert i La Paz fylke. Det vart trekt opp retningsliner for dette samarbeidet. Etter kvart viste det seg at den kyrkjelege situasjonen mellom dei lutherske forsamlingane i La Paz fylke var heller kaotisk. Det var ikkje lenger ei samla kyrkje. Ei mestisforsamling i La Paz by hadde skilt lag med *Iglesia Luterana Evangélica Boliviana* (IELB). Denne mestisforsamlinga, ”*El Redentor*”, hadde

⁸⁰ Cajias 2007: 1. 06.03.09, in

⁸¹ Hånes 1988: 7.

⁸² *ibid*:5.

danna sitt eige, uavhengige kyrkjesamfunn som dei kalla *Iglesia Luterana Latinoamericana* (ILLA). Tilhøvet mellom WMPL og desse to kyrkjene, og desse to kyrkjene imellom, var prega av dårleg kommunikasjon, misforståingar, skepsis og uvenskap. Dette gjorde vidare samarbeid mellom NLM og WMPL komplisert.⁸³ Det er verd å merke seg at dei som hadde skilt lag var ei større mestisforsamling i La Paz som ikkje greidde å innrette seg i ei kyrkje med sterk dominans av aymaraforsamlingar. Eg finn ingen dokumentasjon på at etniske forhold var hovudgrunnen, men det er grunn til å tru at det var ein medverkande faktor. Eit anna forhold som var kjent før ICEL vart konstituert var utviklinga i den lutherske kyrkja i Ecuador. Denne kyrkja hadde sitt utspring i misjonsarbeidet til dåverande Santalmisjonen. I mange år var dei spansktalande og quechuatalande forsamlingane samla i ei felles nasjonal kyrkje. Men i mai 1992 vart det danna ei eiga nasjonal quechuakyrkje. Frå ein rapport frå 1991 vert det gjort klart at dei etniske utfordringane var store og kompliserte. I rapporten står det m.o.a.:

” Erfaringen viser at de flere hundre år gamle motsetningene og forskjellene ikke slettes ut i og med kristen omvendelse. De quechuatalendes underlegenhetsfølelse og de spansktalendes overlegenhetsfølelse sitter dypt i begge folkegruppene. Vi tror at en felles kirke for begge språkgruppene vil medføre følgende problemer:

- kirken blir organisert og styrt av de spansktalende på deres premisser.
 - Quechua-folket vil ikke identifisere seg med kirken eller oppleve den som sin egen. Dette vil hindre en naturlig vekst i quechuakirkene. Sannsynlig er det vel også at man på litt sikt vil oppleve en opprivende strid og senere splittelse mellom de to språkgruppene”.
- ⁸⁴

4.2.2 Strategi

Misjonærene som starta opp arbeidet i Bolivia for NLM i 1978/79 hadde ikkje erfaring frå anna misjonsarbeid. Der førelåg heller ikkje spesielle instruksar for arbeidet. Det einaste som hadde blitt uttalt frå NLM sitt hovudstyre (HS) var at arbeidet skulle vere mobilt utan store og arbeidskrevjande institusjonar, og at målet var ei nasjonal, sjølvunderhaldande kyrkje.⁸⁵

Arbeidet måtte derfor finne sin eigen sjølvstendige kurs.

På NLM si første misjonærkonferanse i Bolivia 28.-29. desember 1978 vart det trekt opp eit geografisk område som omfatta fylka Potosi, Cochabamba og Chuquisaca, med høve til

⁸³ Hånes 1988:16.

⁸⁴ Røsvik 2007: Appendiks 3.

⁸⁵ Hånes 1988:102.

utviding til Santa Cruz og La Paz seinare. Målet var å nå quechuafolket med evangeliet. Tilgjengeleg informasjon fortalde at 10% av aymarabefolkninga og 3,4% av mestisbefolkninga rekna seg som evangeliske kristne. Tilsvarende tal for quechuafolket var berre 1,7%. Dette vedtaket skjedde også med bakgrunn i grundige feltundersøkingar.⁸⁶

I og med at quechuafolket var primærmålgruppe vart det på misjonærkonferanse i 1978 gjort vedtak om at alle misjonærar skulle lære to språk, spansk og quechua.⁸⁷ Arbeidet var altså retta mot landsbygda og mot befolkning i byane med quechuabakgrunn. Dei spansktalande mestisane var derfor i utgangspunktet ikkje ein del av NLM sin strategi. Dette inneber også at ein frå starten av ville satse på å utdanne quechuafolk til leiarar i ei framtidig nasjonal kyrkje. Etter kvart vart realitetane annleis. Fleire forsamlingar hadde vakse fram i byane Cochabamba, Sucre og Potosi. Sjølv om nokre av dei som gjekk i desse forsamlingane hadde bakgrunn i quechuakulturen, så var det like fullt byfolk med ein annan sosial status. Og mange av ungdomsleiarane som hadde vakse fram hadde ikkje noko forhold til quechua. Nokre av ungdomane forstod gjerne litt fordi foreldra kunne språket, men svært mange hadde ikkje noko forhold til det. Kulturelt sett var dei mestisar. Det er med bakgrunn i denne kunnskapen at det i eit historisk tilbakeblikk 1978-1987 vert sagt følgjande:

*” Vi står i fare for å få ei quechuatalande og ei spansktalande kyrkje også innanfor vårt arbeid. Det ville vere trist, og ein må prøve så langt råd å unngå dette. Men vi må ha klart for oss at målet vårt er å byggje ei quechua-kyrkje med quechualeiarskap. Dei andre gruppene må ein på best mogleg vis inkorporere i fellesskapet ”.*⁸⁸

I april 1983 vart det også etablert kontakt med eit område i La Paz fylke som hadde aymara som morsmål, i første omgang knyta til landsbyen Ayamaya, men etter kvart også i andre landsbyar i området.⁸⁹ Å hevde at denne utviklinga var tilfeldig vert feil, men det må vere rett å seie at det heller ikkje stig fram som resultat av ei heilskapleg tenking eller bevisst strategi. Det var kontaktar vi fekk, invitasjon til å kome, og vanskar med å seie nei. Med erfaringane som WMPL hadde gjort var det klart og tydeleg at utfordringa med å binde saman ulike etniske grupper i ei samla kyrkje ville verte kompliserte.

⁸⁶ Hånes 1988:103.

⁸⁷ ibid:108.

⁸⁸ ibid:108.

⁸⁹ ibid:113.

4.2.3 Inkludering som målsetjing fram mot konstituering av ICEL

For det første hadde NLM eit sterkt fokus på språkopplæring for alle misjonærane og danna sin eigen språkskule. NLM fekk tak i fleire svært dyktige språklærarar. At dette var eit svært godt tilbod kom til syne ved at både Misjonsalliansen og Normisjon i fleire år nytta tilbodet for misjonærane sine som skulle arbeide i Latin-Amerika. Det er også verd å nemne at kulturforståing var ein viktig del av undervisninga. Aktuelle samtidsspørsmål vart samtalt om ved å nytte for eksempel artiklar i aviser, tidsskrift og anna kulturelatert stoff .

Tre av språklærarane kunne undervise både i spansk og quechua. Nokre av misjonærane som i periodar hadde arbeidsplassen sin på landsbygda lærte seg quechua. Strategien var som sagt at flest mogleg skulle lære seg både spansk og quechua, men i praksis vart det likevel ikkje slik. Ambisjonane var rett og slett for store. Det var krevjande nok for dei fleste å lære seg godt nok eit nytt framandspråk. Aymara som språk vart aldri prioritert. Noko av grunnen var nok at dei landsbyane vi hadde kontakt med låg relativt bynært og dei fleste beherska rimeleg godt spansk. Samtidig vart det heller aldri slik at nokon misjonær fekk arbeidsplassen sin i dette området i den forstand at dei busette seg der.

For å styrke samhaldet og felles identitet i forhold til ei framtidig kyrkje vart det også lagt ned eit stort arbeid for å få til ei felles songbok. Dette arbeidet vart utført i nært samarbeid med bolivianske medarbeidarar. Og resultatet var ei songbok med rimeleg godt utval av songar både på spansk og quechua. Den reviderte utgåva som i dag er i bruk kring om i kyrkjelydane tek vare på denne prioriteringa. Det same kan seiast om forsamlingsbladet som ICEL overtok etter NLM - *Perspectiva evangelica*. Forsamlingsbladet er no inne i sin 26. årgang. Bladet presenterer framleis ei lenger andakt både på quechua og spansk. Siste nummer kom ut i april 2009 og held ein standard som mange forsamlingar her til lands gjerne kunne ta lærdom av. NLM prøvde å få med representantar frå dei ulike etniske gruppene i små og store komitear. Og når forsamlingane var saman på distriktsnivå, eller på nasjonalt nivå, prøvde NLM å trekke inn dei ulike etiske gruppene i programmet. Likevel var det mestisar som etter kvart vart dominante i ulike rådgivande organ.

4.2.4 Diakonale institusjonar

NLM brukt mykje tid og krefter på mange ulike diakonale føretak. Sjølv om vi som misjonærar prøvde å setje eit skilje mellom forsamlingsbyggjande arbeid og sosialt prosjektarbeid er eg overtydd om at dette skiljet var vanskeleg å oppfatte for andre enn oss sjølve. To større prosjekt stod sentralt:

Klinikken ”*El buen samaritano*” i landsbyen Acacio i provinsen Bilbao i Nordre Potosi vart innvia 25.mars 1984. Seinare vart det etablert fleire helsestasjonar kring om i provinsen. I 1987 vart det starta eit integrert bygdeutviklingsprogram i provinsen Tomas Frias med senter i landsbyen Tinguipaya - *Poyecto de Dessarollo Comunal Integral de Tinguipaya (PRODECIT)*. Dette prosjektet vart etter kvart omfattande. Det var mellom anna retta mot ulike tiltak for å hjelpe landsbyar i provinsen med å få reint drikkevatt, skogplanting for å hindre erosjon, forsøk på generell oppgradering av jordbruksarbeidet og elevinternat for barn og unge som måtte flytte heimafrå for å gå på skule.

Poenget her er ikkje å gi ein fullstendig presentasjon av alt arbeidet som hadde eit diakonalt fokus. Det eg ønskjer å få fram er at denne innsatsen i første rekke var retta mot landsbygda der nøda var størst – i særleg grad mot quechuadominerte område. Dette arbeidet vart møtt med stor tillit mellom folket, og i møte med lokale og sentrale styresmakter. Desse to prosjekta vart etter kvart overdregne til styresmaktene slik det var inngått avtale om. Skuleinternatet i Tinguipaya vart derimot overteke av ICEL.

ICEL hadde heilt frå starten av eit ønske om å halde fram med eit diakonalt fokus. Det lukkast ICEL å få i stand ein avtale med Norsk Misjonsråds Bistandsnemnd, som kanaliserer støtte frå NORAD. Planane dei hadde var store. Eit grunnskuletilbod i utkanten av Cochabamba by for barn som kom frå heimar med dårleg råd. Skulen Jesus Maestro vart påbegynt i 2001. Siste byggetrinn vart innvia i september 2007. Skuleåret 2008 hadde denne skulen til saman 871 elevar i ordinær grunnskuleutdanning. I tillegg hadde skulen 37 spesialelevar (psykisk utviklingshemma). Tilsvarende tal for inneverande år er 912 og 33. Jesus Maestro er utan tvil ei stor bedrift i seg sjølv. Heile 71 personar er tilsette i undervisning, administrasjon og reinhald.⁹⁰

Både skulen Jesus Maestro og skuleinternatet i Tinguipaya er utan tvil viktige institusjonar for ICEL. Dei er begge viktige diakonale institusjonar. Men kanskje er det slik at fleire ser på Jesus Maestro som ei diakonal dreining – at det hamnar i byane slik som så mykje anna har gjort. Sjølv om mange av elevane kjem frå familiar som har emigrert frå landsbygdene, så vil dei etter kvart tilhøyre ei undergruppe i mestiskulturen.

⁹⁰ Perspectiva Evangelica 2009:10.

4.2.5 Etniske utfordringar ved Centro Luterano de Educación Teológica (CLET)

Bibelskulen i Sucre vart vigsla i januar 1987. Heilt frå starten av vart det lagt vekt på at CLET skulle bidra til fellesskap på tvers av etniske skilje. Ikkje minst gjennomføring av undervisning både på quechua og spansk synleggjorde denne intensjonen. Skulen har også vore nytta til mange nasjonale leiarkurs og andre samlingar for forsamlingane i ICEL. Dette har utvilsamt vore og er framleis eit viktig bidrag i forsøket på bevare ein felles identitet for medlemane i ICEL.

At skilnadane var store mellom for eksempel ein ungdom som kom frå landsbygda og ein mestisungdom som var student ved eit universitet i Sucre eller Cochabamba var godt synlege. Og det var tydeleg når dei var saman. Svært unntaksvis opplevde ein at dei delte rom på bibelskulen saman. Dei grupperte seg lett etter sosial rang og språkleg identitet.

At elevar frå landsbygda også var utsette for det vi ville kalle mobbing, kom også til syne. Ved eit høve vart det hevda av ein mestisungdom at han hadde sett ein frå landsbygda sitje på toalettet feil veg. Sant eller ikkje sant – men mange drog på smilebandet. Det vart ei av dei mange ”gode” historiene. Men det er vanskeleg i ettertid å tenkje noko anna enn at slik kommunikasjon i seg sjølv er stigmatiserande – ikkje berre i forhold til han det galdt, men til dei som kom frå landet generelt.

NLM ga litt subsidiar til reise og opphald for elevane som kom på bibelskulekurs. Det vart sett på som nødvendig for å kunne få med dei som hadde dårlegast råd – ikkje minst dei som kom frå landsbygdene. Etter at ICEL overtok bibelskulen i 2005 har subsidiane til reiseutgifter falle bort, ein del av opphaldet vert framleis subsidiert. Det som er klart er at dei dei siste åra har minka med elevar frå landsbygdene. Det er ei utvikling som ICEL har sett dei seinare åra. Dessutan har det heller ikkje vore tilrettelagt med undervisning på quechua. Det kan sjå ut som om den viktigaste identitetsberande institusjonen for ICEL er i ferd med å endre karakter.

Ved bibelskulekurset på CLET i januar 2009 var det til saman 24 deltakarar frå byane. 11 av desse hadde røtene sine frå landsbygdene, men var no slike som hadde fått seg utdanning eller som var under høgare utdanning. Der var ingen quechuatalande deltakar som budde på landsbygda. To deltakarar kom frå aymaraområde. Ønskje er no at CLET skal gå i gang med desentraliserte kurs ute på landsbygdene, men dette er framleis ikkje kome i gang. Kva som er årsak til at deltakinga frå landsbygdene er i endring er derfor noko eg stiller spørsmål om i samtalan. I ein informasjon til konferansen for NLM-misjonærar i Bolivia i 2009 er denne situasjonen kort omtala. Der står det: ” *Diverre har talet på elevar gått sakte men sikkert*

*nedover, særleg quechuafolk. Kanskje nokre opplever eit sterkare skilje mellom dei frå byen og dei frå landsbygda”?*⁹¹

4.2.6 Generalforsamlingar, distriktssamlingar etc.

ICEL har heilt frå første tid lagt vekt på at det er viktig for dei ulike forsamlingane å treffast av og til i løpet av eit år. Generalforsamlinga kvart anna år var ikkje nok. Ikkje minst på distriktsnivå har det opp gjennom åra vore gjennomført mange slike fellesarrangement, men også ulike samlingar på nasjonalt nivå – både kvinnesamlingar og samlingar for begge kjønn. Eit av dei tiltaka som har betydd mykje for arbeidet i ICEL har vore kalla *Fiesta Cristiana*. Det starta som eit initiativ i Acacio distrikt, men vart etter kvart gjennomført også i andre distrikt. Dette har vore samlingar der ulike forsamlingar har vore saman 2-3 dagar med fellesskapssamlingar og felles måltid. Når slike samlingar har vore ute på landsbygdene har gjerne nokre frå byen delteke – også av leiarane i ICEL. Når samlingane har vore i ein av byane har det gjerne vore deltaking frå landsbygdene. Slike samlingar har ofte hatt god deltaking. I ein rapport for 2008 står det at desse samlingane enno er eit av dei viktigaste arbeidsreiskap i arbeidet til ICEL – ikkje minst i forhold til arbeidet ute på landsbygdene. I 2008 vart det gjennomført seks slike samlingar. Rapporten fortel om ei av desse samlingane. Denne var lagt til forsamlinga ”*Pas en la Tormenta*” i nedre del av Potosi by. Det blir sagt at dette var ei ”*inspirerende helg med eit par hundre menneske på det meste, mange av dei kom heilt frå Tinguipaya. Diverre kom ikkje så mange frå den andre forsamlinga lenger oppe i byen. Kvifor? Kan hende er det eit eksempel på at det ikkje er så heilt enkelt å berre slå saman ulike kulturar*”.⁹²

4.2.7 Etnisitet og posisjonar i ICEL

Forsamlingane vart ved konstitueringa av ICEL knyta til fem distrikt med eigne distriktsstyre. Desse distrikta fekk ei nasjonal overbygning med eit eige styre vald av utsendingar frå forsamlingane. Det viste seg heilt frå starten at mestiskulturen fekk dei dominerande posisjonane ved at både generalsekretæren og styreformann i ICEL begge var unge mestisar frå Cochabamba by. Denne maktposisjonen stod ved lag heilt fram til generalforsamlinga 2009. Då vart ein ny formann valt – også han mestis. Også leiarane for CLET og skulen Jesus Maestro har vore personar med mestisbakgrunn. Nokre gode medarbeidarar med quechua- og aymarabakgrunn har dei siste åra blitt sagt opp. Andre har sagt opp sjølve.

⁹¹ Referat frå Misjonærkonferansen 2009: Vedlegg 3

⁹² Referat frå Misjonærkonferansen 2009: Vedlegg 3

Fram til generalforsamlinga i april 2009 hadde styret for ICEL minst ein person som kom frå landsbygda. Val av nytt styre i april ga dei denne gongen ingen representant. Eg har gått gjennom statuttane og reglementet for ICEL, og har ikkje funne noko som tilseier at denne utviklinga er i strid med desse dokumenta. Det einaste måtte vere artikkel 22 punkt g i reglementet som seier at ”*generalforsamlinga skal våke over situasjonen i dei ulike distrikta og dei lokale forsamlingane.*” Nominasjonskomiteen som består av ein representant frå kvart distrikt har også eit betydeleg ansvar. Artikkel 104 i statuttane omtalar samansetjinga av styret på distriktsnivå. Her står det at samansetjinga av styret skal ta omsyn til geografisk representasjon. I følgje informasjon frå ein av leiarane i ICEL har der vore ein uskriven overeinskomst om at dette skulle gjelde også i forhold til val av styret for ICEL. Der har også vore forslag om å få dette med i reglementet for ICEL, men dette har det førebels ikkje blitt noko av.⁹³

4.2.8 Medlemsoversikt⁹⁴

Medlemsoversikta viser at ICEL i 2008 hadde 1170 medlemmar. Av desse reknar dei 276 som passive medlemmar, ved at dei sjeldan eller aldri viser seg i nokon av forsamlingane til ICEL. 382 er medlemmar som er under 18 år, og 512 som er over 18 år vert rekna som aktive. Til saman har ICEL 894 medlemmar som dei omtalar som aktive. Av desse er 445 medlemmar knyta til forsamlingar i byane ICEL arbeider i, samt i forstadane til desse byane. Nokre av desse forsamlingane har sterke innslag av quechuatalande som gjer at forkynninga, i alle høve av og til, går føre seg på quechua. Dette er for eksempel tilfelle i forsamlinga *Sinai* i utkanten av Cochabamba by. 427 medlemmar er knyta til quechuaområde i landsbyar og ute på landsbygdene. Og til sist er 22 medlemmar knyta til aymaraområde. Dette gjeld forsamlinga *Jesus la Roca*, i Angostura. I dette området har fleire forsamlingar blitt nedlagt dei siste åra. Dette viser at det pr.31.12.08 var noko fleire medlemmar knyta til forsamlingane i landsbyane og landsbygdene samanlikna med forsamlingane i byane. Statistikken for 2008 viser dessutan at ICEL har 34 forsamlingar – 22 av desse er organiserte forsamlingar, medan 12 av forsamlingane vert rekna som ikkje organiserte. I gjennomsnitt har dermed forsamlingane 26 medlemmar. Den største har 81 medlemmar og ei av dei ikkje organiserte forsamlingane har førebels ingen medlemmar i følgje statistikken for 2008. Det dreiar seg med andre ord om små og sårbare forsamlingar.

⁹³ Delgado 2009: Mail mottatt 25.08.09

⁹⁴ ICEL 2009: Appendiks 1

På ICEL si generalforsamling i april 2009 vart det også lagt fram ei oversikt over medlemmar over 18 år i perioden 1996 -2008. I norsk utgåve ser den slik ut:

DISTRIKT	1996	1998	2000	2002	2004	2006	2008
Cochabamba distrikt			104	91	120	88	84
Chuquisaca distrikt			150	135	125	100	125
Potosi distrikt			65	91	78	74	70
Tinguipaya distrikt			250	136	191	209	154
Acacio distrikt			137	111	111	60	51
Santa Cruz (ei forsamling)				4	4	23	28
Sum medlemmar over 18 år	500	610	706	568	629	554	512

Denne oversikta fortel i første rekke at ICEL ikkje opplever vekst med omsyn til medlemmar over 18 år. I perioden 2000 -2008 er medlemstalet over 18 år i dei fem etablerte distrikta redusert med 222. Tinguipaya og Acacio distrikt som er dei distrikta som i størst grad representerer landsbygdene utgjer i denne perioden åleine ein nedgang på 182 medlemmar. Samtidig er det gledeleg at forsamlinga i Santa Cruz opplever vekst.

Ohma hevder at etnisitet i forsamlingane i ICEL i nokre tilfelle kan vere ei medverkande årsak til at menneske held seg borte frå, eller fell frå forsamlingane, fordi det har negativ verknad på fellesskapet.⁹⁵

4.3 Oppsummering

Bolivia er ein multikulturell nasjon. Mestisane har gjennom nyare historie vore premissleverandørar for undertrykking og diskriminering av urfolket. Mellom urfolket er det dei aymara – og quechuatalande som utgjer dei største gruppene. Desse gruppene opplever framleis intens diskriminering. Forsøket på å gjere alle til mestisar lukkast ikkje. Urfolket har reist seg i protest, og har for første gang i historia fått ein av sine egne som president. Evo Morales gir urfolket ei myndig stemme. Den etniske bevisstgjeringa er veksande. Samtidig lever mange bolivianarar i dag med frykt – ikkje minst mellom mestisane. Og det dei fryktar mest er at urfolket skal reise seg i ein protest som får konsekvensar for deira sosiale status og at posisjonane dei har hatt i landet gjennom generasjonar skal opphøyre. Den 6. desember 2009 er det nytt val i Bolivia. Evo Morales ledar klart på meiningsmålingane. Åtte motkandidatar stiller til val, men alt tyder på at Morales også denne gongen vil vinne ein klar siger.⁹⁶

⁹⁵ Ohma 2008:46.

⁹⁶La Gaceta 2009: Argentinsk avis. 09.09.09

Misjonsstrategien som NLM hadde i utgangspunktet var å nå quechuafolket med evangeliet. Utviklinga i arbeidet viste likevel at ei framtidig nasjonal kyrkje ville måtte ha rom for både mestis-, quechua- og aymarakulturen. Den viste etter kvart at det var mestisar som kom til å verte toneangivande i ei framtidig nasjonal kyrkje. NLM prøvde på mange måtar å legge til rette for at alle gruppene skulle oppleve seg inkluderte i fellesskapet. Dette kom til syne på fleire måtar – ikkje minst gjennom det diakonale arbeidet, i arbeidet ved CLET og på andre fellesarrangement der medlemmar frå dei ulike kulturane var med.

Skulen Jesus Maestro som ICEL driv er også ein viktig diakonal institusjon. Den er stor og ressurskrevjande. Medverkar den til at prioriteringar retta mot landsbygdene vert borte? Og på CLET kjem det stadig færre elevar frå landsbygdene. Kva er grunnen? ICEL har ikkje lenger nokon i styret for kyrkja som representerer landsbygdene, samtidig med at talet på medlemmar over 18 år har gått dramatisk ned i desse områda. Er vanskar med inkludering som følgje av etnisitet ein viktig grunn?

5 Tematisert presentasjon av samtalane

Eg gjennomførte intervju med 12 informantar og vil først gi ei oversikt over samansetjinga av desse. Deretter vil eg presentere samtalane. Målsetjinga med presentasjonen er å synleggjere informantane sine stemmer. Eg har etter beste evne leita etter dei tankane som på best måte er retta mot problemstillingane og dei områda innanfor ICEL sitt arbeid som eg fokuserer på. I presentasjonen av samtalane har eg koda informantane og svara slik at for eksempel C4 er informant nummer 4 sitt svar på spørsmål c. Sjølve intervjuguiden er vedlagt i appendiks 3. I appendiks 4 har eg laga ei oversikt over informantane som er nummererte i den rekkefølge som eg gjennomførte intervju. Her viser eg også bustad, etnisitet, alder, kjønn og om personen er tilsett eller ikkje i ICEL.

I presentasjonen av samtalane med informantane, og også i drøftinga i kapittel 6 vel eg å nytte den motsette struktur som eg har lagt til grunne i kapittel 3. Dette inneber at ekklesiologien kjem først, deretter konflikhtar som følgje av ulikskap og til sist kyrkja sitt medvit. Dette gjer eg fordi eg ønskjer å presentere sjølvforståinga som ICEL har om det kristne fleirkulturelle fellesskapet før ein ser på konfliktområda.

5.1 Kort presentasjon av informantane

To av informantane er med i leiarskapet for ICEL.

Fem av dei tolv informantane er kvinner.

Sju av informantane har eitt eller anna tilsetjingsforhold innanfor ICEL, resten har det ikkje.

Alle informantane er medlemar i ICEL, og elleve av dei har vore det heilt frå ICEL vart konstituert. Desse har derfor grunnleggande kunnskapar om ICEL og arbeidet som skjer kringom i landet.

Seks av informantane er å rekne som mestisar sjølv om nokre av desse har hatt delar av barndomen sin i quechuatalande område og av den grunn forstår språket.

Fire av informantane tilhøyrrer quechuakulturen og to tilhøyrrer aymarakulturen.

5.2 Kva lærer ICEL om respekt for ulikskap?

Det handlar om realitetar – om å leve og fungere relativt tett saman sjølv om dei kulturelle ulikskapane er store. Det er det som er utgangspunktet for ICEL. To av informantane seier:

ICEL har frå første dag bestått av ulike etniske grupper. Det var det vi tok over. Frå den første dag i ICEL si historie har dette vore realitetane. Og dermed har det også vore heilt naturleg å ta vare på dette fellesskapet.(C2)

Eg trur at ICEL er ei av dei kyrkjene som på ein bra måte greier å sjå på dei som kjem frå landsbygdene som kristne søsken. Det er ikkje slik i alle evangeliske kyrkjer her i Bolivia. Det kan vere mykje klasseinndeling. (A7)

I samtalane eg hadde med informantane kjem det fram mange ulike synspunkt omkring ICEL som fellesskap av kristne forsamlingar. Eg vil derfor først presentere nokre av dei åndelege uttrykksmåtane som kjem fram, og som omtalar korleis dei tenkjer om det fleirkulturelle fellesskapet i ICEL.

På det teoretiske plan kjem dette til syne i forkynninga ved at det vert forkynt at vi alle er eitt i Kristus – uavhengig av rase og språkleg bakgrunn.(A1)

Det som bind oss saman er Guds kjærleik. Det gir oss fellesskap med kvarandre. I dette fellesskapet vert vi meir og meir verdifulle for kvarandre uavhengig av kulturell bakgrunn. Vi snakkar ikkje om kva som skil oss, men om kva som bind oss saman. Det nyttar ikkje å fokusere på at vi er så og så ulike, men fokusere på kva som bind oss saman. Det viktige er å snakke om det som foreinar oss og ikkje det som skil oss.(A2)

Ein som eig Kristus i livet sitt vert eit nytt menneske. Respekt og toleranse vert ei frukt. Der er mange bibelavsnitt som fortel oss korleis vi skal leve med kvarandre. Guds ord eig svaret: Å elske kvarandre slik som vi er.(I2)

I det kristne fellesskapet er der noko som bind saman. Det som i første rekke bind saman er av åndeleg karakter. Det handlar om ein ny, felles identitet. På spørsmålet om kva dei la i uttrykket *søsken* som tiltaleform i forsamlingane vart det mellom anna sagt:

Det er ein måte å identifisere seg på. Vi eig den same trua. Vi er del i den same familien – i Guds familie. Det er eit uttrykk som vert brukt for å skape samhald og ikkje ulikskap. Fundamentet vi byggjer på er fellesskapet i Kristus. Gjennom det fell også respekten for kvarandre på plass. Dette inneber også evnene til å setje seg inn i korleis andre har det i liva sine.(B2)

Det er eit uttrykk for vennlegheit. I forsamlinga betyr det mykje for meg at eg vert tiltalt som søster og det gjer meg glad. Det gir meg identitet. Eg er med i dette fellesskapet. Og vi høyrer Gud til.(B5)

Fellesskapet med Kristus er sjølv fundamentet. Dette gjer det mogleg å setje seg inn i korleis andre menneske har det og skaper respekt for kvarandre. Og evangeliet forandrar menneske slik at det er i stand til å byggje bru mellom ulike etniske grupper.

Det er viktig å vise kvarandre respekt uavhengig av kven ein er. Språk og veremåte skal ikkje vere noko hindring. (F1)

Eg tenkjer slik at det einaste som kan bygge bru mellom menneske av ulike etniske grupper er nettopp det å verte fødd på ny. Fellesskap og likeverd vert ei frukt av dette. Det er grunnen til at eg sjølv har blitt verande i forsamlinga til denne tid.(I1)

Ein annan informant fortel at dei mange fine orda ikkje alltid vert etterlevd. Denne personen hadde gjennom ei tid hatt det svært vanskeleg. Og det kristne fellesskapet stilte ikkje opp. Eg tek det med fordi det er allment:

Dei sa til meg at eg måtte stole på Gud, og så høyrde eg aldri noko meir. Det hadde vore godt for meg å få meir oppfølging akkurat denne tida. Eg hadde så store forventningar til medkristne at dei ville stille opp – ikkje med økonomisk hjelp, men at dei ville bry seg om meg. Det har eg ikkje opplevd. Så uttrykket hermano(bror) har nok fått seg ein knekk. Eg har følt meg veldig åleine. Dei gongane eg har kome til forsamlinga har eg rett nok fått spørsmål om korleis det går, men ingen har sett til meg. Heller er det slik at det er ikkje-kristne som har trådd til og støtta meg. Eg har blitt mismodig av dette og mista tillita til mine kristne søsken. Og dette har eg eigentleg opplevd mange gongar. Det har vore ein hard leksjon for meg. (D4)

Der er i ICEL som i alle kristne fellesskap eit samspel mellom det åndelege og det praktiske liv. Fellesskapet gjer mange ulike ting saman. To av informantane sa noko som eg vel å nytte som ei oppsummering og som ein inngang til vidare presentasjon:

På det praktiske plan må det vere møteplassane vi har, ulike seminar, fellessamlingar og kyrkja si generalforsamling. Der er vilje til å ta vare på dette fellesskapet. Kanskje er der nokre som fell utanfor og som ikkje føler seg vel. (A1)

ICEL prøver å legge til rette for at dei som kjem frå landsbygdene skal føle seg vel. I ulike arrangement der vi har vore saman har det vore prøvd å legge til rette aktivitetar som alle kan vere med på.(F9)

5.3 Ulikskap og konflikt

Eg vil under dette punktet trekke inn kommentarane til nokre av informantane som seier noko om vanskaner som ICEL lever med fordi ulikskapen er stor. Eit lite kyrkjelokale vart stengt. Dei fleste som gjekk der tilhørde aymarakulturen. Ved CLET er det stadig færre elevar frå quechua- og aymarafolket. Og i styret for ICEL er det ikkje lenger nokon som representerer dei. Samtidig er det eit faktum at ICEL mistar mange medlemmar frå bygdene.

Eg har også valt å trekke inn synspunkt i forholdet til diakonale institusjonar under dette punktet. I første rekke dreier det seg om skulen Jesus Maestro der nokre tilsette har ansvar for diakonale oppgåver. Eg ønskjer å belyse synspunkta her fordi nokre av informantane frå quechuakulturen opplever at dei vert nedprioritert.

5.3.1 Eit forsamlingslokale vert stengt

På spørsmål om tillitsforhold innanfor ICEL nemnde ein av informantane også mangel på vilje til forsoning. Eg tek det med her fordi det fekk konsekvensar for ei lita forsamling. Det dreia seg om eit konkret saksforhold. Eit forsamlingslokale vart stengt utan god grunngeving. Denne forsamlinga hadde dominans av medlemmar frå aymarakulturen.

Informanten fortel:

Ein kveld vart forsamlingslokalet stengt med hengelås. Nokre distriktsleiarar møtte opp dagen etter. Då vart det sagt: Her er inga vekst, vi må berre stenge. Eg spurte dei – kvifor kan vi ikkje snakke om dette? Men dei hadde ikkje meir å seie. Kva kunne eg vel gjere – ein liten hund har lite å stille opp med i forhold til ein stor. Forsamlinga vår var som denne vesle hunden og styret for ICEL den store. Det slutta der. Etterpå har det ikkje vore noko forsøk på forsoning. Ikkje ein gong har dei vitja meg i heimen min. Eg hadde venta at nokon skulle seie noko til meg, det har ikkje skjedd og det er eg veldig skuffa over. Og eg opplever at NLM også har svikta her. Eg leita etter støtte, men fekk det ikkje. Dette gjorde meg trist, og eg er det framleis. Eg hadde aldri trudd at noko slikt kunne skje. (D12)

5.3.2 Mangel på inkludering ved CLET

Hovudspørsmålet som eg stilte for å få svar på utviklinga ved CLET var: *Kva trur du er grunnen til at det dei siste åra har minka med studentar frå landsbygdene?* Nokre synspunkt om situasjonen ved CLET kom også her fram i nokre av dei andre spørsmåla.

På CLET har eg også opplevd at nokre ikkje følte seg vel. Det er heller ikkje lett dette når elevane som kjem frå byen oftast er ungdommar som er i ferd med å avslutte

vidaregåande eller som held på med eit universitetsstudie, og så blir ein plasserte i same klasse med nokre som er så heilt ulike. Eg vil ikkje kalle det diskriminering, men det blir lett slik at dei vert haldne utanfor. Det kan lett bli slik at dei kjenner seg mindre verdifulle.(G9)

Nokre frå landsbygda har sagt ope ut : – ”korleis kan vi dra dit og berre kjenne på skam fordi vi ikkje veit korleis vi skal oppføre oss?” Det er ikkje lett å få dei som kjem frå landsbygdene til å føle seg vel på eit bibelskulekurs over tre veker. Heller ikkje dei som kjem frå byen kjenner seg heilt vel når dei skal vere saman med folk frå landsbygda over såpass lang tid. (E3)

Eg har høyrte mange frå landsbygda seie: ”Eg skal aldri meir dra dit”. Dei føler seg rett og slett audmjuka. Når dei for eksempel hadde undervisning og nokre av dei ikkje hadde gjort dei oppgåvene dei skulle vart dei møtt med skrik og rop. Dei fekk direkte spørsmål om kvifor dei var der. Og så fekk dei vite at det var betre om dei hadde halde seg heime. Det er ikkje rart at dei føler seg audmjuka. (E4)

Eg har høyrte både av ein kristen bror i Parantaca og frå Tinguipaya at dei hadde blitt behandla dårleg fordi dei lukta slik. Det førte til at ein av dei drog sin veg. Litt seinare drog den andre også. Han sa: ”Eg kan ikkje tillate at dei audmjukar oss på denne måten.” (E5)

Det kan nok også vere slik at der har vore nokre samanstyrt på CLET som ikkje har vore bra. Vi har opplevd at heilt nye kristne frå landsbygda har kome til CLET. Det trur eg personleg ikkje har vore så lurt. Dei burde få litt opplæring lokalt først. Undervisninga på CLET prøver tross alt å gå litt i djupna. Og så er det dette med ulike vanar som ein har med seg. Dette er også ei utfordring.(E9)

Nokre av informantane trekte fram økonomi og mangel på undervisning på quechua som sterkt medverkande faktor til at det dei siste åra har minka med studentar frå landsbygdene :

I perioden 1990 – 2000 var det mange som reiste til CLET. Det var nesten alltid fullt, med bortimot 60-70 elevar. Eg har sjølv ikkje delteke dei to siste åra av heilt personlege årsaker. Men det ser ut for meg som om mange har gått seg trøytte. Då tenkjer eg på det åndelege plan. Og så er det dette med økonomien. Kva deltakar må betale meir no enn før for å delta, og det vert gjerne for dyrt for mange som er frå landsbygdene. Mange har ikkje nok til å dekkje utgiftene til heimen, derfor er dette klart ein av grunnane. (E8)

For å kome seg frå Tinguipaya til Sucre kostar det kanskje 100 kr. Det er ikkje så mykje, men for ein som bur ute på landsbygda er det dyrt likevel. Og ennå verre er det frå Acacio – distrikt. No er det slik at ca. halvparten av utgiftene på sjølve kurset vert subsidiert – d.v.s. at elevane i tillegg må betale ca.135 kr. Til saman vert dette for dyrt for mange. På den andre side manglar det nok også ein del motivering for å få fleire frå landsbygdene til å delta.(E10)

Ein annan ting er at der ikkje lenger er undervisning på quechua. Når ein plasserer dei som kjem frå landsbygdene i grupper der all undervisninga skjer på spansk, så forstår dei ikkje alt.(E5)

5.3.3 Maktasymmetrien i ICEL

Eg har tidlegare i oppgåva vist at ansvar og posisjonar er ulikt fordelt. Ein av informantane seier følgjande om desse forholda:

Eg trur at i det lange løp opplever dei som kjem frå landsbygdene ei form for manipulering. Slik er det i det politiske liv og vi kjenner vel litt av det same i ICEL. Ikkje minst i forhold til det å kome i posisjon innanfor kyrkja.(E3)

Vedtak som f. eksempel vert fatta av leiinga for ICEL vert gjerne akseptert av forsamlingane i byane, medan forsamlingane ute på landsbygda ikkje godtek ein slik modell. Deira tradisjon er at viktige ting skal gå føre seg i det store fellesskapet. Dette har ført til at vi har måtte løyse mange interne problem. Konstitusjonen for ICEL er ikkje tilpassa røyndomen ute i landsbygdene og landsbyane. Ein annan ting er fordelinga av dei økonomiske ressursane til ICEL. Eg trur at rundt 80% av budsjettet har gått til å dekkje arbeidet i byane. På den siste generalforsamlinga no i april merka vi litt av denne kritikken. Som eit lite opprør i miniatyr. Eg trur at den dagen dei stiller med ein leiar som vågar å heve røysta si med styrke kan vi stå overfor ei deling av kyrkja.(A3)

Mange ønskjer å tenkje slik at når vi kjem inn i forsamlinga legg vi frå oss dei politiske tankane og vår kulturelle bakgrunn, men slik er det ikkje. Eg tenkjer av og til at ICEL er delt inn i syndikat slik samfunnet er elles. Ikkje minst er dette sterkt ute på landsbygdene. Dette å ha ei sterk stemme som talar gruppa si sak. Det er ikkje det at dei er svake, men dei som kjem frå landsbygdene manglar nokon som talar deira sak. (F3)

Fleire av informantane har tankar om det faktum at styret for ICEL ikkje lenger har nokon som direkte representerer forsamlingane frå landsbygdene.

Når det gjeld for eksempel dette med å velje representantar til styret i ICEL så har det nok vore ei utvikling i retning av at ein ser etter personar som er skikka til det, meir enn å tenkje utifrå representasjon frå dei ulike distrikta i ICEL. Dette har nok også sin bakgrunn i at konstitusjonen for ICEL stiller ulike krav til dei som skal vere leiarar for kyrkja. Det er lite opplæring i leiarskap ute på landsbygdene. Sjølv om det er slik at dei fleste medlemne i ICEL bur på landsbygda, så er der få leiarar. (A9)

Eg veit ikkje kva som gjer det, men eg trur at dei som er frå byane tenkjer at ein som bur ute på landsbygda ikkje har nok kunnskap til å ha eit slik verv. Det kan nok vere slik at dette over tid kan føre til eit skilje. Dei som er frå bygdene seier ikkje så mykje, men i første omgang kan det føre til at dei ikkje har lyst til lenger å delta på ICEL si generalforsamling – at dei seier at byfolket får ordne opp for seg sjølve.(H4)

Dette at det no er berre representantar frå byane i styret for ICEL seier også noko. Eg hørde ein frå landsbygda seie: No orkar eg ikkje meir” Det var eit uttrykk for at han var sliten og lei – kanskje mismodig. Det har alltid vore overrepresentasjon av folk frå byane i leiinga, men der har alltid vore ein eller to representantar frå landsbygdene.(G5)

Det har vore mangel på deltaking av leiarar frå landsbygdene, og det trur eg er grunnen til at dette har skjedd. Leiarar som burde vore med har ikkje stilt seg til disposisjon.(A10)

Det er no berre ein gong slik at ICEL sin administrasjon er nøydd til å vere i byen. Der må vere folk som kan å styre for eksempel økonomien. Styresmaktene krev innsyn i inntekter og utgifter i forsamlingane, og dette ville dei ikkje kunne makte å gjennomføre ute på landsbygdene.(C10)

5.3.4 Medlemar blir borte frå ICEL

Fleire av medlemane har blitt borte. Og trenden er at det er i forsamlingane ute på landsbygdene – i reine quechua- og aymaramiljø, at nedgangen er sterkast. Ein av leiarane sa med litt fortvilning i stemma at det kan verke som om forsamlingane har ei inngangsdør og ei anna dør der dei går ut. Som nest siste spørsmål bad eg om synspunkt på medlemsflukta.

Eg trur at grunnen i første rekke er leiarmangel og ikkje dette med dei ulike kulturane innafor ICEL. Litt verkar det også inn dette at nokre reiser til utlandet for å finne seg arbeid. Vi har hatt pastorar som ikkje har utført arbeidet sitt på ein god måte. Forminga av pastorar har ikkje dekt dei nødvendige perspektiva. Men det er no eingong slik at gjer ikkje leiarane og pastorane jobben sin, så gjer ikkje medlemane det heller. Vi har sjølv sagt alle eit ansvar. Vi har prøvd å få tak i dei som er såkalla passive medlemar, men det er ikkje så lett. Det krev mykje oppfølging. Det er eit nøkkelord.(K7)

Migrasjonsproblemet, mangelfull oppfølging, mangel på åndelege leiarar, pastorar som sviktar, mistillit, mangel på kommunikasjon, spørsmål om dåp, mangel på forsoning og konkurranse frå andre kristne forsamlingar vart derimot nemnd som nokre av grunnane:

Situasjonen i dag er at alle pastorane vi har i dag er utdanna ved SETELA.⁹⁷ Dei vi før hadde har gradvis blitt bytta ut. Dette har også medført at fleire av desse har trekt seg meir eller mindre heilt bort frå arbeidet. Dette trur eg er ein av hovudgrunnane til at vi har den situasjonen vi har i ICEL. De har etterlate dykk ei "Iglesia Luterana Machista" – ei luthersk mannsdominert kyrkje. Eg trur at det å vere pastor er ei nådegåve. Og den manglar vi i ICEL.(K1)

Nokre medarbeidarar har blitt oppsagde. Dette førte nok av og til med seg mismod – ja, kanskje bortimot hat mot leiarskapet i ICEL. Det har vore ei vanskeleg tid, men eg har ei kjensle av at dei siste seks månadane har det snudd noko. Vi har nok innanfor ICEL ein del menneske som har opplevd seg krenka. Forsoning er nødvendig, men ein føresetnad er at personane sjølve ønskjer det. Først og fremst den som føler seg krenka. Mange står nok på utsida av forsamlingane fordi vi har gløymt å setje oss ned og snakke. Det er mange, mange slike.(K9)

Eg trur også at konkurransen med andre evangeliske kyrkjer også har påverka oss - ikkje minst frå dei ulike pinsevennrørslene. Vi kan vel seie det slik at dei "stel" medlemar frå oss. Der er mange eksempel på at frå våre forsamlingar har gått over til

⁹⁷ Jf. kap.1.2

andre kyrkjer. Eg minnest ein gong i forsamlinga vår at der var ei familie som hadde store problem. Då var det ei som sa: ” Dersom vi kunne ha døypt vaksne, så ville forsamlinga vår vere full av folk.” Og det er nok dei som tykkjer at den lutherske kyrkja vert for lik den katolske. (K10)

Det er nok mykje på grunn av manglande kommunikasjon. Det er viktig å snakke saman. Det er alltid slik at der vert nokre samanstøytar. Det kan vere små ting. Vi er ikkje små helgenar (santitos) . Det er nok slik at nokre trekkjer seg ut fordi dei ikkje vil vere kristne. Dei vender tilbake til eit verdsleg liv. Dei har ikkje motstandskraft nok til å bli verande i forsamlinga. Nokre går nok også til andre forsamlingar når dei møter motstand. Det er for liten vilje til forsoning – dette å be kvarandre om tilgiving. (K6)

Vi har mange medlemmar som er passive. Å gå på besøk er ikkje så lett meg lenger. Ein av leiarane for ICEL har sagt meg at eg trengjer inn på pastorane sitt område når eg gjer det. Når det kjem besøk frå landsbygdene brukte eg ofte å besøkje desse. No berre seier eg ifrå til pastorane om dette, men dei besøkje ikkje. (L5)

5.3.5 Diakonale institusjonar i ICEL

Som eg tidlegare har vist ønskjer ICEL å ha eit diakonalt fokus. Det eg i første rekke var ute etter i samtalanane med informantane var retta mot diakonale institusjonar. ICEL har satsa stort på skulen Jesus Maestro. I tillegg til å vere ein grunnskule ser også ICEL på skulen som ein viktig diakonal institusjon og har tilsette som har ansvar for å fokusere på diakonale oppgåver. Spørsmålet eg stilte var om dei trudde at Jesus Maestro representerte ei nedprioritering av quechua- og aymaraområda med tanke på diakonale institusjonar.

På siste generalforsamlinga var det kommentarar på at for mykje har samla seg i Cochabamba. ”De har skulen Jesus Maestro og de har ein eigen leirstad for forsamlingane. Dette vil vi også ha ”. Dei tenkjer på lik fordeling.(J3)

Det har vore klager på at alt har hamna i Cochabamba. Det var for eksempel det som kom til uttrykk då søknaden om å få byggje ein skule i Ayamaya vart førelagt styret i ICEL. Dei ville også ha ein del av kaka. Men dei praktiske føresetnadane for eit slikt prosjekt var ikkje til stades, noko som førte til at ICEL ikkje kunne svare positivt på denne søknaden. Dette vart nok ein medverkande faktor til at arbeidet i dette aymaraområdet har blitt sterkt redusert. Dei var mest opptekne av kva dei kunne greie å kare til seg. Men det har også på generalforsamlinga vore uttrykt kritikk for at Cochabamba har fått for stor prioritet. (J1)

I Acacio har det ofte vore omtalt dette at den diakonale satsinga vert flytta til byen. Vi har for eksempel søkt ICEL om å få eit skuleinternat vi også, slik dei har det i Tinguipaya. Dette har ICEL ikkje gått inn for. Dei tenkjer , trur eg , at dette er noko som høyrer dei i byen til. Sjølv om det er slik at skulen tek imot emigrantar frå landsbygdene så høyrer arbeidet like fullt byen til. (J4)

Vi har i dag ikkje noko institusjonelt diakonalt arbeid i Acacio distrikt. Vi føler av og til at vi ikkje greier å ta evangeliet på alvor. Vi forkynner at vi vil hjelpe, men når det skal konkretiserast så står vi hjelpelause.. Vi opplever at vi presenterer evangeliet som løgn fordi vi ikkje gir den hjelp vi burde. Vi har lova av og

til at vi skal hjelpe, men når søknaden kjem med styrke så står vi hjelpelause fordi vi ikkje har dei nødvendige ressursane. Dette gjer oss av og til mismodige. Dei som kjenner til skulen føler nok liten grad av eigarskap til dette arbeidet, sjølv om vi veit at det er eit viktig diakonalt arbeid for ICEL.(J8)

På det andre sida vart teke til orde for at Jesus Maestro var eit strategisk viktig val for ICEL og at det nettopp er elevar frå quechua- og aymarafolket som utgjer hovudtyngda ved skulen:

Som kyrkje har vi sett det slik at å satse innanfor undervisning er strategisk, for det er der det sviktar mest frå det offentlege. Og det har vore strategisk viktig å knyte dette til byen. Det har vore kritikk for at denne skulen hamna i byen. Det et likevel eit faktum at denne skulen nettopp er ei hjelp retta mot dei som emigrerer frå landsbygdene. Vi gir med andre ord hjelp til mange både frå Ayamaya, Acacio, Tinguipaya og svært mange andre stadar gjennom dette skuleprosjektet. (J2)

Det er få av medlemmane i ICEL som er opptekne av det som går føre seg på Jesus Maestro. Dei er sjølv sagt kjende med at skulen finst, men har ikkje noko eigarskap til skulen. Eg saknar denne omsorga for Jesus Maestro. Vel veit eg at det er nokre som har bedt for skulen når vi av og til har hatt det svært vanskeleg, men jamt over er det få som bryr seg. Om lag 60% av elevane har foreldre som har emigrert frå aymara - område. Langt dei fleste av dei resterande har foreldre som har emigrert frå quechua- område. Dette betyr at skulen er ein viktig brubyggjar for ICEL, som ønskjer på denne måten å vere til hjelp for det multikulturelle fellesskapet som kyrkja har. Vi har eigne tilsette som utelukkande er opptekne av å gi støtte og hjelp til elevane etter skuletid. Dei prøver også å gi hjelp til foreldra. Det å vite at kanskje så mange som 30% av elevane ikkje bur hos besteforeldre, onklar og tanter, ja, nokre få bur til og med åleine – berre med tilsyn av nokre naboar, er ei kjempeutfordring. Foreldra har dradd til utlandet på leit etter arbeid. Det er ein trist situasjon som vi prøver så godt vi kan å følgje opp. (J3)

Vi ønskjer at forsamlingane i ICEL skal føle eigarskap til denne skulen. Det er klart at der er behov for mange ting ute på bygdene også, men det er vanskeleg å greie alt. (J10)

5.3.6 Oppsummering

Samtalane gir eksempel på manglande vilje til forsoning. Og kommunikasjonen svikta. Situasjonen ved CLET er vanskeleg. Elevar frå quechua- og aymarakulturen vil ikkje lenger kome til skulen. Ein av hovudgrunnane kan synast å vere handlingar som ekskluderer. Det faktum at makta i ICEL er så skeivt fordelt vert av fleire sett på som ei uheldig utvikling som i verste fall kan føre til eit skilje i ICEL og fleire medlemmar forlèt ICEL. Representantar frå Acacio distrikt føler seg forbigått i forhold til ICEL si satsing på diakonale institusjonar. Fleire uttrykkjer manglande eigarskap til skulen Jesus Maestro.

5.4 ICEL sine tiltak for inkludering og nedkjemping av etnisk diskriminering

5.4.1 Tiltak mot ekskludering

Eg hadde ikkje eit spesifikt spørsmål som var retta mot korleis det var når ICEL var samla til ulike fellessamlingar og kva tiltak dei hadde for at quechua- og aymarafolket ikkje skulle oppleve seg ekskludert. Nokre synspunkt kom likevel fram i samtalanene som eg vil trekke fram.

Vi har i alle fall prøvd til ei viss grad å gi oppgåver til medlemmar som kjem frå landsbygdene når vi har fellessamlingar – både i møteleiing og i forkynning. Det er viktig for at dei skal føle at dei vert tekne på alvor. (C5)

Eg minnest ein gong vi var samla til kvinnemøte på CLET. Fleire av kvinnene som kom frå landsbygdene følte at dei ikkje var noko verd i møte med kvinnene som kom frå byane. Då vi seinare hadde ei evaluering av denne samlinga med tanke på å førebu neste samling var det sagt at vi er nøydde til å ta opp hygiene som eit tema – korleis desse kvinnene skulle stelle seg og vaske seg. Eg sa til dei: "Veit de ikkje at for mange av desse kvinnene er det eit mirakel berre det å ha nok vatn til å mat og drikke". Det er klart at ein kan ta opp eit slikt tema, men ikkje på eit fellesarrangement for kvinner i ICEL. Dessverre har det blitt slik at kvinnene frå landsbygdene ikkje lenger ønskjer å delta på slike samlingar. (F5)

Eg har nok observert dette at når vi er samla mellom by og landsbygd, så er det nok mange som ber på ei slags frykt. Dei frå landsbygdene seier ikkje så mykje. Dei har ikkje denne indre styrken til å stille spørsmål – kvifor er det og det slik og slik? Eg har prøvd å sagt dei til dei at det er ikkje rett å godta alt. Dei må ikkje vere redde for å stille spørsmål i situasjonen når den dukkar opp. Slik ser vi det ofte på generalforsamlingane – at dei tek sjeldan ordet av frykt. Eg trur at dei tenkjer: Kanskje snakkar eg ikkje godt nok spansk, og snakkar eg på quechua så vert det ikkje verdsett. Dette skjer, det har eg sett. (C11)

Når vi er saman med andre forsamlingar innanfor ICEL ser vi at det lett blir slik at vi søker mest kontakt med dei vi liknar mest. Om kveldane snakkar vi mykje med dei som kjem frå Tinguipaya. Vi har mykje til felles med dei. Når vi har distriktsamlingar og større fellessamlingar hender det at vi får besøk frå byen. Då er det gjerne nokon frå administrasjonen eller frå styret i ICEL som deltek, gjerne med eit tema. Vi hadde ofte slike samlinga før – opptil 6-7 i året. No har det minka ein god del. (A8)

På landsbygda prøver vi å løfte kvarandre opp. Om dei er fattige eller litt meir rike så er ikkje det avgjerande. Av og til kan vi nok føle på litt at dette manglar når vi saman for eksempel på CLET eller er på generalforsamling. Då er det nokre som lett hevar seg over andre. Slike som vert litt for profesjonelle. (F8)

Ein av informantane hevda at spesielle tiltak var unødvendige ved å seie:

Der har vel aldri vore ei problemstilling korleis dei som kjem frå landsbygdene skal føle seg vel saman med oss. Det gir seg av seg sjølv. I og med at vi er saman over kort

tid på dei ulike fellessamlingane vi har går dette greitt. Annleis hadde det kanskje vore om vi skulle vere saman over lang tid. Men ein prøver å gi lik merksemd til alle. Der er inga spesialbehandling av nokre.(C1)

Ein av leiarane i ICEL var seg bevisst situasjonen ved CLET og kom med ei konkret målsetjing vedrørande den aktuelle situasjonen ved bibelskulen:

Saman med rektoren på CLET vil vi gjere ei undersøking for å finne ut av kva som kan vere grunnen til at det er slik. Dette skal vere gjennomført i løpet av hausten. Om det er økonomi, mangel på tid eller andre motiv, så ønskjer vi å få vite noko om det slik at vi kan endre situasjonen. Men vi veit at det er vanskelegare no enn før for dei som kjem frå landsbygda å delta. Når dei er ute på landsbygda er dei opptekne med anten å så eller å hauste. Når dei er ferdige med dette arbeidet er dei å finne i ein av byane. Der er dei også opptekne med arbeid.(E2)

5.4.2 Bevisstheit om etnisk diskriminering

Eit av spørsmål eg stilte var om dei trudde at nokon i ICEL hadde opplevd å kjenne seg diskriminert på grunn av etnisk bakgrunn(G). Nokre av svara var retta mot CLET, andre mot ulike konkrete opplevingar når dei var samla til generalforsamling eller andre fellesarrangement eller var retta mot maktasymmetrien i ICEL. Dette er tidlegare omtala. I tillegg til det som alt er sagt tek eg med følgjande utsegn – både knyta til dette spørsmålet, men også frå andre:

Kvinner frå landsbygdene har nok ofte følt seg diskriminert.(G5)

Ja, det er det. Det har skjedd forskjellig for eksempel når kvinnene våre har vore samla til fellesmøte med kvinner frå byane. Då har det skjedd at kvinnene frå landsbygdene har fått dårlegare mat og dei dårlegaste soveplassane. Dei har vore plassert i den bakre rekke. Dette har vi sagt frå om. Skal det vere fleire slike samlingar kjem vi ikkje til å sende nokon. Kvinnene sjølv ønskjer det heller ikkje. Dei opplever seg audmjuka. Det er også på grunn av kommunikasjonsvanskar. Mange av kvinnene forstår lite spansk. Vi har nok opplevd litt av det same vi menn.(G8)

*Eg har budd i mange år her i Cochabamba, men aldri tidlegare før no høyrte orda **ttara** (ein bonde som ikkje har peiling på noko). Dette høyrer vi stadig, også når vi er på kvinnesamlingar i ICEL. Og det vert brukt på ein diskriminerande måte. Mange tenkjer at alle som går med "polleras" (skjørt som kvinnene frå landsbygdene, eller som har sitt opphav derifrå, ofte bruker) er tilhengarar av Evo Morales. Men slik er det ikkje. Det som er tilfelle er at Evo skaper meir konflikt enn han hjelper. I landsbyane ser vi dette godt, at det er mange bønder som trengjer seg inn og tek makt. Det er ei farleg utvikling. Han skaper konfrontasjonar. Vi som har emigrert frå landsbygdene merkar dette betre no enn nokon gong før. Det har blitt meir skilje. Og mange er redde.(F11)*

Snakkar nokon nedlatande til meg så møter eg ikkje opp fleire gongar. Det er ikkje rett å føle seg diskriminert. Eg minnest ein gong vi var på kvinnesamling. Der var m.o.a. ei

frå landsbygda som hadde med seg eit lite barn. Nokre snakka hardt til henne om at ho måtte vaske barnet og vaske bleiene som ho hadde. Det lukta ikkje godt. Men det nyttar ikkje. Ein må vere venleg og tålmodig. Det burde nok også vore slik at dei som kjem til slike samlingar var litt førebudde av andre på kva som ville møte dei, slik at skilnadane ikkje vart så synlege. Dei lever eit utruleg tøft liv mange av dei som bur ute på landet. I mai fekk eg vere med på ei fellessamling i Churitaca. Då såg eg kor vondt mange av dei hadde det. Mange hadde ikkje så godt som ein tallerken å ete av. (E11)

Nokon tenkjer at ICEL favoriserer enkelte grupper framfor andre. Dei observerer kva som skjer med dei som for eksempel er med i styret og leiinga for kyrkja. Før hadde dei ikkje det og det, no har dei plutsleg fått betre råd og skaffa seg nye ting. Dermed kjem mistanken og mistillita. Kvifor får familiemedlemar seg arbeid innanfor kyrkja, medan andre ikkje slepp til, er ein annan observasjon. Når dei som bur på landsbygda høyrer om slikt vert dei også skeptiske – dei slepp i alle fall ikkje til. Likevel trur eg at dei som spreier slike tankar ikkje er grunnfesta i trua si. Dei tenkjer på verdsleg vis. (D1)

Ein av informantane meinte at ordet diskriminering kanskje var i sterkaste laget. Og så hender det at ein av og til kjem opp i situasjonar som gjer at liv og lære ikkje alltid stemmer med kvarandre.

Diskriminering veit eg ikkje. Det er no desse tinga vi har snakka om som går på måte å kommunisere ulikskapen på. Det har nok ofte blitt nytta for sterke ord. Men vi lever nok med for mykje frykt.(G10)

Det er lett å snakke om diskriminering, men dette å vere midt oppe i situasjonen er ikkje lett. Eg har opplevd dette fleire gongar her på Jesus Maestro. Nokre av borna har nytta steinar for å tørke seg bak. Desse steinane har tetta røra. Eg har sjølv fleire gongar måtta tømme slike tette rør, og det er ikkje noko særleg. Det krev mot for å seie det slik. Det er viktig å gi opplæring på ein forsiktig måte som ikkje fører til at dei føler seg forlegne og audmyka.(E3)

5.4.3 Beredskap for å motverke etnisk diskriminering

To av spørsmåla eg stilte var retta mot denne delen av problemstillingane mine. Eg trekkjer i tillegg inn nokre svar frå andre spørsmål som rører ved dette temaet. Det første spørsmålet var: *Kva type strategi/ målsetjing har ICEL i dag for å unngå at nokon av medlemmane i ICEL kjenner seg diskriminert?(H)*

Eg kjenner ikkje til at der finst noko slikt. Det einaste som er sikkert er at ICEL har mange kyrkjelydar ute på landsbygdene og at vi prøver å behandle kvarandre som søsken. Det har nok vore tilløp til uro, men ikkje slik dei for eksempel har opplevd i den lutherske kyrkja i Ekvador, der ein mestis hadde vanskar med å sitje ved sida av ein quechua. Slike synlege utslag har vi ikkje sett. Kva som bur i hjerte er vanskeleg å bedømme. (H1)

For meg er det aller viktigaste Guds ord. Gud sjølv gjer ikkje skil på menneske. Han diskriminerer ikkje. Og slik som Gud tenkjer vil han at vi også skal tenkje om det kristne fellesskapet. Ved Guds kjærleik lærer vi å leve saman i respekt for kvarandre. Vi er alle forskjellige, og det er klart at dei kulturelle forholda gjer skilnadane endå større. Men det nyttar ikkje å stå og rope om kva som skil oss, men om kva som knyter oss saman. I ICEL må vi arbeide med å leite etter det gode som finst i kvart menneske og ikkje ha fokus mot det som er negativt. Å leite etter det gode som finst i kvar enkelt aukar toleransen mellom menneska.

Også statuttane for kyrkja strekar under at vi alle har dei same rettane. Her er det ikkje noko fortrinn for dei som kjem frå byane og dei som kjem frå forsamlingane ute på landsbygdene. Dei har dei same rettane og det same ansvaret. Og statuttane har gjort det unødvendig for oss å lage fleire reglar for korleis dette skal fungere. Det er sjølvstykkt viktig å vite korleis ein skal takle dei ulike situasjonane som oppstår. (H2)

Den utviklinga vi no har fått trur eg vil føre til problem seinare. Eg har sagt frå om dette til styret for ICEL at greier vi ikkje å få representantar frå landsbygda kan vi oppleve å få aksjonar mot oss. Dette kan føre til skilje som aukar avstanden mellom forsamlingane. Det vil over tid svekke idealet vi hadde om å eige ei fleirkulturell kyrkje, mellom quechua, aymara og mestisar. Styret må arbeide ut ein ny strategi for å møte dette. Det har vi ikkje i dag. (H3)

Det trur eg ikkje. Eg har ikkje opplevd at ICEL har arbeid noko særleg med slike spørsmål. Det at vi no ikkje har nokon frå landsbygda i styret for ICEL er ikkje bra. (H4)

Så vidt eg kjenner til så finst der ikkje nokon skrifteleg strategi i ICEL som tek føre seg dette utanom det som er nedfelt i konstitusjonen for ICEL som sikrar stemmerett til alle forsamlingane i kyrkja. (H7)

Reglar kan sjølvstykkt vere ei hjelp, men det aller viktigaste er relasjonar. (H10)

Eg trur nok at statuttane tek vare på det viktigaste. Kva framtida vil bringe veit vi ikkje. Men det er sjølvstykkt viktig at det er samsvar mellom liv og lære. Det har av og til vore sagt at ein tek i bruk statuttane når det er nokon som får ein fordel av det. Kanskje kunne det vere nyttig at ICEL oppnemnde ein komité som såg nettopp på dette. (H12)

Slik eg ser det så har vel ikkje ICEL nokon spesiell strategi når det gjeld å ta vare på det fleirkulturelle fellesskapet. Men det har alltid vore slik at ein har villa at folk som kjem frå landsbygdene skulle få behalde sin eigen kultur, for eksempel i forhold til klesdrakt og musikk. Men nokon strategi har vi ikkje hatt. Vi har vel meir prøvd å ta situasjonen slik den har presentert seg der og då. (A 10)

Det neste spørsmålet var: Kva bør ein gjere for å skape meir bevisstheit og kunnskap om det etniske mangfaldet i ICEL?

Der kunne nok vore meir retningslinjer med tanke på dette spørsmålet innanfor ICEL. Vi har sjølvstykkt statuttane for ICEL. Det er berre det at reglar i og for seg ikkje det viktigaste. Statuttane for ICEL har likeverd som fundament. Det som er viktig for ICEL er at dette ikkje vert eit fokus ved sida av det å vere kyrkje. Derfor trur eg at

Bibelen uansett er det viktigast hjelpemiddelet vi har for å møte dette. Dersom det er slik at dei som kjem frå landsbygdene føler seg diskriminert så burde det nok vore eit tema, for ønsket til ICEL trur eg er at der ikkje skal vere noko form for diskriminering.(I7)

Ein har vel aldri snakka om dette temaet innanfor ICEL, men det er aktuelt. Og eg trur at innanfor forsamlingane er det nødvendig å snakke om dette. Vi har forresten teke opp dette i ungdomsforeininga vår her i forsamlinga. Vi høyrer dagleg om urfolket sine rettar og om urfolket sin sjølvråderett (autonomia indigena). I verste fall kan vi oppleve eit skilje også innanfor ICEL (I9)

Der er menneskerettar som det er bra å ta fram. Men dersom det berre vert snakk om rettar som den og den har, då er eg ikkje med. Det vert feil om ein berre held fram rettane som menneske har utan å formidle pliktene. Det er som ein mynt med to sider. Begge er like viktige. Menneskerettar er viktige, og det er viktig at eg kjenner meg verdig. Dersom eg seier til dei som bur ute på landet: Du har rett til landjord, til hus og til å bu i fred og ro, og ikkje samtidig seier at dette inneber at du må betale skatt, du må betale straum o. s. v. , då vert det gale. Det er rett å slett lureri å snakke om verdigheit, dersom menneskerett og plikt ikkje går hand i hand. (F10)

6 Tolking i lys av teori

6.1 Eit kort tilbakeblikk på teori.

I kapittel 3 trekte eg inn teori som viste at det kristne fellesskapet, og misjonsoppdraget det har fått, står i ein trinitarisk relasjon. Det er denne delaktigheita som djupast sett konstituerer den kristne forsamlinga (note 45). Den kristne sitt møte med den treeinige Gud som den som omskapar, forsonar og som gir styrke, påverkar liv og handlingar til å kjempe i evangeliet si kraft mot destruktive krefter som held menneske nede i urett (note 62-66). Å bygge relasjonar er eit hovudfokus i det kristne fellesskapsomgrepet (note 43). Det handlar om at alle deltek og vert møtte med solidaritet (note 44). Eit av ideala for det kristne fellesskapet er at alle typar menneske skal føle seg velkomne og verdsette (note 46). Diakoni var eit særpreg ved urkyrkja og var motivert utifrå tanken om utjamning av sosial ulikskap (note 47).

Eit inkluderande fellesskap tek opp kampen mot sosial utstøyting, marginalisering og ulikskap i mulegheiter.⁹⁸ Den inkluderande handlinga lukkar menneske inn i fellesskapet uavhengig av etnisk bakgrunn (note 37). I eit fellesskap der ulikskapen er stor er kommunikasjon om fellesinteresser, og om det å lære noko om den andre si kontekst viktige føresetnader for i det heile å ta vare på fellesskapet (note 38). Forsking på konflikthandtering viser diverre at ei av dei mest utbreidde formene for konfliktløysing er å la vere å handle, å oversjå, avvise,

⁹⁸ Jf. kap.3.1.3.

ekskludere eller ved å isolere (note 41). Å oppnå reell forsoning mellom partane i ei konflikt er ein lang prosess. Skil det skje så må maktasymmetrien utfordrast, og makta til å legge premissane må ligge hos den avmechtige part i forholdet (note 61).

Etnisitet er eit produkt av den dominerande gruppa sitt ønske om å skape grenser (note 26). Etniske grupper opplever å få ein underordna posisjon i forhold til den dominante (note 28). Forsking viser at sjølv om minoritetsgrupper har demokratisk medborgarlege rettar, så vert dei likevel sterkt underrepresenterte i fora der makta ligg. Gruppespesifikke rettar kan derfor vere nødvendige for at minoritetsgrupper skal verte synlege og for å oppnå rettferd i ein vedtaksprosess (note 29-31).

Etnisk diskriminering førekjem om ei handling eller mangel på handling fører til at ein person vert behandla dårlegare enn andre på grunn av etnisitet. På indirekte vis kan dette kome til syne i arbeidslivet ved at menneske på grunn av etnisitet stiller dårlegare enn andre gjennom tilsynelatande nøytrale vedtekter, betingelsar, praksis og handlingar (note 32).

6.2 Kva lærer ICEL om respekt for ulikskap?

Bibelen fortel at alle menneske er skapte i Guds bilete og har same verdi i Gud sine auge. Av denne grunn har menneske eit ansvar til å vise empati og solidaritet i møte med kvarandre (note 49). Og Jesus viser sjølv vegen. Omsorga for dei aller svakaste er eit kjenneteikn på det kristne fellesskapet (note 53). Evangeliet er i seg sjølv inkluderande og lukkar menneske inn i sitt fellesskap og i fellesskap med kvarandre uavhengig av etnisk bakgrunn (note 52). Sannes hevdar at den sosiale røyndomen i urkyrkja var at det kristne fellesskapet var lik ei familie. På spørsmålet om tydinga av tiltaleforma *hermanos* var det ei felles forståing at dette familiære uttrykket var av åndeleg karakter. ”*Det gir meg identitet. Eg er med i dette fellesskapet. Og vi høyrer Gud til*”.⁹⁹ Det er det som gjer at dei kjem saman, til møter i den enkelte forsamlinga, til fellessamlingar som for eksempel *Fiestas Cristianas*, kvinnesamlingar, generalforsamlingar, til undervisning på CLET og som gjer at dei i fellesskap ønskjer å drive diakonalt arbeid. Det er dei åndelege verdiar som knyter dei saman, uavhengig av kulturell bakgrunn.¹⁰⁰ Ein av leiarane understreka dette perspektivet mange gonger. Det som bind medlemmane i dei ulike forsamlingane saman er Guds kjærleik, fundamentet dei bygger på er

⁹⁹ Jf. B5.

¹⁰⁰ Jf. A1.

fellesskapet i Kristus, og at dei i fellesskapet med kvarandre skal elske kvarandre slik dei er.¹⁰¹ Dei same tankane kom til uttrykk med fleire av informantane.

Ein av dei hevdar at ICEL på ein bra måte greier å behandle dei som kjem frå landsbygdene som kristne søsken. Informanten hevdar at der er lita grad av klasseinndeling innanfor ICEL.¹⁰² Det vert også understreka kor viktig det er å vise kvarandre respekt uavhengig av kven ein er. Språk og veremåte skal ikkje vere noko hindring for å kunne fungere godt side om side.¹⁰³

Det er derfor rett å anta at ICEL byggjer på ein ekklesiologi som lærer at respekt for ulikskap er ein viktig del av det å vere eit kristent fellesskap. Det er også grunn til å tru at respekt for ulikskap er ein viktig del av både forkynninga og undervisninga i ICEL. Ein av informantane hadde opplevd seg svikta av fellesskapet i ei sjukdomsperiode. Informanten fekk ikkje den oppfølging som var venta. Det skapte mismot.¹⁰⁴ Dette er også perspektivet hos ein av informantane som hadde opplevd ei tung tid. Informanten seier at han leita etter støtte, men fekk det ikkje.¹⁰⁵ Som kristent fellesskap skil ICEL seg på denne måten ikkje frå andre kristne fellesskap. Det består av menneske. Og menneskeleg svikt er allment – også der kristne kjem saman. Den diakonale omsorgstenesta og kommunikasjonen sviktar. Det er gjenkjennande og uavhengig av etniske forhold. Det som kjem fram i samtalan med informantane kan likevel tyde på at spennet mellom ekklesiologi og ICEL sin praksis vert særleg syneleg nettopp med bakgrunn i den etniske samansetjinga som kyrkja har.

6.3 Ulikskap og konflikt

Etnisitet dreiar seg om den dominerande gruppa sitt ønske om å skape grenser, seier Hylland Eriksen. Og Fernández hevdar at den eller dei underordna gruppene vil oppleve det som ein maktrelasjon som er basert på ulikskap og kulturell dominans.¹⁰⁶ Etnisitet er derfor eit konfliktretta ord. I eit fellesskap der ulikskapen og avhengigheita mellom medlemene er stor, er god kommunikasjon nødvendig for at konfliktstyrken ikkje skal vekse.¹⁰⁷

Konflikar kan lett oppstå der menneske ikkje forstår kvarandre godt nok, eller når ein opplever urettferdig behandling. På same måte vil maktasymmetri på grunn av etniske forhold

¹⁰¹ Jf. A2,B2 og I2.

¹⁰² Jf. A7.

¹⁰³ Jf. F1.

¹⁰⁴ Jf. D4.

¹⁰⁵ Jf. D12.

¹⁰⁶ Jf. kap.3.1.1.

¹⁰⁷ Jf. kap.3.1.4.

vere konfliktskapande. Diakonalt arbeid søker å hjelpe menneske som har det vanskeleg. Men også slikt arbeid kan vere konfliktskapande dersom nokon føler seg tilsidesett. Eg har derfor valt å trekke inn forholdet til skulen Jesus Maestro under dette punktet.

6.3.1 Ulikskap og kommunikasjon

Dei største ulikskapane i ICEL er i møte med dei medlemane som kjem frå landsbygdene. For det første er skilnaden oftast svært stor reint materielt sett. Eg har sjølv mange gonger vore augevitne til den grenselause fattigdomen som dei aller fleste av dei lever under. Reint vatn, hygiene og mat er mangelvare.¹⁰⁸

Eit anna forhold som markerar ulikskapen er sjølv sagt språk. Berre i møtet med dei ulike informantane vart dette tydeleg. Ein av informantane som representerte aymarakulturen hadde eit avgrensa spansk vokabular. I tillegg vart nok spørsmåla for teoretiske i forhold til hans bakgrunn. Dette førte til at han mistyda fleire av spørsmål eg stilte. Dette kom også delvis til syne med ein av informantane med quechuabakgrunn. Dette er kvardagen til ICEL. Sjølv om mykje blir omsett og tolka når ICEL er saman på tvers av kulturane, for eksempel på generalforsamlingar, så er det likevel slik at mykje blir ikkje forstått og mykje blir mistyda. Ein av informantane hevdar at dette fellesskapet på tvers av dei store ulikskapane går greitt i og med at dei er saman over kort tid.¹⁰⁹ Det at tidsaspektet vert trekt inn kan tolkast slik at dette ikkje hadde vore like greitt om ein skulle vere saman over svært lang tid. Tidsaspektet vert også nemnt som ei utfordring ved CLET. Det er ikkje lett for dei som kjem frå landsbygdene å kjenne seg vel. Og det er heller ikkje lett for dei som er frå byen å vere saman med folk frå landsbygdene over såpass lang tid.¹¹⁰ I praksis dreiar det seg om kurs som varer 3-4 veker. Ulikskapen er såpass stor at ein av informantane seier det slik. ”*Når vi er saman med andre forsamlingar innanfor ICEL ser vi at det lett blir slik at vi søker kontakt med dei vi liknar mest*”.¹¹¹ Konkret er perspektivet til informanten retta mot ei erkjenning om at quechuatalande frå Tinguipaya og Acacio distrikt søker lettare kontakt med kvarandre enn med medlemmar frå mestiskulturen når dei er saman.

Det viser seg i praksis at kommunikasjon ikkje er enkelt. Ein av informantane uttrykte for eksempel at dei som kjem frå landsbygdene ikkje seier så mykje når dei er saman med byfolk.

¹⁰⁸ Jf. E11.

¹⁰⁹ Jf. C1.

¹¹⁰ Jf. E3.

¹¹¹ Jf. A8.

Dei manglar indre styrke til å stille spørsmål og at dette har sin grunn i frykt.¹¹² Dette er eit synspunkt som er forståeleg – ikkje minst i lys av alt det andre som vert sagt. Sjølv om det vert hevda at tillit er eit kjenneteikn som knyter forsamlingane i ICEL saman, så er det likevel ein realitet at fellesskapet i ICEL har store utfordringar på dette området.¹¹³ Mange av kommentarane er retta mot pastorar som ikkje er til å stole på, eller som gjer ein dårleg jobb. Som grunngeving for at ICEL misser ein del medlemar nemner ein av informantane at årsaka mellom anna er at pastorane ikkje gjer jobben sin. Kritikken rammar også leiarar generelt.¹¹⁴ Sett i lys av undersøkinga til Gerd Hoffstede, som eg tek for gitt at den også ville ha synt eit tilsvarande mønster for Bolivia om landet hadde vore inkludert i undersøkinga, så er *maktstanden* stor mellom dei som har ein leiande funksjon og tilsette i ein organisasjon langt større enn i vårt eige land.¹¹⁵ Dette trur eg gjeld også i forholdet mellom leiarskapet i ICEL, tilsette og vanlege medlemar. At mange reagerer med å ta avstand frå ”udugelege” leiarar – ikkje minst av leiarar på mellomnivå slik pastorane er, synest derfor ikkje å vere eit urimeleg argument. Utifrå kjennskap til bolivianske forhold er tillit mangelvare i breie lag av folket. Det er slik kvardagen er for dei fleste, anten dei kallar seg mestisar, quechua- eller aymarafolk. Det er likevel grunn til å peike på at ein slik kritikk finst. Dette gjeld ikkje minst i forhold til korleis ICEL som kyrkje skal utøve pastorale oppgåver ute på landsbygdene. Ein av informantane frå quechuakulturen nemner profesjonelle som hevar seg over andre som noko som skaper avstand.¹¹⁶ Ein av informantane gir mangelfull kommunikasjon som ei grunngeving for at ICEL ikkje veks, men heller går tilbake nokre stadar.¹¹⁷ Og fokuset til denne informanten er den type kommunikasjon som manglar vilje til forsoning. Dette er også i fokus hos to andre informantar. Den eine fortel om menneske som har opplevd seg krenka og at forsoning ikkje har skjedd.¹¹⁸ Ein annan opplevde at forsamlinga som informanten gjekk i, vart stengd utan god forklaring og utan forsøk på forsoning. Det vart teia i hel, for å seie det litt brutalt: ”*Kva kunne vel eg gjere – ein liten hund har lite å stille opp mot ein stor*”.¹¹⁹ Det er sterke ord frå ein som representerer aymarakulturen. Slik eg tenkjer, er slike handlingar til skade for ICEL.

¹¹² Jf. C11.

¹¹³ Jf. D2.

¹¹⁴ Jf. K7.

¹¹⁵ Jf. kap.3.1.

¹¹⁶ Jf. F8.

¹¹⁷ Jf. K6.

¹¹⁸ Jf. K9.

¹¹⁹ Jf. D12.

Noko fundamentalt har svikta i kommunikasjonen. Å velje ein strategi som overser, ekskluderer og teier forholdet i hel er ikkje god konfliktløysing.¹²⁰

Eit av dei områda som eg i etterkant av turen til Bolivia ser at eg skulle ha gått djupare inn i er forholdet til forsoning. Eg har i oppgåva trekt inn Haugen si utredning om dei fire stadia i ein forsoningsprosess. Han seier altså at for at reell forsoning skal finne stad så må maktasymmetrien utfordrast. Og det er den svakaste part i relasjonen som må få legge premissane for at ein slik prosess kan kome i gang.¹²¹ Spørsmåla i intervjuguiden kunne dekt opp dette på ein betre måte. Det som likevel er klart er at ICEL si historie gir fleire eksempel på at forsoningsprosessar aldri kom skikkeleg i gang. Nokre stadar har konflikten vore så stor at enkelte forsamlingar sjølve har trekt seg ut eller gitt opp. Dette gjeld for eksempel i aymaraområdet. Det som står att i dette området er berre ei forsamling som pr. dato ikkje har nokon tilsett, og dermed heller ikkje noko direkte oppfølging. I lys av dei mange forteljingane som eg har presentert både frå CLET, frå kvinnesamlingar og andre fellessamlingar er det likevel slik at ordet forsoning høyrer heime i vid forstand. At ICEL, gjerne i samarbeid med NLM, i sterkare grad bør søke å skape rom for forsoningsdiakoni ved å legge til rette for at forsoningsarbeid vert ei prioritert målsetjing i kyrkja. Personleg er eg betenkt over ICEL si handtering av retten til både å utøve kyrkjetukt overfor enkeltpersonar i forsamlingane, og retten til utestenging av forsamlingar for kortare tid eller definitivt.¹²² Det er rettar som inneber stor makt, og som fort kan bli ståande i sterk kontrast til prinsippet om forsoning. Slik eg tenkjer i dag, burde reglementet for ICEL positivt seie noko om nødvendige forsoningsprosessar når skadelege konfliktrar kjem til syne.

6.3.2 Mangel på inkludering ved CLET

I januar – februar 2009 hadde bibelkursa ved CLET ingen deltakarar frå landsbygdene som representerer quechuakulturen og berre ein frå aymarakulturen. Derfor er det med god grunn at ICEL i løpet av hausten har planar om å finne ut av kvifor rekrutteringa er dårleg.¹²³

Når ein kjenner til forholda som mange ute på landsbygdene lever under så er det lett å forstå at økonomi spelar ei rolle. Det som eg likevel sit att med etter samtalan er alle forteljingane

¹²⁰ Jf. kap.3.1.4.

¹²¹ Jf. kap.3.2.

¹²² Reglementet for ICEL omtalar dette i art.9 og art.22s. for nasjonalt nivå som i verste fall kan støyte ut forsamlingar. Art.109b omtalar mynde på distriktsnivå i forhold til disiplinærsaker i forsamlingane, der eldsterådet skal vere mellommenn i slike konfliktrar. Art.116b omtalar retten som eldsterådet har i forhold til disiplinærsaker på forsamlingsnivå.

¹²³ Jf. E2.

om situasjonar ved CLET som nettopp fortel at opphald ved bibelskulen over lenger tid på tvers av dei ulike etniske gruppene i ICEL, er komplisert. Det er snakk om utestenging, kjensler av mindreverd, skamfølelse fordi dei ikkje veit korleis dei skal oppføre seg, dårleg behandling på grunn av mangelfull hygiene og sjikaner og audmjuking i undervisningssituasjonen.¹²⁴ Dei som må tåle dette er ungdomar og eldre frå landsbygdene og landsbyane – mest frå quechuakulturen, men kanskje også nokre frå aymarakulturen. Og dei som audmjukar og sjikanerer er mestisar frå byane. Eg tenkjer slik at dette er utruleg vanskeleg å skrive noko om. Det dreiar seg om ICEL sin viktigaste identitetsberande institusjon. Det er denne institusjonen saman med SETELA som i sterk grad påverkar ICEL si framtid. Eg har sympati med informantane som seier at denne situasjonen ikkje er lett verken for dei som kjem frå landsbygdene eller for dei som er frå byane.¹²⁵ Det kan eg forstå.

LWF sitt misjonsdokument tek til orde for at omskaping er ein kontinuerleg prosess. Den personlege forvandlinga som skjer på det indre plan i møtet med den treeinige Gud vil føre til ei nyorientering i søken etter å oppnå rettferd mellom menneske. Det inneber å symje mote straumen i kampen for den svake sin rett. Og den Heilage Ande gir mynde til å motstå misbruk av makt. I vandringa på Kristus sin veg er kampen for å reise menneskeverdet og gjensidig styrking av kvarandre som medlemar (note 63-66).

Ein kan sjølvstilt stille spørsmål om teorien er feil når det ikkje lukkast i praksis. Resignasjon vil i alle høve ikkje medføre positive endringar. Ved bibelskulen på CLET dreier det seg om forhold som det er viktig å ikkje berre snakke om. Ei ny bevisstgjerung er nødvendig, og den må ta til med leiinga for ICEL og CLET. Slik sett er det veldig positivt at desse forholda no vert vidare undersøkt av ICEL i samarbeid med rektor ved CLET.

6.3.3 Maktfordeling og konflikter

Som det kjem fram av presentasjonen av samtalanene kjem fleire av informantane inn på det faktum at styret for ICEL ikkje lenger har nokon som representerer landsbygda. Dette skjedde på generalforsamlinga til ICEL i april. Dette var ei sak eg i utgangspunktet ikkje kjende til. Derfor bad eg undervegs i samtalanene om ein refleksjon rundt dette, andre tok det fram utan at eg oppfordra til det. Som eit forsøk på å rettferdiggjere denne situasjonen seier ein av informantane at ICEL generelt slit med leiarmangel og at det er vanskeleg å få nokon til å ta

¹²⁴ Jf. G9,E3,E5 og E4.

¹²⁵ Jf. E3.

på seg oppgåver med stort ansvar.¹²⁶ Det vert også sagt at ein av grunnane kan vere at konstitusjonen for ICEL stiller ulike krav til dei som skal vere leiarar for kyrkja, at dei er skikka til det, eller at det rett og slett har vore mangel på deltaking av leiarar frå landsbygdene.¹²⁷ Alle desse argumenta kan vere truverdige nok. Det er likevel eit paradoks at det har blitt slik – ikkje minst i lys av dagens politiske kvardag med eit massivt trykk på at urfolket si stemme må bli høyrd og verdsett.

Kymlicka tek til orde for særlege grupperepresenterende rettar. Han hevdar at det er ein god veg å gå for å sikre minoritetsgruppene si deltaking. Det er ikkje nok berre å lytte til stemmene deira, men også å sikre representasjon i maktorgana dersom ein skal oppnå rettferd i ein vedtaksprosess.¹²⁸ I ICEL er det ikkje lenger berre slik at dei er grundig underrepresentert i det fora som legg føringane for ICEL si framtid – dei er rett og slett ikkje representert. Sjølv om det vert understreka av ein av informantane at statuttane for ICEL gir dei same rettane til alle, så viser det seg likevel i praksis at dei ikkje gir tilnærma rettferdig representasjon frå forsamlingane ute på landet.¹²⁹ Kymlicka presenterer ikkje nokon modell for korleis slike grupperepresenterende rettar bør synleggjerast. Uansett dreiar det seg om ei tilrettelegging som forhindrar at minoritetsgrupper vert sette på sidelinja.

Ein av informantane hevdar at det går ikkje an berre å proklamere rettar som urfolket har, pliktene må også lyde.¹³⁰ Det er likevel slik at det er nødvendig å skape rom for at rettane vert tekne på alvor, og at pliktene må verte ein naturleg konsekvens av det. Det er derfor ikkje nok å berre seie at statuttane er demokratiske og gir lik rett til alle, når erfaringane viser at så ikkje er tilfelle. Slik eg tenkjer er det viktig for ICEL at dette vert gjort noko med, for eksempel ved at statuttane seier noko om geografisk representasjon i styret for ICEL. Det ville vere ein praksis som tok omsyn til quechua- og aymarafolket sine stemmer. Ein av informantane tok til orde for at dei som kjem frå landsbygdene i det lange løp vil oppleve ei form for manipulering i forhold til det å ikkje kome i posisjonar i ICEL.¹³¹ Det trur eg informanten har rett i.

Ein av informantane nemner at statuttane til ICEL ikkje er tilpassa røyndomen ute på landsbygdene der tradisjonen i langt sterkare grad enn i byane er basert på fellesskapsløysingar knyta til vedtak i plenum. Noverande modell har ført til mange problem

¹²⁶ Jf. K7 og C7.

¹²⁷ Jf. A9 og A10.

¹²⁸ Jf. kap.3.1

¹²⁹ Jf. H2.

¹³⁰ Jf. F10.

¹³¹ Jf. E3.

som har oppstått ved at vedtak frå styret i ICEL ikkje har blitt aksepterte ute på landsbygdene.¹³² Dette er også forhold som ICEL bør vurdere å gjere noko med.

Eg vil til sist nemne eit forhold som gjorde sterkt inntrykk på meg. Sjølv om det ikkje direkte har noko med problemstillingane mine å gjere, vel eg likevel å trekkje det fram. Ein av informantane, ei kvinne, seier at NLM har etterlate seg ei mannsdominert kyrkje.¹³³ Det er for min eigen del ei sterkt beklageleg sak – ikkje minst fordi dette var eit svært heitt tema i forkant av konstitueringa av kyrkja. Spørsmålet om kvinnene sin plass i ICEL sitt leiarskap sette eit skilje i misjonærfellesskapet, og kan ha vore med på å svekke ICEL.¹³⁴ Synspunktet til denne informanten vert stadfesta ved at det i dag ikkje er ei einaste kvinne tilsett i direkte forkynnande arbeid. Den siste kvinna i slikt arbeid mista jobben frå nyttår 2009. Når ein i tillegg får vite at ICEL har ein teologisk komité som mellom anna har drøfta kor vidt det skal vere tillate for ei kvinne å forkynne på søndags formiddagsmøte gjer det sterkt inntrykk. I denne komiteen har også NLM -misjonærar vore deltakande. At ein av informantane, også ei kvinne, hevdar at ho ikkje lenger har frimod til å drive besøksteneste fordi ein av leiarane har sagt at det er ei pastoral oppgåve, gjer perspektivet endå meir beklageleg.¹³⁵

Einarsen og Pedersen seier altså at ei konflikt ofte berre er eit symbol på underliggjande forhold. Det kan dreie seg om samhandling og relasjonar mellom partane, og korleis dei opptrer overfor kvarandre i det daglege. Dei seier også at ei av dei mest utbreidde formene for konfliktåtferd er ikkje-åtferd. Ekskludering og isolasjon vert nemnde som eksempel (note 39-41). Samtalane avdekkjer bekymring for at maktasymmetrien har utvikla seg som den har gjort i ICEL. Quechua- og aymarafolket har blitt ekskluderte frå deltaking på leiarnivå. Og kvinner opplever det same. Det er viktig at ICEL ikkje slår seg til ro med denne situasjonen.

¹³² Jf. A3.

¹³³ Jf. K1.

¹³⁴ *På misjonærkonferansen(MK) i mars 1996 delte misjonærfellesskapet seg likt mellom to ulike forslag til konstitusjon for den framtidige nasjonale kyrkja. Det som vart vedteke skulle leggst fram for konstituerande generalforsamling året etter for kyrkja som kom til å få namnet ICEL. Sjølv om den konstituerande generalforsamlinga i prinsippet kunne gjere endringar visste alle at det forslaget som vart lagt fram ville vere av normativ karakter. Eit av forslaga gjekk ut på at kvinner skulle kunne veljast inn i styret for ICEL, og at kyrkja i tillegg skulle ha ei lærenemnd av menn. Dette forslaget var resultat av eit komitéarbeid bestående av misjonærar og representantar for forsamlingane i ICEL. Dette forslaget fekk flest stemmer på MK i 1996 med minst mogleg fleirtal. Hovudstyret i NLM overprøvde dette vedtaket og gjekk i prinsippet inn for mindretalet sitt forslag, med berre menn i styret for ICEL. Det andre forslaget ville i tillegg ha eit råds møte i den framtidige nasjonale kyrkja bestående berre av menn. Dette gjekk hovudstyret i NLM imot. Konfliktsituasjonen som oppstod på MK i 1996, og handteringa av den i etterkant, førte til at fleire misjonærar kom på kant med leiinga i NLM. MK i 1996 var, slik eg ser det, ein kulminasjon i ein årelang kamp for å synleggjere kvinnelege nådegåver både mellom misjonæranne i NLM og mellom kvinnene i forsamlingane.*

¹³⁵ Jf. L5.

6.3.4 Diakonale institusjonar i ICEL

Svein Erik Brodd hevdar at den forsamlingsmodellen som i første rekke prega urkyrkja hadde eit sterkt diakonalt fokus. Dette kom til syne ved at dei søkte utjamning av sosiale skilje, og ved å integrere dei svake og vanskelegstilte på ein omsorgsfull måte.¹³⁶ At det nettopp var vanskane med å behandle alle likt som starta den diakonale offensiven i urkyrkja viser oss at lik behandling var ei utfordring også då.¹³⁷ Bibelen omtalar diakoni på forsamlingsnivå. Samanslutningar av forsamlingar slik situasjonen er for ICEL var ein ukjend modell i urkyrkja. Eg har likevel trekt inn dette perspektivet fordi både NLM og ICEL i sterk grad har hatt, og har fokus på diakoni. Dette gjeld sjølvsagt internt i dei ulike forsamlingane, men også på tvers av forsamlingane – ikkje minst knyta til institusjonalisert diakoni. Det er det siste eg har teke opp i samtalane.

Fleire av informantane hevdar at for mykje har hamna i Cochabamba by, eller at dei kjenner til at det har kome fram klager om at ei slik utvikling har funne stad, og at det vert opplevd som urettferd.¹³⁸ Ein av desse informantane seier: ”*Vi opplever at vi presenterer evangeliet som løgn fordi vi ikkje gir den hjelp vi burde*”.¹³⁹ I samtalane kjem det fram at ønska har vore store både i Acacio og Ayamaya om å kunne gi hjelp til sitt område ved å kunne tilby eit institusjonelt, diakonalt arbeid. Ein av informantane hevdar om ein søknad som var sendt til ICEL frå forsamlinga i Ayamaya at dei var mest opptekne av kva dei kunne greie å kare til seg.¹⁴⁰ Det kan eg korkje bekrefte eller avkrefta. Det som i alle høve er klart er at forsamlinga i Ayamaya og andre nabobygder ikkje lenger eksisterer. Det er eit beklageleg faktum. Og Acacio distrikt slit også med ei negativ utvikling.

I samtalane med informantane kjem det fram at ICEL sitt store skuleprosjekt i Cochabamba by manglar støtte i form av følt eigarskap til skulen frå forsamlingane på landsbygdene.¹⁴¹ Sjølv om det er eit ønske om at alle forsamlingane skal føle dette eigarskapet så kan det synast som om realitetane er annleis.¹⁴² Ein av informantane seier at omsorga for Jesus Maestro er eit sakn.¹⁴³ Informanten snakkar i vid forstand, og inkluderer også forsamlingane i byane. Mangel på følt eigarskap i forhold til Jesus Maestro er derfor av generell karakter, men har i sterkaste grad blitt verbalisert av informantane frå landsbygdene som følte på ulik behandling.

¹³⁶ Jf. kap .3.2.

¹³⁷ Jf. Ap.gj.6.1ff.

¹³⁸ Jf. J3,J1,J4 og J8.

¹³⁹ Jf. J8.

¹⁴⁰ Jf. J3.

¹⁴¹ Jf. J4og J8.

¹⁴² Jf. J2.

¹⁴³ Jf. J3.

Ein av leiarane hevdar at rundt 80% av budsjettet til ICEL har gått til å dekke arbeidet i byane.¹⁴⁴ Dersom dette er rett, forsterkar det inntrykket av ulik behandling.

På den andre sida er det også eit faktum at Bolivia opplever ein veldig sterk migrasjon mot urbaniserte område. Dette gjeld også Cochabamba by. Ein av informantane seier at dei fleste elevane ved Jesus Maestro har foreldre som har kome inn til byen frå quechua og aymaraområde. Dessutan vert det sagt at så mange som 30% av desse elevane i tillegg ikkje har foreldra i nærleiken fordi dei har dradd til utlandet på leit etter arbeid.¹⁴⁵ Likevel viser svara misnøye med at byen Cochabamba, som har så mykje – i tillegg har fått denne store skulen, og dei opplever at landsbygda vert svikta.

Hoffstede seier at sentralisering av makt er eit av kjenneteikna i land med stor maktdistanse. Og makta vert knyta til nokre få. Dei som er underordna må godta at makta er ulikt fordelt (note 33). At så mykje hamnar i Cochabamba tolkar eg som eit utslag av dette. ICEL si store satsing ved skulen Jesus Maestro vert av nokre informantar knyta opp mot manglande interesse for landsbygdene. Dei opplever seg svikta. Og dei opplever at dei har lite dei skulle ha sagt i forhold til prioriteringane som leiinga i ICEL gjer. Stemmene til desse informantane trur eg er representative for mange frå landsbygdene.

6.4 ICEL sine tiltak for inkludering og nedkjemping av etnisk diskriminering.

Dei områda som eg i særleg grad har hatt fokus på i oppgåva mi er retta mot diakonale prioriteringar, arbeidet ved CLET og til sist i forhold til ulike fellessamlingar i ICEL. Når det gjeld ordet inkludering så har eg teke utgangspunkt i stortingsmelding 49,2004.¹⁴⁶ Eg er altså ute etter handlinga som lukkar menneske inn i eit fellesskap og som kjempar mot marginalisering, sosial utstøyting og ulikskap i moglegheiter til minoritetsgrupper.

LWF sitt misjonsdokument tek sterkt til orde for at møte med den treeinige Gud ikkje berre skaper noko nytt på det indre, personlege plan. Omskapinga, forsoninga og styrkinga som den treeinige Gud verkar på det indre, personlege plan vil få konsekvensar for liv og haldningar. Det medfører ein kamp mot ekskludering, urett og sosial undertrykking.¹⁴⁷ Det inneber også ein kamp for nedkjemping av etnisk diskriminering.

¹⁴⁴ Jf. A3.

¹⁴⁵ Jf. J3.

¹⁴⁶ Jf. kap.3.2.

¹⁴⁷ Jf. kap.3.2.

6.4.1 Tiltak mot ekskludring

Paulus seier altså at det kristne fellesskapet er ein lekam, Kristi lekam. I denne kroppen skal det ikkje vere strid. Tvert imot skal det vere slik at lemene skal ha omsorg for kvarandre.¹⁴⁸ Urkyrkja si historie, og den kristne kyrkja si historie samla sett, viser likevel at sjølv om dette er eit åndeleg mål, så har avstanden ofte vore stor mellom ideelle mål og erfart røyndom. Det vert understreka at når forsamlingane har fellesskap med kvarandre, så vert det lagt til rette med ulike aktivitetar som alle kan delta i.¹⁴⁹ Det vert også sagt at ein til ei viss grad har freista å inkludere dei som kjem frå landsbygdene med deltaking både i forkynning og møteleiing når ein er saman.¹⁵⁰ Litt lettvint vert det sagt frå ein annan av informantane at det aldri har vore ei problemstilling korleis dei som kjem frå landsbygdene skal føle seg vel i fellesskapet på tvers av etniske skilje. Det gir seg av seg sjølv.¹⁵¹ Og det er ikkje tvil om at der har vore mykje god vilje for at slike samlingar skal fungere godt. Eg har fleire gongar i oppgåva nemnt omgrepet *Fiesta Cristiana* og eg har vist at slike samlingar er det mange av i ICEL – både knyta til by og landsbygd. Slik eg ser det har nettopp dette vore verdifullt for fellesskapet på tvers av kulturane. At leiarar for ICEL og andre frå byane deltek på slike samlingar også når dei føregår ute på landsbygdene, er flott. Nokre av informantane tek til orde for at det ikkje alltid er så lett når ein har samlingar på tvers av dei ulike etniske gruppene. Ein informant fortel at dei som kjem frå landsbygdene i slike settingar er stillare, meir forsiktige og ber med seg ein god del frykt, sjølv om det vert streka under at dette ikkje er ein villa situasjon frå leiarane si side.¹⁵²

I kapittel 3.1.4. presenterte eg Hageseter sin definisjon av konfliktstyrke sett opp som ein matematisk formel. Den er enkel, men god. Og den er lett å forstå. I ein relasjon der ulikskapen og avhengigheita av kvarandre er stor, er kommunikasjon avgjerande viktig for at konfliktstyrken ikkje skal vekse. Frykt kan vere eit utslag av nettopp mangelfull kommunikasjon. Det kjem mykje an på i kva grad ein beherskar det språket som det vert kommunisert på. Det er viktig at kommunikasjon er gjensidig. Den som inviterer til fellesskap på tvers av ulike kulturar bør legg til rette for samtale og samhandling som i størst muleg

¹⁴⁸ Jf. kap 3.2.

¹⁴⁹ Jf. F9.

¹⁵⁰ Jf. C5.

¹⁵¹ Jf. C1.

¹⁵² Jf. A4 , C11 og G10.

grad sikrar gjensidige forhold.¹⁵³ Samtalane eg har gjennomført viser at dette ikkje har høg nok prioritet i ICEL.

6.4.2 Bevisstheit i forhold til etnisk diskriminering

Eg har i kapittel 3.1 vist til diskrimineringslova sin paragraf 4, som definerer forholdet diskriminering, og sagt at eg vil nytte den som referanse i handteringa av dette punktet i analysen. Det kan vere ei innvending at eg ikkje har nytta ein definisjon utforma i ein boliviansk kontekst. Uansett må der vere grad av skjøn i handteringa av omgrepet.

Hovudfokuset er likevel retta mot den subjektive opplevinga av uttrykket diskriminering – om dei opplever at slikt finst i forhold til quechua- og aymarafolket i ICEL.

Det som kom fram i samtalane, og som eg alt har sagt ein del om er at kyrkja ICEL har eit klart ønske om at diskriminering på grunn av etnisk bakgrunn ikkje skal skje. Nokre av informantane er forsiktige i uttalingane sine om dette og seier at rett nok har det ofte vore nytta sterke ord, og måten ulikskapen mellom gruppene vert kommunisert på har ikkje alltid vore god. Likevel er det kanskje sterkt å kalle det diskriminering.¹⁵⁴ Ein annan seier at diskriminering er noko som er lett å snakke om, men slett ikkje lett når ein står midt i ein vanskeleg situasjon.¹⁵⁵ Å måtte ta opp avløpssystemet fordi brukarane av toaletta ikkje har den nødvendige kunnskap om bruk må sjølv sagt vere frustrerande. I ein slik situasjon skal det nok lite til før orda fell litt forkjært. Det hadde dei truleg gjort med meg i alle fall. Ein informant seier det slik at ønsket har i alle fall vore å behandle alle likt.¹⁵⁶

Andre informantar er meir tydelege på at dei meiner at slik diskriminering førekjem, ikkje minst gjeld dette i forhold til kvinner frå landsbygdene.¹⁵⁷ Ein av informantane hevdar også at det hadde hendt at desse kvinnene hadde opplevd å få dårlegare mat og dårlegare soveplassar, og at dei har opplevd seg audmjuka: ”*Skal det vere fleire slike samlingar, kjem vi ikkje til å sende nokon*”.¹⁵⁸ Informanten hevdar vidare at dette er noko menn frå landsbygdene også har opplevd. Ein annan av informantane skjuler seg litt bak uttrykksforma ”*nokre seier*” når det vert teke til orde for observasjonar om at nokre får betre økonomi ved å ha leiande funksjonar innanfor ICEL, og at det i tillegg dryp noko på familiemedlemmane deira også. ”*Når dei som bur på landsbygda høyrer om slikt vert dei skeptiske – dei slepp i alle fall ikkje til*”.¹⁵⁹

¹⁵³ Haugen 2008:96

¹⁵⁴ Jf. G10.

¹⁵⁵ Jf. E3.

¹⁵⁶ Jf. G12.

¹⁵⁷ Jf. G5 og E11.

¹⁵⁸ Jf. G8.

¹⁵⁹ Jf. D1.

Eg gjekk ikkje noko nærmare inn på kven som sa slikt, men det er klart at det er slike uttrykksformer som skapar rykte. Desse rykta er slett ikkje nye og ukjende for meg. Uansett representerer dei noko som er sant – i siste del av sitatet – *dei (frå landsbygdene) slepp i alle høve ikkje til*. Dette har eg alt omtala ein heil del i forhold til maktasymmetrien i ICEL.

Elles er det slik at mange av forteljingane både frå CLET og frå andre situasjonar som har oppstått når ICEL er samla på tvers av dei etniske gruppene, gjer at eg sit att med eit klart inntrykk av at fleire av informantane er seg medvite at diskriminering førekjem. Og eg trur at desse røystene er representative for mange av forsamlingsmedlemane i ICEL – ikkje minst mellom dei som kjem frå landsbygdene og som sjølve har opplevd urettferdig og audmjukande behandling. Og sett i forhold til paragraf 4 i diskrimineringslova er det heilt klart at både direkte og indirekte diskriminering på grunn av etniske forhold skjer innanfor ICEL.

6.4.3 Beredskap i forhold til etnisk diskriminering

LWF sitt misjonsdokument med fokus på omskaping, forsoning og myndiggjering, er også å forstå som eit strategidokument. Det inneber at medlemskyrkjene vert oppmoda gjennom dette dokumentet til aktivt å arbeide mot ekskluderande samfunnsstrukturar og kjempe mot straumen i kampen mot sosial undertrykking i søken etter å finne utvegar der ingen vegar finst (note 64). Kraftkjelda til å delta i ein slik omskapande prosess er den treeinige Gud som er kyrkja sitt sentrum (note 66). I denne samanhang er det relevant å nemne at konstitusjonen for ICEL viser at kyrkja er grunna på grunnleggjande demokratiske prinsipp og som dermed skulle trygge at alle medlemane sine stemmer har det same mandat og mynde.

Fleire av informantane nemner nettopp statuttane som ein viktig beredskap i høve til likebehandling og myndiggjering.¹⁶⁰ Som eg tidlegare alt har nemnt er det likevel slik at det demokratiske grunnlaget som ligg i statuttane ikkje verkar etter si hensikt. Det viser seg klart og tydeleg i ICEL sin maktasymmetri mellom dei ulike etniske gruppene. Derfor tenkjer eg slik at statuttane i seg sjølve ikkje er nok – i alle høve ikkje utan at der kjem tydelege tillegg som sikrar representasjon frå alle dei etniske gruppene i styret for ICEL. I tillegg til dette kunne kanskje både statuttane og reglementet for ICEL seie noko konkret om kyrkja si fleirkulturelle samansetjing og korleis dette på ein best mogleg måte skal takast vare på. Det

¹⁶⁰ Jf. H2, H7, I7 og H12.

ville vere bra for ICEL – ikkje minst med utgangspunkt i det kyrkja sjølv lærer, men også i lys av den politiske kvardagen som kyrkja no lever i.

Nokre informantar hevdar at Guds Ord uansett er det viktigaste hjelpemiddelet. Gud gjer ikkje skil på menneske, og slik vil Gud at vi også skal tenkje.¹⁶¹ Andre seier at ICEL ikkje har nokon formulert strategi på dette området¹⁶² og at styret for ICEL burde jobbe med dette¹⁶³, eller oppnemne ein komité¹⁶⁴ som arbeider vidare med spørsmålet om etnisk diskriminering. Det vert også sagt at den fleirkulturelle samansetjinga av ICEL er eit tema som det aldri vert snakka om i kyrkja.¹⁶⁵ Andre er skeptiske til at etnisk ulikskap treng vere eit fokus ved sida av det å vere kyrkje og at det ikkje nyttar å stå å rope om kva som skil dei ulike gruppene frå kvarandre.¹⁶⁶ Ein av informantane trur ikkje at fleire reglar i seg sjølv vil hjelpe så mykje. Det viktigaste er å bygge relasjonar.¹⁶⁷ Ein annan av informantane seier det motsette: Nettopp på bakgrunn av dagens politiske situasjon, er den etniske situasjonen i ICEL eit viktig tema å ta fram, og fryktar at ICEL i verst fall kan oppleve eit skilje.¹⁶⁸ Denne frykta vert også nemnt av ein annan informant.¹⁶⁹

Meiningane er mange og prega av stor usikkerheit om kva som er best. Det er lett å forstå i og med at temaet om den etniske situasjonen i ICEL i så lita grad kan synast å ha vore eit tema. Hensikta med å belyse dette i sterkare grad i framtida må derfor ikkje vere for å skape uro ved å fremme ulikskapen på ein slik måte at det berre skaper meir avstand, men heller ved å søkje på ein konstruktiv måte å gi rom for å snakke saman om eigne opplevingar i møte med kvarandre på tvers av dei kulturelle skilja. Sjølv meiner eg at slike samtalar er nødvendige både på CLET og i fellessamlingar. Eg trur at Hylland Eriksen har rett når han hevdar at det ikkje er nok berre å identifisere fellesinteresser, ein må også vise vilje til å lære noko om den andre si kontekst for å kunne ha eit meningsfullt samkvem.¹⁷⁰

Alle typar fellessamlingar i ICEL på tvers av dei ulike kulturane har til hensikt å bygge ned ulikskapane som finst og kan slik sett seiast å vere ein del av ICEL sin målretta beredskap i møte med etnisk diskriminering. Samtalane eg har hatt viser at sjølv om viljen til å vise

¹⁶¹ Jf. H2 og I7.

¹⁶² Jf. H1, H4 og A10.

¹⁶³ Jf. H3.

¹⁶⁴ Jf. H12.

¹⁶⁵ Jf. I9.

¹⁶⁶ Jf. I7 og H2.

¹⁶⁷ Jf. H10.

¹⁶⁸ Jf. I9.

¹⁶⁹ Jf. A3.

¹⁷⁰ Jf. kap.3.1.

respekt og likeverd i desse samlingane vert verbalisert, så er realitetane annleis. Forholdet til etnisk diskriminering kan synast å vere lite belyst i ICEL. Og møtet med usikkerheita som kjem fram i samtalaner meiner eg strekar under at kyrkja i dag har ein utydeleg beredskap for å møte etnisk diskriminering.

6.5 Oppsummering

Sjølv om eg i denne drøftinga presenterer synspunkt som viser eigen ståstad i forhold til enkelte spørsmål, så har eg søkt å vere tru mot informantane sine stemmer. Eg har prøvd så langt eg har vore i stand til det å tolke det som har blitt sagt utifrå deira eige perspektiv. Det som synest vere tydeleg i møte med informantane er at limet som held dei ulike etniske gruppene saman i ICEL i første rekke har ei historisk grunngeving. Det var slik samansetjinga var på konstituerande generalforsamling i 1997. Dessutan er det heilt klart at limet også har ei åndeleg grunngeving. Gjennom forkynning og undervisning vert det understreka at alle er eitt i Kristus, og har det same menneskeverd uavhengig av sosial status eller etnisk tilhøyre.

Møte med informantane og det dei fortel viser likevel at ICEL har store utfordringar nettopp fordi den har ei samansetjing av ulike etniske grupper. Det handlar både om korleis dei ulike gruppene identifiserer seg i forhold til kvarandre og om opplevd kulturskilnad i samhandling.¹⁷¹ Grensene mellom dei ulike etniske gruppene i ICEL har ikkje sin grunn i det formelle lovverket til kyrkja. Konstitusjonen er bygd på demokratiske prinsipp med stemmerett til alle medlemene uavhengig av etnisk bakgrunn. Det er likevel rett å hevde at der er usynlege grenser som held dei frå kvarandre. Dette kjem ikkje minst til syne ved at både quechua – og aymarafolket har fått *ein underordna posisjon* i forhold til mestisane på ulike område innanfor ICEL sitt arbeid.¹⁷² Eg har vist at ICEL er prega av maktasymmetri, og at det er mestisar som sit i alle posisjonane i kyrkja der viktige avgjerder vert vedtekne. Derfor tek eg til orde for at når det er slik at det som i utgangspunktet er demokratisk ikkje fungerer etter si hensikt, så bør ICEL vurdere å gjere noko med denne situasjonen.

At ICEL lærer at alle skal verte møtte med respekt uavhengig av etnisk bakgrunn kjem fram i samtalaner. Det er likevel tydeleg at ICEL møter vanskar når dei ulike etniske gruppene er samla – på CLET, generalforsamlingar, distriktssamlingar, kvinnesamlingar og andre

¹⁷¹ Jf. Kirkerådet for Den norske kyrkja sin definisjon av omgrepet etnisitet og T. H. Eriksen sin definisjon i kap.3.1.

¹⁷² Jf. R.V.Fernandez sin omtale av etnisitet i kap.3.2.

fellesarrangement. Det motsette av inkludering er altså *marginalisering, sosial utstøyting* og *ulikskap i moglegheiter*. Eg finn grunn til å hevde at maktfordelinga i ICEL, dei mange forteljingane frå CLET og frå ulike typar fellessamlingar på tvers av dei ulike etniske gruppene, gir grunnlag for å seie at quechua – og aymarafolket ikkje vert inkludert på ein likeverdig måte.

Derimot finn eg ikkje grunnlag for å hevde at dei institusjonelle diakonale prioriteringane som ICEL har er uttrykk for ei nedprioritering i forhold til quechua- og aymarafolket i og med at skulen Jesus Maestro i så sterk grad møter migrasjonen frå landsbygdene. Det er likevel slik at fleire av dei som bur ute på landsbygdene har ei oppleving av at ICEL nedprioriterer den diakonal satsinga der dei bur.

Dei mange forteljingane som er gjengjeve som fortel om ulike former for trakassering av quechua- og aymarafolket er truleg berre ein bit av eit større bilete. Dei viser at etnisk diskriminering er nærverande også innanfor dei fellesskapa som ICEL utgjer. Det dreiar seg om handlingar som kanskje ikkje har til hensikt, men som har den verknad¹⁷³ at personar frå quechua- og aymarakulturen opplever å bli dårlegare behandla enn dei som tilhøyrer mestiskulturen. Det kjem også til syne på ein meir indirekte måte ved at dei vert utestengde frå tillitsverv i kyrkja.

I denne oppgåva har eg presentert to hypotesar for arbeidet eg skulle utføre. Dei lydde slik:

1. ICEL speglar det bolivianske samfunnet, og har vanskar med å inkludere quechua og aymarafolket på ein likeverdig måte.
2. ICEL er seg medvite at faren er stor for at etnisk diskriminering førekjem, men har ein uklar beredskap for å møte den.

Med bakgrunn i innhenta informasjon ser eg ikkje grunn til å modifisere dei. Derimot meiner eg at det er grunnlag for å seie at materialet eg har presentert i oppgåva, styrkjer desse hypotesane.

¹⁷³ Jf. kap.3.1.3.

7 Konklusjon

Eg har i denne oppgåva fokusert på dei etniske utfordringane i ei lita luthersk kyrkje i Bolivia. Å vere eit åndeleg fellesskap på tvers av dei etniske skilja er ikkje lett. Til tross for dei mange positive forsøka på å få dette til å fungere godt, så viser det seg at dei etniske minoritetane i kyrkja ikkje vert inkludert på ein likeverdig måte. I tillegg er der også fleire eksempel på diskriminering. Dette er mange av medlemane i ICEL seg medvite. Og kyrkja manglar ein tydeleg beredskap for å møte denne utfordringa.

Når ulikskap mellom menneske som lever tett på kvarandre i eit fellesskap er stort, er tydeleg og god kommunikasjon viktig.¹⁷⁴ Å identifisere felles interesser, og vise vilje til å lære noko om den andre si kontekst er viktige føresetnader for at eit slikt fellesskap ikkje skal rakne. Det dreiar seg også om å finne fellesnemnarar som gjer det mogleg å ha eit meningsfullt samkvem (note 38). Og det er viktig at kommunikasjonen er gjensidig. Den som inviterer til fellesskap på tvers av ulike kulturar bør legg til rette for samtale og samhandling som i størst muleg grad sikrar gjensidige forhold (note 153). I særleg grad kviler det derfor eit stort ansvar på styret for ICEL å leggje til rette for at slik kommunikasjon finn stad.

Misjonsdokumentet til LWF nyttar orda omskaping, forsoning og myndiggjering som nøkkelord i misjonsperspektivet. Omskapinga er ikkje berre knytt til den enkelte sitt møte med den treeinige Gud, men utgjer ein vedvarande prosess i vandrainga saman med Kristus. Som Kristi medvandrarar vil kampen mot ekskludering og urett ha ein naturleg plass. Det handlar også om å søkje forsoning med menneske som har blitt krenka. Og den Heilage Ande gir styrke til å motstå misbruk av makt (note 62-66). Dette er relevant for ICEL slik det er for alle kristne fellesskap. I innleiinga til oppgåva mi seier eg at det ofte er stor avstand mellom ideelle mål og erfart røyndom, og at det i alle relasjonar mellom menneske ligg innebygd ein risiko for spenning, usemje og konflikt. Slik er også kvardagen i mange kristne fellesskap. Det betyr likevel ikkje at vi som kristne skal slå oss til ro med å stadfeste at ingenting nyttar. Bibelen vitnar om mange og sterke oppgjer mellom menneske, oppgjer som innebar kursendringar. Det var det som skjedde i Jerusalem den dagen læresveinane møtte klage frå dei gresktalande jødane fordi enkjene deira ikkje fekk rettferdig behandling i den daglege utdelinga av mat. Enkjene som tala hebraisk fekk prioritet. Sju menn vart utvalde til å sørgje for att utdelinga av mat vart gjort på rettferdig vis. Det nyttar å bry seg. Kanskje var dette ei

¹⁷⁴ Jf. kap.3.1.4.

medverkande årsak til at Guds ord hadde framgang og at talet på kristne auka sterkt i Jerusalem.¹⁷⁵

Oppgåva mi viser også at ICEL har hatt konfliktar der forsoning ikkje har funne stad. Menneske har opplevd seg krenka og har trekt seg unna kyrkja. Å rette opp att øydelagde relasjonar slik at faktisk forsoning kan finne stad er krevjande prosessar. Erkjenning av uretten frå den mektige part og uttrykt anger er grunnleggande for å kome vidare i prosessen (note 61). Nokre av desse forholda er det framleis høve til å gjere noko med, andre truleg ikkje. Det fordrar først og fremst at leiinga i ICEL har vilje til å gå inn i dei prosessane som må til for at reell forsoning skal finne stad.

Missiologi og ekklesiologi har eit innbyrdes forhold til kvarandre. Dei har det same utgangspunkt, med den treeinige Gud i misjonsoppdrag for alle menneske. Dei snakkar om den same realitet – at kyrkja er kalla til å delta fullt og heilt i Guds misjon (note 42). Eg har i oppgåva vist at ICEL sin ekklesiologi er bygd på tanken om likeverd. ICEL lærer at respekt for ulikskap er ein viktig del av det å vere eit kristent fellesskap. I Kristus er dei alle søsken uavhengig av etnisk bakgrunn. Dei er alle eitt i Kristus.

Dersom ICEL framleis ønskjer å ha ein strategi som i særleg grad er oppteken av å nå quechua- og aymarafolket med evangeliet så bør kyrkja gi dette eit fornya fokus. Missiologi dreiar seg i høgste grad også om kva metodar ein ønskjer å nytte for å nå viktige mål. Strategiar løyser ikkje alt, men endringsprosessar er nødvendige for at ICEL skal ta vare på quechua- og aymarafolket på ein likeverdig måte. Medlemstalet stig ikkje. Nokre nye kjem til. Statistikken fortel at mange av dei er under 18 år. Men det viser seg også at nokre går til andre evangeliske kyrkjer, eller går bort frå fellesskapet med forsamlinga dei eingong tilhørde. Migrasjonen er også eit problem for ICEL i og med at mange medlemmar ikkje held fram med å gå i forsamlingane som ICEL har i byane. Og pastorar og leiarar i ICEL møter kritikk. Biletet er samansett slik mange bilete ofte er. Overskrifta til dei mange utfordringane er derfor slett ikkje dekt berre med ordet etnisitet.

Maktasymmetrien er stor innanfor ICEL. Makta er i stor grad sentralisert og knyta til få personar. Og dei er mestisar. Medlemane frå quechua- og aymarakulturen har gradvis mista innflytelse i ICEL. Ei kulminering i denne prosessen kjem til syne ved at quechua- og aymarafolket ikkje lenger har nokon representant i styret for ICEL. Dette meiner eg er svært uheldig for ICEL. Fleire av informantane gir også uttrykk for det. Rettferd i ein

¹⁷⁵ Jf. Apgj. 6.1-7.

vedtaksprosess skjer berre ved å lytte til og ta omsyn til minoritetane sine stemmer (note 29). Statuttane til ICEL burde derfor seie noko om kyrkja si fleirkulturelle samansetjing og om likeverdet mellom dei ulike etniske gruppene. I oppgåva tek eg også til orde for at statuttane til ICEL må opne for ei eller anna form for gruppespesifikke rettar (note 29-30) for quechua- og aymarafolket som gjer at dei vert representerte i leiinga for ICEL. Det er nødvendig for å synleggjere at ICEL ønskjer å inkludere alle etniske grupper på ein likeverdig måte. Dette ville også gi ICEL ein betre beredskap i møte med etnisk diskriminering. I oppgåva hevdar eg at denne type beredskap i dag er uklar i ICEL. Nokre av informantane sa at ICEL ein dag kan oppleve ei splitting. Det kan hende dei har rett, men det kan også hende at dei tek feil. Mykje er avhengig av kva val ICEL tek for å styrke dei fleirkulturelle relasjonane i kyrkja si.

Eg har i oppgåva trekt fram urkyrkja si satsing på diakonal verksemd som hadde utjamning av sosiale forhold som intensjon (note 47-48). Diakonien ga nytt håp til dei svakaste. Jesus sjølv viste veg i måten han møtte menneske på. Han identifiserte seg med menneske som var i naud, og løftar dette så høgt at han set det fram som eit kjenneteikn for det kristne fellesskapet (note 53). Evangeliet om Guds rike ga menneske ein forsmak på det som skulle kome. Det er eit kall til alle kristne, til den kristne forsamlinga og til alle samanslutningar av kristne forsamlingar å verte forma etter biletet av Kristus. Besøka eg hadde på Jesus Maestro både i 2005 og sommaren 2009 har gjort meg audmjuk i forhold til kva ICEL har makta, og viljen dei har vist i forhold til å vere med på å løfte opp dei som har det dårlegaste utgangspunktet for å få seg ei grunnutdanning. Det er eit stort prosjekt for ei lita luthersk kyrkje. Eg har i oppgåva mi vist at skulen i seg sjølv ikkje er uttrykk for ei nedprioritering av quechua- og aymarafolket. Samtidig er det tydeleg at få av medlemmane i ICEL har eit eigarskap til denne viktige institusjonen. I særleg grad gjeld dette medlemmane frå landsbygdene. Derfor vonar eg at ICEL vil makte å gjere denne skulen til ein institusjon som knyter forsamlingane sterkare saman. Det er samtidig slik at i alle høve delar av forsamlingane på landsbygdene føler seg svikta og nedprioriterte med tanke på diakonale tiltak. Ikkje minst gjeld dette Bilbao provins.

Evo Morales arbeider aktivt for at urfolket, med quechua- og aymarafolket i spissen, skal få langt sterkare innflytelse og styrka identitet ved å gi dei politiske verv. Sjølv om han i dag har sterk støtte frå urfolket, så skal han ikkje gjere så mange feilskjer før dei vender seg mot han. Den politiske situasjonen kan fort endre seg. Morales er avhengig av at positive ord og visjonar vert sette ut i livet. Uavhengig av den politiske kvardag i Bolivia ville det vere bra om ICEL sette dei etniske utfordringane som kyrkja har på dagsorden.

Å bli inkludert handlar om å bli lukka inn i eit fellesskap. Det dreiar seg om å bli sett og verdsett. Det er å møte aksept for å få vere den ein er uavhengig av etnisk bakgrunn (note 37). Det må vere ei viktig målsetjing for ICEL at quechua og aymarafolket skal oppleve seg inkluderte som likeverdige medlemar i kyrkja. Og dette må verte synleggjort i konkrete handlingar. Å finne den rette balansen mellom forkynninga av budskapen om frelse for kvar den som trur på Kristus, og kyrkja sitt engasjement i kampen mot urett er ikkje enkelt. Det er likevel slik at dersom evangeliet skal opplevast truverdig må kyrkja til ei kvar tid evaluere samspelet mellom lære og liv. Eg vil avslutte denne oppgåva med stemma til ein av dei quechuatalande informantane som sa det slik:

Det aller viktigaste er at vi tek del alle – både kvinner, menn og dei unge. Det er noko vi må stå saman om. Det er viktig å forkynne Jesu frelse og samtidig leve som kristne. Ja, kanskje er det siste det viktigaste. Dersom livet vårt ikkje talar sant så vert forsamlingsarbeidet ein fiasko.(L8)

Litteraturliste

Berntsen, Jan-Martin, Engelsviken, Tormod. og Jørgensen, Knut: *Missiologi i dag*. Universitetsforlaget, Oslo 2004.

Brodd, Sven-Erik: *Diakonin genom kyrkans historia. Fem eckesiologiska modeller*. Uppsala 1997.

Dahl, Per Arne: *Velsignet er de enkle ting*. Oslo 2008.

Einarsen, Ståle og Pedersen, Harald.: *Håndtering av konflikter og trakasering i arbeidslivet*. Gyldendal Norske Forlag AS, Oslo 2007.

Elstad, Gunnar: *Følelser og fellesskap*. Oslo 1990.

Eriksen, Thomas Hylland og Sørheim, Torunn Arntsen: *Kulturforskjeller i praksis. Perspektiver på det flerkulturelle Norge*. 4. utg. 1 oppl. Gyldendal Norske Forlag AS, Oslo 2006.

Foss, Øyvind: *Kirkens diakoni*. Aarhus universitetsforlag, Aarhus 1992.

Haugen, Hans Morten: *Makt, rett og livsvilkår. Innføring i internasjonale og globale studier*. Fagbokforlaget, Bergen 2008.

Hedegård, David og Saarisalo, Aapeli: *Bibelsk oppslagsbok*, Lunde forlag, Oslo 1978.

Hegstad, Harald: *Kirke i forandring*. Luther Forlag, Oslo 1999.

Hegstad, Harald: "Feltarbeid som teologisk metode", *Ung teologi* 30 1997, 77-87.

Hofstede, Geert: *Kulturer og organisasjoner*. Bedriftsøkonomenes forlag, Oslo 1993

Hånes, Helge: *NLM i Bolivia 1978-1987. Historisk tilbakeblikk*. NLM-arkiv, Bolivia 1988.

Kloster, Berit Helgøy: *“The national leader structure in Bolivia and the consideration of this relation to the education of church leaders in the protestant mission in general and Lutheran mission in particular”*. Hovudfagoppgåve, Bolivia 1985.

Kymlicka, Will: *Mångakulturellt medborgarskap*. Bokförlaget Nya Doxa, Falun 1998

NLM: Referat frå Misjonærkonferansen, Bolivia 2009

Nordstokke, Kjell: *Det dyrebare mennesket*, Verbum, Oslo 2002.

Ohma, Kurt Arild: *Her er ikke jøder eller greker, quechua, aymara eller mestis*. Masteroppgåve i Teologi og Misjon, Fjellhaug, Oslo 2008.

Perspectiva Evangelica, april 2009. Kyrkjebladet til ICEL, Bolivia.

Plan for diakoni i Den norske kyrkja, Oslo 2008.

Redse, Arne: *Mennesket i Guds verden*. Fagbokforlaget Bergen 1999.

Repstad, Pål: *Mellom nærhet og distanse*. 4.rev.utg. Universitetsforlaget, Oslo 2004.

Skjevesland, Olav: *Huset av Levende Steiner*. Verbum, Oslo 1993.

Tjørhom, Ola: *Kirken – troens mor*. Verbum, Oslo 1999.

Van Gelder, Craig: *Confident Witness – Changing World. Rediscovering the Gospel in North America*. William Eerdmans Publishing Company: Grand Rapids, 1999.

Bibelen. Det Norske Bibelselskap. 2utg, 5oppl. Oslo 1991.

Tidsskrift og artiklar

Innsyn nr.1, 2009: Tidsskrift for misjonsstrategisk informasjon og debatt, Fjellhaug skoler, Oslo

Vårt Land, 07.01.09:12

Titlar og adresser til artiklar henta frå Internett:

Alvó, Xavier CIPCA, 2005: Ciudadanía étnico-cultural en Bolivia

http://www.iisec.ucb.edu.bo/projects/Pieb/archivos/Albo-ciudadania_etnico_cultural.pdf

utskriftsdato 19.03.09

Cajias, Magdalena, Bolivia 2007

<http://groups.yahoo.com/group/aymaralist/message/4850?l=1>

utskriftsdato 05.03.09

Den norske kyrkja, 2004: KR 40/04: Diakonal tjeneste i Den norske kirke

<http://www.kirken.no/?event=DoLink&NodeID=22387> *utskriftsdato 05.04.09*

Fernández, Rodrigo Valenzuela; Santiago de Chile, mars 2004

<http://www.eclac.org/publicaciones/xml/9/14479/LCL2089P.pdf>

Fjærtøft, J. B. O. *Gode kulturmøter: Refleksjoner fra en ikke-norsk psykolog*. Tidsskrift for Norsk Psykologforening, 1336-1341

http://www.psykologtidsskriftet.no/index.php?seks_id=7111&a=Kapittel

Jørgensen, Knud: "Trenger kirken omvendelse? På vei mot en misjonar kirketenkning."

<http://www.kirken.no/?event=doLink&famID=8780> *utskriftsdato: 18.05.09*

Kirkerådet, 2006: Innvandring og integrering – Den norske kirkes rolle i et flerkulturelt samfunn. <http://www.kirken.no/?event=downloadFile&FileID=10009>

utskriftsdato: 26.04.09

Latin- amerikagruppene, Bergen 2008: Bolivia i endring

<http://www.latin-amerikagruppene.no/noop/file.php?id=9895> *utskriftsdato 19.03.09*

Laugerud, Tore: "Fremtidens kirke er misjonar – kan vi lære noe av kirkene i sør?"

<http://www.kirken.no/?event=doLink&famID=8780>

La Gaceta: (Argentinsk avis)

http://www.lagaceta.com.ar/nota/343183/mundo/Morales_arranca_punta_carrera_presidencial_Bolivia.html *Utskriftsdato 09.09.09*

Los Tiempos: (Avis for Cochabamba by, Bolivia)

<http://www.lostiempos.com/> 02.03.09

Lovdata: Lov om forbud mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion mv. (diskrimineringsloven) <http://www.lovdata.no/all/tl-20050603-033-0.html#4>
utskriftsdato 12.08.09

McNeish, John-Andrew: *Stones on the Road: The Politics of Participation and the Generation of Crisis in Bolivia* Bulletin of Latin American Research, Vol. 25, No. 2, pp. 220–240, 2006 <http://www.cmi.no/publications/file/?2719=stones-on-the-road>

Sander, Kjell: *Dybdeintervju*
www.kunnskapssenteret.com/articles/2565/1/Dybdeintervju---enkelt-intervju/Dybdeintervju---enkelt-intervju.html, artikkel, utskriftsdato 25.03.09

Statistisk Sentralbyrå <http://www.ssb.no/innvandring/> utskriftsdato 02.03.09

Stortingsmelding 49, 2004

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/aid/dok/regpubl/stmeld/2003-2004/Stmeld-nr-49-2003-2004-.html?id=405180> utskriftsdato 10.03.09

Stensrud, A. B. (2001): ”*Regionaletnografisk essay: Latin Amerika*”, ANDES
<http://folk.uio.no/afcahuan/forum/astrid.html> 14.03.09

Winkler y, D. R. og Cueto, S.: *Etnicidad, Raza, Género y Educación en América Latina* FN, Santiago de Chile, 2004. <http://www.lpp-uerj.net/olped/documentos/ppcor/0308.pdf>

Bello, Álvaro : *Etnicidad y ciudadanía en América Latina. La acción colectiva de los pueblos indígenas*. FN, Santiago de Chile 2004

http://www.eclac.cl/publicaciones/xml/6/20606/Libro79_lcg2230.pdf

Wikipedia: <http://no.wikipedia.org/wiki/Missiologi> 20.04.09

Appendiks 1: Medlemsskap i ICEL 2008

Omsett til norsk 13.08.09

Medlemsforsamlingar	Type forsamling	Oppstart av arbeid	Medlemar over 18 år	Medlemar under 18 år	Totalt ant. aktive medl.	Passive medl.	Inntekter kollektar
DISTRITO CBBA.					193		
Complejo Fabril	Organizada	1979	32	24	56	22	18993,80
Sinai	Organizada	1991	16	18	34	15	
Jesus Maestro-Tiquipaya	Organizada	2002	26	55	81	2	13483,42
Jesús la Roca-Angostura	Organizada	1996	10	12	22	6	488,00
DISTRITO CHUQUISACA					228		
Kerigma-Av.Las Americas	Organizada	1984	49	50	99	2	22344,70
Solo por Fe - CLET	Organizada	2002	37	25	62	7	8000,00
Astillero	No Organizada	1994	8	5	13	6	
Bethel - Tihumayu	No Organizada	1993	6	2	8	18	
Alcala	No Organizada	2008	11	12	23	6	
Belen - Padilla	No Organizada	1998	14	9	23	17	2000,00
DISTRITO POTOSI					113		
Vida Nueva	Organizada	1980	18	11	29	13	12285,00
Paz en la Tormenta	Organizada	2000	27	13	40	42	6257,00
Chocanchota	No Organizada	1996	7	4	11	3	1000,00
Manantial Vida-Parantaca	Organizada	1990	18	15	33	2	600,00
DISTRITO TINGPAYA					228		
Vila Pampa	Organizada		26	3	29	4	200,00
Olivos - Campucu	Organizada	1996	13	3	16	17	300,00
Alfa y Omega - Ulka	Organizada		15	12	27	8	348,80
Tambo Nuevo	Organizada		10	9	19	4	326,00
El Sembrador - Kerhuani	Organizada		10	4	14	8	201,80
Buen Samaritano-Tojra	Organizada		12	12	24	8	0,00
Mosoj Kawsay-Tingpaya	Organizada	1983	13	16	29	2	600,00
Buenas Nuevas-Chila	Organizada	1998	15	6	21	14	464,00
Anthura	Organizada		10	2	12	0	100,00
Getsemani - Turakari	Organizada		30	7	37	8	600,00
DISTRITO ACACIO					88		
Mosoj Kawsay - Acacio	Organizada	1980	13	8	21	2	400,00
Churitaca	Organizada	1986	10	9	19	15	200,00
Arca de Noe - Yanayo	No Organizada		5	3	8	3	200,00
Taconi Caine	No Organizada	1988	8	6	14	2	
Cristo Viene-Qowaraca	No Organizada	1995	0	0	0	0	
Tuquisa	No Organizada		3	6	9	7	
Piriquina	No Organizada	1985	4	1	5	0	
Cuevapata	No Organizada		2	4	6	5	0,00
Chacatiani	No Organizada		6	0	6	2	
OBRA MISIONERA							
Torre Fuerte - Sta.Cruz	Organizada	2001	28	16	44	6	86000,00
TOTAL	34		512	382	894	276	175392,52
Tot. Act+Pasiv						1170	

Appendiks 2:

OPPRETTINGA AV EI NASJONAL INDIANARKYRKJE I ECUADOR

Iglesia Luterana Indigena de Ecuador vart godkjent som nasjonal kyrkja med eigne statutter i mai 1992. Frå årsrapportar ser eg at ynsket om å skille indianarkyrkja frå Federacion de Iglesias Evangelicas Luteranas dukka opp iallefall i 1988. Då ber leiarane misjonen om hjelp til å utarbeide statutter.

I årsrapporten for 1987 går det også fram at indianarkyrkjene i Cañar provins jobber med å få avklart spørsmål rundt strukturen i kyrkja: Forholdet mellom Sentralkyrkja og lokalmenighetene, sakramentforvaltning, dåp, ledertrening og tjenestefunksjoner etc.

Indianarkyrkjene har heile tida fungert som sjølvstendige lokalkyrkjer for indianarbefolkninga. I den grad det har eksistert lutherske spansktalande i desse områda, har dei danna eigne grupper og forsamlingar . I praksis jobba dei altså med struktur- spørsmål uavhengig av den spansktalande kyrkja. Heilt frå starten har den lutherske indianarkyrkja samla indianarar på grunn av kulturelle og språklege forskjellar, og rett og slett også på grunn av geografi. Det bur berre ei lita gruppe spansktalande lutheranarar i dette området.

I 1987 er deler av Bibelen under oversetting til Cañar-kichwa. Markusevangeliet og Johannes-evangeliet eksisterer og skal til trykking i 1988. ”Vi ser det av stor verdi å få større deler av Bibelen på Cañar-indianernes eget språk.” står det i rapporten.

Samtidig blir det påpeika sosio-kulturelle forhold med fattigdom og analfabetisme. Dei lutherske indianarane lever også under press frå to kanter: den katolske kyrkja som ikkje aksepterer dei evangeliske og baptistane: ”Baptistene i Cañar viser ikke vilje til å la lutheranarene være i fred. Evangeliets frie løp betyr for dem at det ikke er begrensinger for hvem de forkynner for. Så hvis det er luthersk vekkelse et sted, så kommer de.” (Quichua-arbeidet i Cañar, 1989)

I referatet frå same misjonærkonferanse står det som vedtak til Sak 9 ” Innstilling om kirkestruktur”: *MK gir sin tilslutning til at man forsøker å organisere dagens lutherske menigheter i tre kirker, en spansktalende, en quichuatalende og en bestående av de internasjonale menigheter i Ecuador. (For: 9 Mot: 2 Avholdende:13).*

Handlingsplan for juli 1990- juli 1992 seier mellom anna dette: ” En vil arbeide videre med egne statutter for en luthersk indianerkirke. Samtidig vil misjonen oppfordre lederne til å innføre nattverd og mer selvstendighet i lokalmenighetene.

Misjonen vil samarbeide med styret for indianer-assosiasjonen evn indianerkirken, om en økonomisk støtteordning etter et nærmere utarbeidet budsjett.

Misjonen vil arbeide frem mot økonomisk selvstendighet for quichua-kirken.”

Det er spesielt interessant å registrere at det på denne tida er starta opp ein evangelisk indianar-assosiasjon AIEC i Cañar, med sterkt innslag av leiarar frå den lutherske kyrkja. (Dette innslaget er berre blitt forsterka med åra, i den grad at den lutherske indianarkyrkja i Cañar for omlag 5 år sidan på sett og vis vart ”fusjonert” med AIEC) Opprettinga av AIEC var, ifølge leiarane, nødvendig for å forsvare dei evangeliske indianarane mot press frå andre indianarorganisasjonar og leiarar i bygdene. AIEC var altså første evangeliske organisasjonen, ein assosiasjon tilknytta ein nasjonalt organisasjon for evangeliske indianarar, FEINE. Og

denne organisasjonen var eit svar på andre, meir politisk funderte indianarorganisasjonar som utifrå ein annan ideologi arbeidde for å organisere bygdene og stå på for rettigheter i møte med storsamfunnet. Også i dag anklagar leiarane i desse organisasjonane dei evangeliske for å ikkje vera solidariske med sitt eige folk og splitte bygder gjennom sin lojalitet til den evangeliske kyrkja. IELIE, Igelsia Evangelica Luterana Indigena de Ecuador er slik sett også ei frukt av ei oppvakning i indianarbefolkninga med den følge at mange indianarorganisasjonar vaks fram akkurat på denne tida. FEINE er framleis ein politisk aktiv evangelisk organisasjon som har innflytelse på landsplan.

I ein rapport frå 1990 står følgende:

”Det siste året har det vært en rekke møter mellom kirke- og AIEC-ledere og misjonen, som oftest representert ved lokalmisjonærene. AIEC har fått en sterk leder i Luis Pichizaca, som er bevisst på å bygge opp AIEC som interkonfesjonell sosial organisasjon. AIEC administrerer colegio-stipend med støtte fra MLSN og har overtatt ansvaret for ALFALIT (alfabetiseringsprogram). I Samarbeid med prosjektet for landbygduitvikling i Chuichun administrerer de et studiebibliotek. AIEC har gått inn i et nært samarbeid med Compacion om et studiesenter i Canjar. Fra MLSNs side ønsker en å samarbeide med AIEC og tilbyr opplæring i administrasjon og forvaltning samtidig som man kan gi økonomisk støtte. AIEC lønner to evangelister i halv stilling, med 50% støtte fra misjonen. Som en følge av at AIEC har definert seg så sterkt som en ekumenisk assosiasjon, har organiseringen av en egen quichuakirke begynt å ta form. Det er nå valgt et kirkestyre for alle menighetene, og enkelte av lokalmenighetene har begynt med egen sakramentforvaltning. Ved hjelp av kirkeboken som nå er ferdig har man begynt å lære de lokale kirkelederne å føre medlemsregister. Det er et viktig rådgivingsarbeid som nå ligger foran misjonærene i forbindelse med kirkeorganisasjonen. En må finne nye samarbeidsformer mellom kirken og misjonen, og tilsvarende når det gjelder AIEC.”

Frå ein rapport frå 1991 saksar eg: *” De etniske problemene vi står overfor er store og kompliserte. Vi kan ikke gi noen utfyllende beskrivelse av dem her, men summerer meget kort opp hovedmomentene:*

De tysktalende medlemmene i immigrant-kirkene i Guayaquil og Quito er hovedsaklig passive kirkemedlemmer. De fleste har ikke stort syn for misjonsarbeid i den forstand MLSN driver. I kirken søker de først og fremst å få dekket sine sosiale og kulturelle behov. Vi er skeptiske til disse kirkenes teologiske og åndelige innflytelse i en nasjonal kirke og tror det er best for alle parter at de ikke inkluderes i en nasjonal spansktalende kirke. (Det er forøvrig lite trolig de vil gi slipp på sin frihet og risikere å måtte innrette seg etter et spansktalende flertall i en stor kirke).

Forholdet mellom quichua og spansktalende menigheter er likevel det som byr på størst problemer. Erfaringen viser at de flere hundre år gamle motsetningene og forskjellene ikke slettes ut i og med en kristen omvendelse. De quichuatalendes underlegenhetsfølelse og de spansktalnedes overlegenhetsfølelse sitter dypt i begge folke-gruppene. Vi tror at en felles kirke for begge språkgruppene vil medføre følgende problemer:

- *kirken blir organisert og styrt av de spansktalende på deres premisser.*
- *Quichua-folket vil ikke identifisere seg med kirken eller oppleve den som sin egen. Dette vil hindre en naturlig veskt i quichua-kirkene. Sannsynlig er detvel også at man på litt sikt vil oppleve en opprivende strid og senere splittelse mellom de to språkgruppene.*

Vi fremmer følgelig forslag om etablering av tre selvstendige kirker: en tysk-talende, en spansk-talende og en quichua-talende. (Den tysktalende er selvsagt alt etablert og organisert).

For å markere enheten mellom de selvstendige lutherske kirkene foreslår vi at FIEL fortsetter som før (føderasjon), med tre store medlemskirker bak seg. FIEL vil kunne iverksette diverse fellestiltak, være et inspirasjons og forbrødringsorgan og representere kirkene overfor andre enheter der det måtte være ønskelig.”

På slutten av 80-talet er også CLET s quichua-avdeling utskilt som ei eiga grein av kursverksemda. Det vart satsa på rekruttering og opplæring av eigne quichua-lærarar i CLET-systemet på midten av 90-talet. I tillegg deltok indianarar også på fellesopplæring på CLET-seminar (6-vekerskurs) saman med spansktalande leiarar.

Same rapporten ((1990) refererer igjen til motsetingar i forholdet til spanskspråklege lutheranere lokalt i Cañar: ”Sentralkirken i Cañar brukes både av de quichuatalende og av den nye spanskmenigheten. Det skal nå forhandles om en bruksplan i samarbeid emd FIEL, som står som eier av kirketomta. I denne saken tilspisses forholdet mellom de to språkgruppene. Men ikke desto mindre er det en utfordring å komme fram til en avtale som begge parter er tjent med.”

Vel, denne prosessen førte altså fram mot ei deling i 2 nasjonale kyrkjer. Det eksisterer også ei internasjonal grein, som er sjølvstendig, men som er medlem i FIEL. FIEL starta også på ei omorganisering frå føderasjon til nasjoanl spansktalande kyrkje, med statuttendringar, navneendring etc. Men dette arbeidet førte ikkje fram, i staden har enkelte menigheter etterkvart utvikla seg i kongregasjonalistisk retning. Men det er ei anna historie. Eg kommenterer likevel at FIEL i dag har problem med å ”betjene” eigne medlemskyrkjer og at indianarmenigheter som på papiret var medlemmer i FIEL i fleire år, nok opplevde at avstanden var veldig stor. Det er kanskje derfor logisk at desse prøvde organisere seg i eit tettare samarbeid utifrå eigen identitet.

Pr. i dag fungerer altså FIEL og IELIE som to sjølvstendige kyrjer. Bibelinstituttet/bibelskolen som vi har starta opp dei siste åra har som mål å utvikle eit ledertreningsprogram for dei spesielle behova i indianarkyrkja. For, sjølv om indianargruppene blir stadig meir mestiserte, eksisterer det forskjellar som krev eit anna program og ein anna startegi i indianarkyrkjene.

Cuenca, Ecuador 23.mars 2007

Åse Røsvik
Direktør MLSN

Appendiks 3:

Intervjuguide

1. Kva erfaringar har ICEL med å inkludere quechua – og aymarafolket?

- a. *På kva måte prøver ICEL å ta vare på det multietniske fellesskapet?*
- b. *Kva legg du i uttrykket bror/søster (hermano/ hermana)?*
- c. *Kven har ansvar for at quechua og aymarafolket skal kjenne seg trygge i ICEL?*
- d. *Er der mykje misstillit innanfor ICEL?*
- e. *Kva trur du er grunnen til at det dei siste åra har minka med studentar frå landsbygdene på bibelskulen CLET ?*
- f. *Kva betyr ordet "dignificar" (å gi verdi til nokon) for deg?*

2 Kva bevisstheit og beredskap har ICEL i forhold til etnisk diskriminering?

- g. *Trur du at nokon i ICEL har opplevd å kjenne seg diskriminert på grunn av etnisk bakgrunn?*
- h. *Kva type strategi/ målsetjing har ICEL i dag for å unngå at nokon av medlemmane i ICEL kjenner seg diskriminert?*
- i. *Kva bør ein gjere for å skape meir bevisstheit og kunnskap om det etniske mangfaldet i ICEL?*
- j. *Representerer Jesus Maestro ei nedprioritering av quechua- og aymaraområda med tanke på diakonale institusjonar?*
- k. *Kvifor forlate såpass mange medlemmar ICEL?*
- l. *Korleis kan ICEL vere med på å fullføre misjonsbodet?*

Appendiks 4:

Presentasjon av informantane:

1. Informant nr.1 er kvinne. Ho er 44 år, bur i Cochabamba og reknar seg som mestis. Ho flytta til byen då ho var sju år, men beherskar framleis quechua. Ho er tilsett i ICEL.
2. Informant nr.2 er mann. Han er 43 år, bur i Cochabamba og er mestis. Han er tilsett i ICEL.
3. Informant nr.3 er mann. Han er 42 år, bur i Cochabamba og er mestis. Han er tilsett i ICEL.
4. Informant nr.4 er kvinne. Ho er 37 år, har budd det siste året i Cochabamba. Ho er frå frå Acacio og er quechua, men beherskar tilfredstillande spansk. Ho er ikkje tilsett i ICEL.
5. Informant nr.5 er kvinne. Ho er 48 år, bur i Cochabamba og reknar seg som mestis. Ho beherskar også quechua. Ho er tilsett i ICEL.
6. Informant nr.6 er mann. Han er 54 år og bur i Cochabamba, men er frå La Paz og tilhøyrrer aymarakulturen. Han beherskar delvis spansk. Han er tilsett i ICEL.
7. Informant nr.7 er kvinne. Ho er 42 år bur i Cochabamba. Ho er mestis. Ho er tilsett i ICEL.
8. Informant nr.8 er mann. Han er 54 år og bur i Acacio. Han er quechua, men beherskar tilfredstillande spansk. Han er ikkje tilsett i ICEL.
9. Informant nr.9 er mann. Han er 32 år, bur i Cochabamba og er mestis. Han er ikkje tilsett i ICEL.
10. Informant nr. 10 er mann. Han er 42 år og bur i Cochabamba. Han er frå Acacio og identifiserar seg med quechuakulturen. Han er tilsett i ICEL.
11. Informant nr. 11 er kvinne. Ho er 37 år og bur i Cochabamba. Ho er frå Acacio og identifiserar seg med quechuakulturen. Ho er ikkje tilsett i ICEL.
12. Informant nr.12 er mann. Han er 60 år og bur i Cochabamba. Han kjem frå La Paz fylke og tilhøyrrer aymarakulturen. Han beherskar tilfredstillande spansk. Han er ikkje tilsett i ICEL.